

# **Nettsosialisering, hørsel og tilhørsel**

Om unge døve sin bruk av internett

Ivar Sognnæs Eimhjellen



Masteroppgåve i Sosiologi

Sosiologisk institutt

Universitetet i Bergen

2007

## Føreord

Takk til rettleiar Mette Andersson for viktige og konstruktive tilbakemeldingar og til Jan-Kåre Breivik for innspel. Takk til Ragnar Eimhjellen for språkleg hjelp. Takk til informantane mine for at dei ville stille opp til intervju og takk til alle andre som har vore til hjelp for meg i dette prosjektet.

# INNHOLD

## Del I: TEMA OG PROBLEMSTILLING

### Kapittel 1: Problemstilling

Introduksjon.....	5
1.1. Eit lite historisk blikk på døvheit.....	5
1.2. Internett.....	5
1.3. Problemstilling.....	7
1.4. Oppbygging av oppgåva.....	7

### Kapittel 2: Kontekstualisering av problemstillinga

Innleiing: Internett, samfunn og individ.....	9
2.1. Ungdom i dag.....	9
2.2. Døve og døvheit.....	10
2.3. Døve som minoritet.....	12
2.4. Unge døve.....	12
Oppsummering .....	13

## Del II: TEORETISK OG METODISK RAMMEVERK

Innleiing.....	14
----------------	----

### Kapittel 3: Døvheit og identitet i dag

Innleiing.....	16
3.1. Identitetsforming i moderne samfunn .....	16
3.2. Den sosiale konstruksjonen av avvik; døvheit som kultur eller biologi? .....	19
3.3. Utrydding av Døvheit? .....	20
3.4. Språklege grenser.....	21
3.5. Gruppeidentitet, ungdom og døve i dag .....	23
3.6. Døve, identitet og translokalitet .....	23

### Kapittel 4: Internett, samfunn og døv identitet

Innleiing.....	26
4.1. Korleis forsker på internett? .....	26
4.2. Internett og personlege nettverk.....	27
4.3. Internett og identitet.....	29
4.4. Visuell kommunikasjon på tvers av tid og rom.....	30
Oppsummering.....	31

### Kapittel 5: Metode og etikk

Innleiing: Kvifor kvalitativ metode? .....	32
5.1. Kvalitativt intervju.....	33
5.2. Kvifor nytte I.M-Intervju? .....	33
5.3. Om å intervju gjennom msn.....	34
5.4. Korleis eg fann fram til informantane mine.....	36
5.5. Gjennomføringa av intervjua.....	37
5.6. Praktisk analytisk framgangsmåte.....	40
5.7. Om truverdet til undersøkinga.....	42
5.8. Etiske perspektiv i forsking kring unge døve.....	43
5.9. Etikk i internettforskning.....	45

## **Del III: ANALYSE**

Innleing.....	48
---------------	----

### **Kapittel 6: Primærtolking av datamaterialet**

6.1. Kommunikasjon og fellesskap mellom døve.....	50
6.2. Forhold mellom døve og høyrande.....	51
6.3. Kor viktig er internett for unge døve?.....	52
6.4. Translokalitet, transnasjonalitet og internett.....	53
6.5. Nærleik til høyrande gjennom internett.....	55
Oppsummering.....	56

### **Kapittel 7: Teiknspråket og døvelesskapet; knutepunkt og barriere**

Innleing.....	58
7.1. Sosial døvheit.....	58
7.2. "vi har samme språk og forstår hverandre".....	59
7.3. Minoritet? "ikke alltid, men noen ganger".....	61
7.4. Meir fridom i identitetskonstruksjon? .....	65
7.5. Døv som eit aktivt val? .....	66
7.6. Språklege hinder.....	67
7.7. Indre spenningar i eit lite miljø.....	68
7.8. Ulike identitetsposisjonar for unge døve.....	70

### **Kapittel 8: Døve og internett**

Innleing.....	73
8.1. Ulike typer kommunikasjonsmedier.....	73
8.2. Døve sine sosiale nettverk; eit individuelt prosjekt? .....	76
8.3. Intimitet i sosiale nettrelasjonar? .....	78
8.4. Å kome ut som døv.....	80
8.5. Å kome ut i verda.....	82
8.6. Kor synleg er døvheita på nett?.....	85
8.7. Døv uansett, også på nett? .....	87
8.8. Internettverksbasert fellesskap og frigjering.....	88
Oppsummering og sluttcommentar.....	91

Litteraturliste.....	95
----------------------	----

<b>Figur 1:</b> Faktorar i identitetskonstruksjon .....	71
---	----

<b>Figur 2:</b> Internettverksbasert fellesskap og frigjering.....	90
--	----

### **Vedlegg**

A: Intervjuguide.....	101
B: Informasjonsbrev.....	104
C: Samtykkeskjema.....	105

”The closer one is to the phenomenon, the more likely one is to see internal differences” (Duster 1993: 238).

## **Del I: TEMA OG PROBLEMSTILLING**

### **Kapittel 1**

#### **Introduksjon**

Dette masterprosjektet er ein sosiologisk analyse av internettkommunikasjon som ein del av unge menneske sine liv. Meir avgrensa handlar det om kva rolle internettkommunikasjon spelar i livet til døve og tunghørte ungdomar i Noreg. I kva grad nyttar dei internett og kva nytte kan dei ha av denne kommunikasjonsforma? Kva funksjonar kan kommunikasjonsforma fylle for dei og kva meininger legg dei i den? Fokus i oppgåva er todelt. Det er retta mot gruppa unge døve og tunghørte, og mot internett som kommunikasjonsform. Oppgåva omhandlar tema som går innom fleire forskingsområde og ligg i skjeringspunktet mellom ungdomssosiologi, internettforsking, døveforsking og minoritetstematikk.

#### **1.1. Eit lite historisk blikk på døvheit**

Opp igjennom historia har synet på døve endra seg markant. I oldtida vart døve sett på som åndssvake, mens ein utover på 1500-talet meinte at døve kunne bli undervist og at dei kunne både lese og skrive. Den første foreininga for døve i Noreg; De døvstummes foreining i Kristiania, vart etablert i 1878 og Norges Døveforbund vart grunnlagt i 1918 (Olsholt og Falkenberg: 1988). Kunnskapen kring døvheit har gjennom førre hundreåret gått frå eit utanifrå-, medisinsk- perspektiv til å få preg av eit meir indre og kulturelt perspektiv på det å vere døv. Kunnskapen og forskinga har og gått frå å vere avgrensa til legar, spesialistar, pedagogar og lærarar til å inkludere meir samfunnsvitskapleg orienterte fagpersonar. Etterkvart har det og utvikla seg eit eige kulturelt fellesskap kring døvheit. Teiknspråket, som er mykje av grunnlaget for dette, er vorte etablert som eige sjølvstendig språk. På 1970-talet vart fokuset retta endå meir mot dei sosiale og kulturelle sidene ved døvheit i staden for eit einsidig medisinsk fokus. Forskinga har og kobla døvheit opp mot teoriar og omgrep som døvekultur, subkultur, minoritet, teknologi og translokalitet (Olsholt og Falkenberg 1988).

#### **1.2. Internett**

Gjennom dei siste 15 åra har internett og kommunikasjon gjennom internett vorte svært viktig for mange menneske. Studiar viser og at internett spelar ei stadig viktigare sosial rolle for

unge menneske (McMillian og Morrison 2006). I Noreg er bruk av Instant Messaging<sup>1</sup> og særleg programmet msn-messenger svært utbreidd og til stor hjelp for å halde kontakt med venner og kjende. Dette gjeld spesielt blant unge. 94% av dei mellom 15 og 25 år som har nett-tilgang nyttar msn-messenger (Ensby og Sørum 2007)<sup>2</sup> og programmet har i Noreg over 600.000 aktive brukarar kvar månad (Microsoft 2007).<sup>3</sup> Internett er her, til liks med andre kommunikasjonsteknologiar, med på å oppheve geografiske avstandar i sosiale relasjonar, og studiar viser at dei som er på internett har større sosialt nettverk enn dei som ikkje er på nett (Boase, Horrigan, Wellman, Rainie 2006). Internettbruk ser og ut til å ta meir over for tidsbruk på tv, blant unge (Ensby og Sørum 2007).

Det synest klart at internettkommunikasjon blir meir og meir utbreidd og stadig viktigare for menneske i Noreg og verda elles. I tidlegare forsking kring dette har det ofte vore fokus på internett som ein arena skild frå kvardagsliv og verda elles, og med negativ innverknad på det sosiale liv. Ein av dei største studiane kring internettbruk (Kraut, Patterson, Lundmark, Kiesler, Mukhopadhyay, Scherlis 1998) konkluderte med at internett hadde einsidig negative effektar på menneske sitt sosiale liv og forfattarane hevda at internett kunne vere den ultimate isolerande teknologi som minimerer deltaking i samfunnet. Denne typen studiar fokuserer ikkje på korleis internettkommunikasjon kan oppretthalde eksisterande sosiale nettverk eller skape nye sosiale band. I ein oppfølgingsstudie i 2002 (Kraut, Kiesler, Bonka, Cummings 2002) endra biletet seg, og dei fann at dei negative effektane av internettbruk forsvann over tid og effektane gjekk meir i positiv retning. Forfattarane peika og særleg på at internett var svært nyttig for menneske med lite sosial støtte til å finne nye venner og skape nye sosiale band (Keith N. Hampton i Castells 2004). Nokre hevdar og at internett er særleg viktig for menneske med ”uvanlege” identitetar (DiMaggio 2001).

Det er gjort mange statistiske undersøkingar kring internett som kommunikasjonsmiddel, mens det finst mindre kunnskap om kva meininger og tankar menneske gjer seg kring denne kommunikasjonsforma og kva innverknad og funksjon den har for menneske i deira kvardagsliv, både identitetsmessig og sosialt. Eg vil her sjå i kva grad internettkommunikasjon er ein integrert og naturleg del av unge døve menneske sine liv. Bakgrunnen for å studere dette er den massive utbreiinga av fenomenet og ei interesse for å

---

<sup>1</sup> Lynmeldingsprogram der ein sender tekstmeldingar i ein synkron tekstsamtale på internett

<sup>2</sup> <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostlandssendingen/1.1598732>. 16.04.07

<sup>3</sup> <http://www.microsoft.com/norge/news/view.aspx?id=2570>. 16.02.07

finne ut kva plass internett har i unge menneske sine liv. Vidare har eg ynskt å studere ei mindre gruppe av unge menneske; døve og tunghørte, der internettkommunikasjon ser ut til å ha ein særskild funksjon og betydning. Det knyter seg og særskilde tema, problem og problemstillingar til internettkommunikasjon i forhold til denne gruppa.

### **1.3. Problemstilling**

Den overordna problemstillinga i dette prosjektet er: Kva subjektive oppfatningar har døve ungdomar av internettkommunikasjon og kva rolle spelar dette for deira eigen identitet og sosiale nettverk? I tillegg vil eg prøve å få svar på korleis døve ungdomar opplever kvardagen sin med tanke på eigen identitet og kva fellesskapen mellom døve ungdomar er bygd på i Noreg i dag.

Gjennom dette prosjektet skal eg så prøve å finne svar på desse spørsmåla. Resultata vil forhåpentlegvis kunne tilføre ny kunnskap på desse områda. Sidan internettforsking er eit relativt nytt felt, og sidan eg kombinerer det med å studere ei særskild gruppe som døv ungdom, så er det fleire viktige aspekt kring metode og etikk som må drøftast. Denne oppgåva kan sjåast på som eit bidrag i utprøvinga og utviklinga av samfunnsvitskapleg metode for forsking på internett, samtidig som det dukkar opp viktige etiske aspekt som må drøftast. Gjennom dette prosjektet vil eg òg vere med på å framheve ungdomskategorien som eit eige felt for undersøking. Ved å prøve å få svar på problemstillinga, vil prosjektet kunne tilføre kunnskap om korleis ungdom og spesielt korleis døv og tunghørt ungdom nyttar internett og korleis dette verkar inn på deira sosiale identitet og deira sosiale nettverk.

### **1.4. Oppbygging av oppgåva**

I Kapittel 1 har eg gjeve ei kort innleiing til temaet for oppgåva og problemstillinga. I kapittel 2 vil eg kontekstualisere problemstillinga gjennom ei vidare utgreiing om dei ulike undertema i prosjektet. Dette inneber ei kort drøfting av forholdet mellom individ, internett, samfunn og moderne ungdomstid. Vidare tar eg føre meg døvhets generelt og særskilde tema kring unge døve og internett. Eg vil her gå inn på ulike definisjonar av og perspektiv på kva døvhets er. I Kapittel 3 vil eg greie ut og drøfte det teoretiske grunnlaget for prosjektet og samtidig presentere tidlegare empiriske funn som blir nytta i den empiriske analysen. Fyrst vil eg gå inn på det ontologiske grunnlaget i dette prosjektet. Deretter kjem ei drøfting av identitet i det moderne samfunn med utgangspunkt i mellom anna Anthony Giddens og Pierre Bourdieu sine perspektiv. Dette blir etterfølgjt av ei drøfting av identitet i forhold til unge døve

menneske. Korleis ein bør forstå døvheit i dag; som ei funksjonshemming eller som ein minoritetskategori? Harlan Lane sitt perspektiv i forhold til dette blir i særleg grad drøfta her. Vidare i kapittel 4 går eg over til å diskutere teori, omgrep og tidlegare forsking kring internett og forholdet mellom internett og sosiale nettverk, identitet og det romlege. Kapittel 5 inneholder ei utgreiing og drøfting av metoden som er nytta for innsamling av det empiriske materialet. Det vil særleg bli lagt vekt på drøfting av intervjuforma som er nytta og erfaringar med denne. Vidare vil eg ta opp etiske problemstillingar knytt til metoden, men òg etikk knytt til forsking generelt og kring døve og ungdom. Kapittel 6 er eit introduksjonskapittel til analysen av det empiriske materialet. Her vil eg gjere ei primærtolking og presentere hovudinntrykket frå intervjuaterialet. Kapittel 7 er ei vidare drøfting og ei sekundærtolking av materialet i forhold til identitet og fellesskap mellom døv ungdom i dag. Resultat frå analysen blir her presentert og drøfta opp mot relevant teori og eksisterande forsking på feltet. I det siste analysekapittelet, kapittel 8 skal eg ta føre meg korleis mitt empiriske materiale stiller seg i forhold til tidlegare teori, forsking og omgrep kring internett, døvheit, identitet og sosiale nettverk. Kva rolle har internett for døve ungdomar i forhold til desse tema, kva seier tidlegare forsking og kva fortel mitt empiriske materiale?

## **Kapittel 2**

### **Kontekstualisering av problemstillinga**

#### **Innleiing: Internett, samfunn og individ**

Den tidlege forskinga kring internett har ofte fokusert på korleis nettet fungerer som ei verd i seg sjølv, avgrensa frå ”den verkelege verda”. Sidan ny teknologi ikkje blir innført i eit vakuum så blir dette gjerne eit einsidig fokus. Det er heller slik at ny teknologi blir tilpassa eksisterande sosiale system (Torgersen 2004: 12). Det som ofte manglar i forskinga i dag er studiar av faktisk sosial internettbruk slik den går føre seg i konteksten av kvardagsleg aktivitet. Vi treng vite meir om korleis internett blir nytta over heile spekteret av sosiale interaksjonar (Burnet og Marshall 2003). I forskinga har det og vore ein tendens til å enten fokusere på dei nye mogelegheitene eller dei nye farene som er knytt til den nye teknologien. I følgje Sonia Livingstone er offentlege bekymringar for barn og ungdom sin bruk av internett både utgangspunkt og eit hinder for mykje av forskinga på dette feltet (Livingstone 2003). For dei som er fødde på 1980-, og 1990-talet så er ikkje internett noko nytt, og dei fleste har kjennskap til teknologien og mogelegheitene. Fleire meiner at internett vil gje unge menneske større tilgang til informasjon, institusjonar og menneske på tvers av landegrenser, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, sosial posisjon og utsjånad. Internett vil kunne auke ungdom sine mogelegheiter for deltaking på nye arenaer og etablering av relasjonar med andre som er like i verdiar og interesser, på trass av hinder skapt av geografisk avstand, alder, sosial posisjon, kultur og språk (Larson, Wilson og Mortimer 2002).

#### **2.1. Ungdom i dag**

Ungdomstida er ein viktig periode i livet der menneske lærer å bli medlemmer i samfunnet. Det er ein fase for prøving og feiling og for innlæring av kunnskap og kompetanse på mange ulike område. I denne perioden er ein ikkje lenger barn, men ein er heller ikkje voksen. Ungdomstida er i dag mykje lenger enn før og varer mykje lenger. På denne måten er perioden vorte strekt i begge endar, og den sosiale puberteten som ein kulturell fase har ”krøpet nedover i alder” (Frønes 1998: 213-214). Moderne massemedia og populærkultur og ei generell kulturell differensiering og individualisering har hatt stor innverknad på dette og har viska ut dei klare grensene mellom barndom og ungdom som ein kunne sjå før. Ved 15 års alderen set ungdomstida for alvor inn og varer fram til 19-20 års alderen (Frønes 1998: 220). Ein kan og diskutere om ikkje ungdomstida sluttar endå seinare, men eg skal her hovudsakleg

fokusere på den tidlige sosiale pubertet og ungdomstida som følgjer etter, fram til om lag 20 år. Dette fordi det er ein svært viktig fase i utviklinga av sjølvet og identiteten.

Den moderne tenåringstida blir gjerne sett på som ein individualiseringsfase (Frønes 1998: 127) og ein intens identitetskappingsprosess. Ein utviklar ny uavhengigheit frå den nære familien, samtidig som venner, jamalderstøtte, fellesskap og sosialisering blir viktigare (Haualand et.al. 2003: 51-67). Fleksibilitet blir gjerne sett på som eit kjennemerke for moderne identitetskonstruksjon, der eigne interesser og identitet er base i livsprosjektet (Baumann 1996). ”Det moderne mennesket må skape seg selv der det tradisjonelle mennesket kunne lene seg mot tradisjonene” (Frønes 1998: 127). Utfordringa for individ er å velje identitetar, eller å konstruere sin eigen identitet ut av massen av tilgjengeleg materiale (Berger og Luckmann 2000: 171). På ei anna side vil det endå vere nokre strukturerande dimensjonar som har betydning for korleis menneske tolkar sin eigen og andre sin identitet (Prieur 2002). Det vil framleis vere avgrensingar på fridomen i identitetskonstruksjonen ut frå visse kjenneteikn ved menneske, og denne avgrensinga kan vere ulik for ulike grupper av menneske. Det er også viktig å merke seg at kategorien ungdom ikkje er ei homogen gruppe, men består av mange ulike typar og handlingsmønster.

## **2.2. Døve og døvheit**

I dette prosjektet har eksakte definisjonar av kva døvheit er og kven dei døve er mindre å seie. Det som har vore føremålet er å kunne seie noko om unge menneske som i større eller mindre grad identifiserer seg som døve, som har eit tap av hørsel og som har eit aktivt forhold til teiknspråk. Døvheit er eit komplekst fenomen med mange dimensjonar, og det finst fleire ulike definisjonar og forståingar av kva det er. Talet på døve og tunghørte i Noreg vil variere alt etter kva definisjonar ein nyttar. I eit *medisinsk perspektiv* er døvheit eit fysisk fenomen som blir diagnostisert og målt etter grad av hørselstap. Ved eit hørselstap på mellom 30 og 90 dB blir ein rekna som tunghørt og med eit hørselstap på over 90 dB blir ein rekna som døv. Dette gjev ein medisinsk definisjon på kva døvheit er og ein ser det som ei funksjonshemmning og som noko som må rettast på. Individ blir her plassert og kategorisert på eit kontinuum frå å vere sterkt tunghørt/døv til å vere tunghørt/hørselshemma til å vere høyrande og ”normal”. Med utgangspunkt i denne definisjonen er det ca 4000 medisinsk døve i Noreg og 400.000 tunghørte der 170.000 av desse nyttar høyreapparat. Dette perspektivet og måten å tenke kring døvheit legg lite vekt på teiknspråket og kulturelle aspekt knytt til døvheit. Mange døve vil hevde at dette perspektivet uttrykker ein audisme som undertrykker døvekultur og teiknspråk,

og går imot tanken om eksistens av eit døvelfellesskap med positive kjenneteikn (Breivik 2006: 81).

Det har i seinare tid vore ein auke i litteratur kring døve som eit eige kulturelt fellesskap basert på ei felles kommunikasjonsform (Breivik 2006). I ei *kulturell forståing* av døvheit blir identifikasjon med døve og døvemiljøet veklagt over graden av hørselstap ein har. I tillegg vil mange avvise døvheit som eit tap eller ei funksjonshemmning (Ohna 2000, Breivik 2001). Ein vektlegg her felles språk, felles oppvekstvilkår og felles historie (Østberg 1998: 23). Eit av dei viktigaste aspekta i dette fellesskapet er teiknspråket. På bakgrunn av dette kan ein forstå døve som ein språkleg minoritet, ei eiga gruppe som skil seg frå majoriteten. Eit engelskspråkleg uttrykk for dette er distinksjonen mellom stor og liten d, der ein skil mellom "Deaf"- som medlemmer av døvekulturen, og "deaf" - som menneske med eit hørselstap men som ikkje ser seg sjølve som del av døvekulturen. Dette fungerer som ein sosial og kulturell markør som syner skilje mellom ei sosial/kulturell forståing av døvheit og ei medisinsk forståing (Østberg 1998: 22, Ohna 2000, Haualand et.al. 2003). Sidan dette ikkje er ein vanleg måte å skilje mellom døve på i Noreg og på norsk, vil eg avgrense bruken av denne distinksjonen til der det er vesentleg å få fram den kulturelle dimensjonen (Ohna 2000).<sup>4</sup> Eit tredje perspektiv på døvheit nyttar omgrepet *sosial døvheit*, og tar for seg mogelegheitene for kommunikasjon. Det er her snakk om korleis den døve kan fungere ulikt i ulike sosiale samanhengar. I nokre situasjonar kan den hørselshemma delta i samtalar, mens det i andre situasjonar kan vere umogeleg grunna støy eller mange menneske. Nokre medisinsk tunghørte kan vere sosialt døve i visse situasjonar og nokre medisinsk døve kan fungere som sosialt tunghørte. I dette perspektivet ser ein på ein person si mogelegheit til kommunikativ samhandling (Østberg 1998: 23). Det finst ikkje noko fast tal på sosialt døve i Noreg og talet vil vere ulikt alt etter kva definisjonar og kriterie ein nyttar på å vere døv og tunghørt. Om ein legg saman talet på medisinsk døve og talet på brukarar av høyreapparat, som kan seiast å vere sosialt døve i mange situasjonar, får vi 174.000 sosialt døve menneske i Noreg (Østberg 1998: 25). Sidan alle som er tunghørte i prinsippet kan trenge eller ha nytte av teiknspråk, så kan ein seie at 10-15 % av ein kvar populasjon potensielt kan vere del av ein døvekultur (Breivik 2006: 82). UNICEF opererer og med eit estimat som tilseier at rundt 10% av innbyggjarane i eit kvart land har eit hørselstap, og dette er basert på tal frå fleire land (Lytle,

<sup>4</sup> Fleire mogelege forklaringar på dette: a: På norsk nyttar ein ikkje stor forbokstav på nasjonale eller kulturelle grupper. b: Døve i Noreg er ei meir homogen gruppe enn andre stader. c: Termen representerer ei definering av ein person som ikkje nødvendigvis samsvarer med personen si sjølvforståing (Ohna 2000) d: todelinga blir nytta i mindre grad i dag grunna meir manfaldige og flytande identifikasjonsprosessar (Fjord 1996).

Johnson og Hui 2003). I ei undersøking av levekåra til døve og tunghørte ungdomar i Noreg i 2003 vart det estimert at det var om lag 130 – 160 sosialt døve mellom 16 og 20 år. Talet er basert på statistikk frå skulesystemet (Haualand et.al. 2003: 23). Estimatet verkar å vere lågt i forhold dei andre estimata og kan forklarast med at det gjerne er fleire eldre enn unge som er sosialt døve og at sjansen for å blir sosialt døv aukar med alderen.

### **2.3. Døve som minoritet**

Med bakgrunn i eit perspektiv som ser på ulike fortolkingsrammer, kunnskaps-, og verdisystem i ulike grupper kan vi setje døve inn i ein minoritetsdiskurs. Will Kymlica stiller spørsmålet om ikkje multikulturalisme er eit omgrep som kan nyttast på ikkje-etniske grupper. Han koblar her saman multikulturalisme og identitetspolitikk i eit etnopolitisk rammeverk. Han tar utgangspunkt i ein identitetspolitikk der ei rørsle av fleire tidlegare undertrykte grupper har søkt offentleg godtaking av deira distinkte identitetar og behov (Kymlica 1998: 90).

Gjennom eit felles språk opplever døve eit samhald med andre døve og dette fungerer ofte som ei kjelde til utvikling av distinkte sosiale nettverk mellom døve (Haualand et.al. 2003: 11). Om vi tenkjer døve som ein minoritet og i eit minoritetsperspektiv, så er det nokre kjenneteikn som gjer døve til ei spesiell minoritetsgruppe. I forhold til andre etniske minoritetsgrupper blir som regel ikkje døve barn fødde av døve, og mange er ofte ikkje døve frå fødselen heller. Dei familiene som døve blir fødde inn i har oftast lite eller ingen kunnskap om eller kjennskap til døvheit (Ohna 2000: 26). Dei blir fødde inn i ei livsverd som dei aldri heilt vil kunne ta del i og ein kan skildre det som å vere ”at home among strangers” (Schein 1989). Ei anna gruppe som deler mange av kjenneteikna som døve er homofile, og i forsking drar ein gjerne parallellar mellom desse to gruppene (Breivik 2006). Døve menneske bur gjerne spreidd, og det kulturelle fellesskapet er ikkje nødvendigvis bygd på geografisk avgrensa område. Fellesskapet mellom døve blir ofte bygd gjennom translokale og internasjonale arrangement, der døve frå mange ulike lokaler og land samlast rundt eit arrangement. For å byggje eller vedlikehalde døvetellesskapen og behalde kontinuiteten, som kan blir forstyrra av generasjonsgapet, er det ei stadig aukande deltaking blant døve over heile verda på transnasjonale døvetreff og døvestader og bruk av virtuelle samlingar og mogelegheiter for kommunikasjon gjennom internett (Breivik 2006).

## **2.4. Unge døve**

I tråd med dei endringane som har skjedd når det gjeld døve sin situasjon i samfunnet dei siste tiåra, så er det truleg store skilnader mellom livssituasjonen til døve for nokre få år sidan, og kva ein døv opplever i dag. Meir aksept og synlegheit av teiknspråk i det offentlege liv har redusert det tradisjonelle stigmaet kring døve. Dette har gjeve denne generasjonen ei anna oppleving av det å vekse opp som døv og tunghørt enn tidlegare generasjonar (Haualand et.al. 2003: 77). Samtidig som døve har vorte meir medvitne kring eigen identitet som Døv og det har vakse fram eit distinkt fellesskap kring døvhetså kan ein sjå teikn til at døve ikkje vil skilje seg frå høyrande, men heller påpeike likskapar med dei. Som Haualand et.al. påpeikar er det mogeleg at unge døve i dag er meir opne for å delta i fleire sfærar samtidig og kanskje til slutt går vekk frå dei ekstreme posisjonane i minoritets-majoritets diskursen (Haualand et.al. 2003).

Ungdomstida er, som eg allereie har vore inne på, ein viktig identitetsskapingsprosess. Denne prosessen kan vere ei ekstra utfordring for unge døve. Ungdomstida handlar ofte om å finne nokon ein kan kommunisere med og identifisere seg med, og døv ungdom finn som oftast ikkje desse i den nærmiljøet (Haualand et.al. 2003: 27). I tillegg til ein lang tradisjon for translokale og transnasjonale aktivitetar og døvetreff i døvemiljøet, er internett vorte ein svært viktig arena for fellesskap og kommunikasjon for mange unge døve. Dei knyter og opprettheld gjerne kontaktar med andre døve dei har møtt på ulike døvemannskap rundt om i Noreg og i verda elles. Dei kan finne kvarandre og "sine eigne" gjennom ulike snakkegrupper og nettsamfunn, og sosiale band mellom døve blir oppretta og eller forsterka gjennom kommunikasjon på internett. Som eg skal syne seinare, er internett generelt, prateprogram og nettsamfunn essensielt for mange døve ungdommar til å oppretthalde kontakt med og utvikle vennskap med andre døve i same situasjon. Dette gjeld både for døve i store byar og for døve som bur meir spreidd.

## **2.5. Oppsummering**

For unge døve eksisterer det fleire kompliserande faktorar når det gjeld identitet og fellesskap. Å vere ung i dag kan vere ei vanskeleg tid, og når ein er døv kan denne prosessen vere ekstra vanskeleg. Å finne likesinna og eit fellesskap der ein kjenner seg heime, kan vere ei utfordring. Samtidig må døve forholde seg til den høyrande verda og dei kommunikasjonsproblema som kan oppstå i møte med høyrande. Som dette prosjektet skal syne, så kan internett på ulike måtar vere eit verktøy til hjelp i desse prosessane.

## **Del II: TEORETISK OG METODISK RAMMEVERK**

### **Innleiing**

I denne delen skal eg presentere og drøfte omgrepa og dei teoretiske perspektiva som ligg bak prosjektet og den sosiologiske analysen. Fleire av omgrepa og teoriane som eg nyttar i dette prosjektet er på ulike abstraksjonsnivå. Dette vil av fleire kunne opplevast som eit problem, men eg ser det som ein ressurs å kunne knyte saman empiriske funn med ulike teoriar og omgrep. Sjølv om dei er på ulike nivå kan dei vere med på forklare aspekt ved den sosiale verda. For meg er ein god teori ein teori som kan fungere som reiskap til å forstå den sosiale røynda og eit perspektiv treng ikkje nødvendigvis utelate eit anna.

Den metodologiske og teoretiske forståinga i denne oppgåva har bakgrunn i fortolkande sosiologi eller konstruksjonisme, kanskje meir kjent som fenomenologi eller symbolsk interaksjonisme (Blaikie 2005). Her handlar det om å studere korleis menneske kommuniserer med kvarandre gjennom symbol, og korleis mening blir skapt og formidla. Ein viktig del av denne tradisjonen er å utforske kvardagslivet til særskilde grupper av individ eller miljø og daglegdagse forståingar av omverda (Blaikie 2005). I denne oppgåva har eg valt å studere ei gruppe unge døve menneske som nyttar internett, og eg har prøvt å fange inn deira forståingar og opplevingar av døvheit, identitet og internettkommunikasjon i kvardagen. Eg har prøvt å gripe korleis ei gruppe unge menneske forstår og opplever den sosiale verda og omgjevnadene sine. Det handlar her om å studere korleis menneske tillegg sosial mening knytt til sine handlingar i visse sosiale kontekstar. Ein vil prøve å forstå kulturelle aktørar sine meningar og praksis og korleis dei fungerer i kvardagslivet. Det særskilt fenomenologiske er at ein er opptatt av interaksjon og fortolking og prøver å få ei djupare forståing for det naturlege og for meningar i kvardagserfaringar (Merleau-Ponty 1964).

Forskningsperspektivet abduktiv teori er ei retning utvikla av Norman Blaikie som i stor grad byggjer på mykje av den tidlegare teoretiseringa innanfor symbolsk interaksjonisme og fenomenologi. Det illustrerer på mange måtar dei ontologiske og epistemologiske føresetnadene i dette prosjektet. I denne forma for samfunnsvitskapleg forsking handlar det om å utvikle den vitskaplege kunnskapen på bakgrunn av erfaringar og kunnskapar frå sosiale aktørar, og å utvikle teoretiske omgrep og kategoriar ut frå kunnskap, erfaringar og fortolkingar i kvardagen. I eit fortolkande perspektiv er ikkje statistiske mønster og

korrelasjonar nok for å forklare noko. Det som må til er å få tak i subjektive meininger og motiv som verkelege menneske har til sine handlingar, som igjen skaper dei sosiale mònstra. Desse subjektive meiningane er igjen intersubjektive, der medlemmar i ulike grupper deler felles kunnskap og fortolkingar. Her er det forskaren si oppgåve å abstrahere og å finne det typiske ved sosiale fenomen (Blaikie 2005: 114-117). Meir om det metodiske ved dette perspektivet skal eg kome tilbake til i neste kapittel.

I tillegg til å finne det typiske ved sosiale fenomen, så vil eg hevde at det er like viktig å kunne finne indre skilnader ved sosiale fenomen og i sosiale grupper. Eit mangfaldsperspektiv på samfunnet inngår derfor også i dette prosjektet. Denne måten å tenkje kring forsking på ulike samfunnsgrupper har bakgrunn i eit aukande mangfald av minoritetar i samfunnet i dag som både blir meir synlege og tar ein større del av den offentlege sfæren (Sicakkan og Lithman 2006). Ein prøver her å forstå samspelet mellom sentrum og yttergrensene til sosiale fenomen og å analysere grenser, mangfald og ulikskap innanfor det sosiale. Det viktige her er at ein ikkje essensialiserer kulturelle grupper ved å overestimere homogeniteten og oversjå indre skilnader og mangfald. I eit mangfaldig samfunn er den individuelle identiteten også mangfaldig og individet har fleire og ulike tilhøyrssleformer. Sosiologien kring mangfald handlar om å utforske og forklare rørsler mellom ulike identifikasjonsrammer i eit samfunn som består av eit mangfald av kryssande grupper, kategoriar og individ med mangfaldige og skiftande identitetar (Sicakkan og Lithman 2006).

Tilnærminga i dette prosjektet er òg til ein viss grad prega av standpunktteori, der ein studerer fenomen frå den ”svakaste” parten eller den ”undertrykte” sin ståstad. Ein ser her på konkrete levde erfaringar til personar som er i underordna posisjonar (Orbe 1998). I kor stor grad døve som gruppe er undertrykt finst det ulike synspunkt på.<sup>5</sup> Det er i alle fall rimeleg å hevde at døve er i mindretal og har fleire hinder og færre mogelegheiter i samfunnet enn høyrande, og dermed er i ein underordna posisjon. Noko av utgangspunktet for denne oppgåva er å sjå om internett har noko å bety i denne samanhengen.

---

<sup>5</sup> Frontrunners2 er ei gruppe Døve som er særskild opptatt av korleis Døve er undertrykt av samfunnet. <http://www.frontrunners2.dk/visualmedia/genocide.html>. 02.10.2006

## **Kapittel 3**

### **Identitet og døvheit i dag**

#### **Innleiing**

Fyrst i dette kapittelet skal eg gå inn på kva identitet er og drøfte identitetsforming i moderne samfunn med utgangspunkt i mellom andre Anthony Giddens og Pierre Bourdieu sine perspektiv. Dette skal vise ulike måtar ein kan sjå på forholdet mellom individ og samfunn og på graden av fridom i moderne identitetskonstruksjon. Eg vil òg kort gå inn på omgrepene sosial rolle. Neste del av kapittelet handlar om korleis avvik i samfunnet er sosialt konstruerte og korleis døvheit blir oppfatta i forhold til dette. Her skal eg drøfte forholdet mellom biologi og kultur når det gjeld døvheit og minoritetsomgrepene og funksjonshemming i forhold til døve. Eg vil òg sjå på korleis medisinske inngrep kan bli oppfatta i forhold til døvheit og kva rolle språk har for døve. I siste del av kapittelet skal eg kort diskutere fridom i identitetskonstruksjon i forhold til døv ungdom i dag. Vidare skal eg gå inn på korleis nye kommunikasjonsteknologiar og ei svekka betydning av geografiske avstandar i moderne samfunn har innverknad på identitet, fellesskap og døvheit.

#### **3.1. Identitetsforming i moderne samfunn**

Identitet handlar om kven ein er, om kategoriar og om individuelle og kollektive aspekt. Sjølv om omgrepene er omstridt og femner om meir enn akkurat det (Brubaker og Cooper 2000) kan eg av plassomsyn ikkje diskutere alle aspekta. I samfunnsvitskap og humaniora ser ein gjerne identitet som ein sosial konstruksjon. Dette inneber at menneske konstruerer sin identitet i interaksjon og kommunikasjon med andre menneske (Mead 1962) og at det er svært vanskeleg å ikkje forholde seg til andre sine fortolkingar av ein sjølv (Prieur 2002). Eit sosialkonstruktivistisk perspektiv på identitet skil seg frå ”en meget alminnelig forekommende oppfatning av identitet som en essens, eller en kjerne som kommer til uttrykk på forskjellige måter” (Prieur 2002: 4), noko ein finn att i visse deler av psykologien (Brubaker og Cooper 2000). Det som skil ulike retningar innanfor sosialkonstruktivismen ifrå kvarandre er ofte kva vekt ein legg på det samfunnsmessige og på det individuelle (Prieur 2002).

Anthony Giddens er ein av dei mest innflytelsesrike sosiologane når det gjeld teori kring modernitet og individualisering. I følgje Giddens lever vi i dag i eit seinmoderne samfunn

som er prega av individualisering og refleksivitet (Giddens 1991). I staden for at vår personlege og sosiale identitet er determinert av sosial posisjon i samfunnet, så er individet i dag meir aktiv i utviklinga og konstruksjonen av eigen identitet. Individet konstruerer i stor grad sin sjølvidentitet og blir meir sett fri med fleire valmogelegheiter, samtidig som desse vala blir viktigare og vanskelegare. Det har skjedd ei auka intensivering av sosial refleksivitet der individet stadig må forholde seg til ei mengd av informasjon og mogelegheiter som er knytt til eige kvardagsliv. Når menneske må skape mening ut av alt dette og gjere konstante val, så oppstår det nye former for sjølv-identifikasjon (Giddens 1991). Når diversiteten i sosiale forhold, kontekstar og interaksjonsstader aukar, som ved for eksempel internett, så blir identiteten i det seinmoderne samfunnet meir komplisert. For Giddens kan menneske i dag skifte mellom ulike subjektposisjonar alt etter kva kontekstar ein inngår i, samtidig erkjenner han at valmogelegheitene ikkje er like store for alle. Likevel legg han stor vekt på valfridom i identitetskonstruksjon og ein kan seie at for Giddens vil kroppen vere underlagd medvitet (Prieur 2002).

I tida etter at Giddens skreiv boka "Modernity and Self-identity" (1991) har det vore gjort mange empiriske studiar med utgangspunkt i hans teori og omgrep kring moderniteten og individet sin fridom i identitetskonstruksjonen. Resultat frå mange av desse studiane viser derimot at det endå er fleire aspekt ved identitet som er basert på meir eller mindre faste kjenneteikn, og at det finst grenser for kor langt individualiseringa og fridomen er komen i samfunnet (Krange og Øya 2005). Likevel er mykje av Giddens teoretiske rammeverk og mange av omgrepa hans kring modernitet og identitet nytta til å forklare sosiale fenomen i samfunnet i dag, om enn med nokre modifikasjonar.

Ein som i mindre grad har lagt vekt på endringar i dagens samfunn, men heller fokuserer på kontinuitet og korleis sosiale strukturar vedvarer, er sosiologen Pierre Bourdieu. Han gjev og samfunnsstrukturane meir innverknad på individ og på identitet enn Giddens. I staden for identitet nyttar Bourdieu heller omgrepet *habitus* og meiner at den sosiale konstruksjonen av individet i stor grad skjer på eit ubevisst nivå. Individet er sosialt konstruert heilt i det inste, og er i stor grad prega av samfunnsstrukturar og dominansforhold (Bourdieu og Wacquant 1995). For Bourdieu er likevel ikkje identitet eller habitusformene noko statisk. Habitusformene er i konstant endring, men desse endringane skjer alltid på bakgrunn av det eksisterande. Der Giddens vektlegg medvitet som styrande over kroppen, vil medvitet for Bourdieu vere underlagt kroppen (Prieur 2002).

Eit anna omgrep som vektlegg samfunnet sin innverknad på individet er *sosial rolle*. Det sosiale rolleomgrepet har bakgrunn i strukturalisme og funksjonalisme og skildrar dei sosialt betinga funksjonane og oppgåvene som knyter individ og samfunn saman (Hammerlin og Larsen 1997). ”Den enkelte er da et samfunnsmedlem som rollebærer” (Hammerlin og Larsen 1997: 163). Kritikken mot dette omgrepet er at det reduserer individet til å vere summen av rollene sine (Hammerlin og Larsen 1997). Det aktive, menneskelege og kreative fell her vekk. Ein kan og skilje mellom rolle og identitet ved å sjå roller som definert av normer frå institusjonar og organisasjonar i samfunnet, mens identitet meir er ei kjelde til meiningsfôr for aktørar og noko som aktøren er meir aktiv i utviklinga av. Identitetar kan og bli skapte av sosiale institusjonar i samfunnet, men blir ikkje personlege identitetar før sosiale aktørar internaliserer dei (Castells 1997). ”The contingent self” er og eit omgrep som kan skildre korleis ein må vise ulike sider ved seg sjølv og forholde seg til mange ulike situasjonar i kvardagen (Laclau 1990). Korleis ein identitet er, er avhengig av faktorar utanfor individet sin kontroll. Sjølvet og identitet vil ofte vere avgrensa til særskilde situasjonar og forhold. Endringar som skjer i sosiale samanhengar påverkar sjølvet, eller sjølvet reagerer aktivt i forhold til dei ytre sosiale omstenda (Laclau 1990). Dette omgrepet legg meir vekt på endringar og kreativitet ved individ sine handlings-, og interaksjonsmønster enn sosial rolle.

For å forstå kva som skjer i samfunnet i dag må vi forstå kvifor individet handlar som det gjer. Vi må forbi det som er forventa frå roller og prøve å gripe korleis individ arbeider med og konstruerer sin eigen identitet (Ve 2006: 14). Når menneske stadig skiftar referanse-, og relevanserammer, går inn og ut av ulike kontekstar og nyttar ulike rammer samtidig, må vi forstå identitetar som situasjonsbaserte (Breivik 2006). Når det gjeld døve, så vil døv identitet alltid vere ein pågåande prosess hevdar sosialantropologen og døveforskaren Jan-Kåre Breivik (Breivik 2006). Gjennom å følgje sine døve informantar i ulike situasjonar og ta del i deira forståingar seier han at ”it has gradually become clear to me that different aspects of self and identity actualize differently in different situations” (Breivik 2006: 102).

I dette prosjektet tar eg utgangspunkt i at vi som menneske kan identifisere oss og bli identifisert i forhold til fleire ulike eigenskapar, posisjonar, kategoriar og situasjonar, og at individet er aktivt i forma av eigen sjølvidentitet. Individ har val i identitetsformingen men er likevel ikkje dei einaste som kan skape eigne valsituasjonar der dei kan velje fritt (Sicakkan og Lithman 2006). Ein kan ikkje ignorere at det finst ytre strukturar som påverkar menneske og menneske sine handlingar.

### **3.2. Den sosiale konstruksjonen av avvik; døvheit som kultur eller biologi?**

Med bakgrunn i døve sin kamp for rettar og betra sosiale tilhøve har det skjedd ei gradvis endring i korleis døve, men og høyrande oppfattar og ser på døve menneske. Dette er ein prosess som også gjeld andre sosiale grupper, som for eksempel etniske grupper. I følgje Howard Becker er ikkje avvik, som for eksempel ei funksjonshemming, ein eigenskap ved mennesket, men noko som er samfunnsskapt. Avvik er situasjonsbestemt og kontekstavhengig og kan vere forskjellig frå stad til stad og i ulike tidsperiodar (Becker 1963). Sjølv om avviksstempelet er ein sosial konstruksjon, så har det verkelege konsekvensar gjennom at mellom andre døve blir behandla annleis. Dette kan igjen få ein effekt på korleis døve ser på seg sjølve. Samfunnet sitt syn på døve kan lett bli ein del av døve sin eigen identitet der ein internaliserer samfunnet sitt syn på eigen person og gjer det til ein del av si eiga sjølvoppfatning. Utifrå eit poststrukturalistisk perspektiv argumenterer psykologen og lingvisten Harlan Lane for korleis funksjonshemming, på same måte som etnisitet, er ein sosial konstruksjon og ikkje eit sosialt faktum, sjølv om ein eigenskap ved sosiale konstruksjonar er at dei framstår som sosiale fakta. For å underbygge dette viser han korleis ulike eigenskapar ved kroppen eller menneskeleg åtferd har blitt sett på og behandla ulikt opp igjennom tidene (Lane 2005). Lane si tenking kan her knytast opp mot Michel Foucault og korleis kunnskap og verdisynt er kontekst-, og historiespesifik<sup>6</sup>. Gjennom ”normaliseringsteknologiar” forhandlar samfunnet om kva som skal bli sett på som eit avvik eller ikkje (Focault 1980: 21). Som eksempel viser Lane korleis homoseksualitet har gått frå å vere moralsk feil, til kriminelt, til ein sjukdom som kan behandlast og til eit syn på homoseksuelle som ei minoritetsgruppe som søker civile rettar (Lane 2005). Slike prosessar følgjer ofte historiske endringar av teknologi, makt og kunnskap i samfunnet. Det handlar her oftast om korleis majoriteten i samfunnet ser på andre grupper og der majoriteten, i forhold til døve, har definert og behandla dei som funksjonshemma.

Harlan Lane uttrykkjer eit normativt argument for å sjå på døve som ein etnisk minoritet, og han meiner dette perspektivet vil vere best for døve menneske. Han hevdar at det mange ikkje greier å forstå er korleis fysisk framtreden, kultur og miljø er bunde saman og korleis konstruksjonen av døve som ei funksjonshemmingsgruppe har svært negative effektar for døve som individ og for heile Døvekulturen (Lane 2005). På same tid er døveorganisasjonar sitt samarbeid med organisasjonar for funksjonshemma til god nytte, men ofte omstridd. Døve

---

<sup>6</sup> Dette perspektivet inneber ei diskursteoretisk tilnærming, noko eg ikkje har i dette prosjektet.

og døveorganisasjonar opplever ofte eit dilemma og tvetydighet ved slikt samarbeid og opplever gjerne at merkelappen ”funksjonshemma” er eit stempel som mindreverdig og som minner om eit medisinsk-patologisk perspektiv, noko dei vil fjerne seg frå (Breivik 2006). Som argument for døve som etnisk minoritet peikar Lane på ulike karakteristikkar ved etniske grupper; kollektivt namn, fellesskapskjensle, åferdsnormer, verdiar, kunnskap, slektskap, skikk, sosial struktur, språk, kunstformer og historie, og han hevdar at dei alle passar til døve. Will Kymlica diskuterer og tendensen for ”ikkje-etniske” grupper til å definere seg sjølve innanfor eit multikulturalistisk perspektiv (Kymlicka 1998, Breivik 2006). Han meiner at når andre etniske grupper er legitime som separate grupper på grunn av eigne kulturelle praksisar og gruppeidentitetar og ikkje på grunn av biologi, rase og arv, så bør også døve bli godtatt som ei eiga etnisk gruppe (Breivik 2006). Dette kan ein gjerne knyte opp mot ein aukande diversitet i moderne samfunn (Sicaccan og Lithman 2006).

Dette temaet blir ofte drøfta ut ifrå ein amerikansk kontekst, og det er ikkje nødvendigvis slik at det mellom andre Lane argumenterer for også gjeld for Noreg. Sjølv om døverørsla i USA kanskje har ei meir markant og uttrykt minoritetsforståing, så vil òg mange i Noreg karakterisere døve som ein eigen etnisk eller språkleg minoritet (Breivik 2001, Haualand 2003). For Harlan Lane finst det ingen høgre autoritet på korleis ei gruppe skal bli sett på enn medlemmene av gruppa sjølv. Det blir her interessant å sjå korleis døve ungdomar ser på seg sjølve og på døve som gruppe, noko eg kjem til seinare.

### **3.3. Utrydding av Døvheit?**

Som eg har vore inne på, så blir døve sjeldan fødde inn i ein døv familie og primærssosialiseringa inn i døvekulturen vil for mange starte relativt seint. I følgje Mead utviklar vi ikkje oss som menneske viss vi ikkje interagerer og kommuniserer med andre menneske (Mead 1962) og for døve så er dette gjerne enklare med andre døve. Dette skjer først når døve barn kjem i kontakt med andre døve, og når ein eventuelt startar i døvebarnehage eller på døveskule og kjem inn i eit teiknspråkleg miljø. Medisinske inngrep kan ofte vere ei hindring for deltaking i eit teiknspråkleg miljø og eit døvefellesskap. Små barn må ofte gå igjennom medisinske inngrep for å få implantert CI sjølv om ein aldri kan vere sikker på i kor stor grad det vil hjelpe barnet til å fungere som høyrande.<sup>7</sup> I mange tilfelle vil barnet få ei betre oppleveling av det å høyre, men dette er ofte ikkje nok til å kunne fungere

<sup>7</sup> CI er ein medisinsk operasjon som gjev elektroniske impulsar til hjernen ved hjelp at eit implantat på innsida av hovudet og eit apparat (prosessor) på utsida: [www.deafnet.no](http://www.deafnet.no) (Henta 08.03.2007)

”normalt” utan teiknspråk. Om ein vel å la barnet få implantert C.I, er det lett å tru at behovet for teiknspråk fell vekk og ein unnlèt å la barnet lære teiknspråk. Teiknspråk kan i seinare tid vise seg å vere svært viktig for at barnet skal kunne fungere sosialt.

I eit medisinsk perspektiv er døvheit noko som må bøyst på og det er i stor grad legar som rår over avgjerdsprosessen kring C.I fordi foreldre til døve barn ofte legg mest vekt på kva dei seier (Lane 2005). I døvemiljøet blir slike medisinske inngrep gjerne sett på som at ein frårøvar barnet eit høve til å leve ut Døvheita si og leve eit fullverdig liv. Særleg gjeld dette om ein velgjer å ikkje la barnet lære teiknspråk. Samtidig ser mange det som unødvendig å utsette barnet for ein medisinsk risiko. Legestanden forsvarer gjerne slike inngrep med at ein ikkje frårøver barnet noko som helst, fordi døve barn fødde av høyrande foreldre ikkje tilhøyrer Døve-verda endå. I det medisinske perspektivet er ikkje døvheit eit kulturelt kjenneteikn og sidan døve barn ikkje endå er medlemmer av Døve-verda, så bør ikkje medisinske inngrep bli sett på som ei undergraving av Døve som gruppe. Derimot hevdar Harlan Lane, som har vore ein kontroversiell talsperson imot C.I, at ein er kulturelt døv frå ein er fødd, sjølv om ein ikkje er fødd av døve foreldre og inn i eit Døvefellesskap. Som eksempel viser Lane til korleis ein ”svart” unge adoptert av ”kvite” foreldre blir verande svart og ikkje kvit sjølv om ungen blir ”frårøva” mogelegheita til å lære språket og kulturen til si etniske gruppe naturleg. Ein er nemleg frå fødselen av pensa inn på eit spor som, avhengig av barnet sin fysikk og miljø normalt vil føre til at barnet meistrar eit særskild språk og ein særskild kultur naturleg. Når høyrande foreldre får eit døvt barn så er barnet framleis døv, sjølv om det blir sosialisert som høyrande. Dette kjem av at fysiske karakteristikkar ved individ og kultur ofte er samanblanda og påverkar kvarandre, som igjen fører til prinsippet om kulturell attribusjon; nyfødde har den kulturen som deira fysiske kjenneteikn normalt gjev dei (Lane 2005). Argumentasjonen til Lane viser til korleis den fysiske kroppen legg føringar på korleis menneske tar til seg, får tilskrive eller blir sosialisert inn i ein kultur i eit bestemt samfunn. Dette peikar igjen tilbake på korleis kjenneteikn ved individet kan avgrense fridomen i moderne identitetskonstruksjon (Prieur 2002).

### **3.4. Språklege grenser**

Gerard Chailand meiner at ein språkleg eller etnisk minoritet er definert, først og fremst av gruppemedvit, kollektive minne og kollektiv vilje til å overleve (Chailand 1989). Det handlar her om å setje opp grenser mellom dei som hører til og dei som ikkje hører til, og å styrke den kollektive identiteten i gruppa gjennom vektlegging av felles historie, språk og kulturell

praksis. Slike grenser er ein viktig del av ei minoritetsgruppe sin kamp for særeigne rettar og offentleg godkjenning. Gjennom å bli sett på som ei eiga minoritetsgruppe vil det ofte vere enklare å få gjennomslag for gruppa sine ynske og behov overfor resten av samfunnet. For sosiale grupper er slike grenser, både fysiske og kulturelle, med både ein inkluderings-, og ekskluderingsfunksjon (Barth 1969), viktige verktøy for identitetskonstruksjon og sjølv-identifikasjon på individnivå. Harlan Lane hevdar at dess meir døve hyller sitt eige språk og sin eigen kultur, dess meir befestar dei sin distinkte identitet og dette vil igjen føre til at grensene mellom den døve og den høyrande verda blir styrkja. Språket er den viktigaste ingrediensen i grensesetjingsarbeidet eller i oppretthaldinga av grensene mellom høyrande og døve. Kommunikasjon og språk er òg det viktigaste grunnlaget for diskrimineringa mot døve (Lane 2005). Som Fredrik Barth òg viser til, i tillegg til inkluderings-, og ekskluderingsfunksjonane, er det ei tredje form for grensearbeid der grupper eller individ samhandlar på tvers av kulturelle grenser. Dette er med på å forme dei to andre funksjonane av grenser (Barth 1969).

Språk og kommunikasjonsform viser seg å vere eit av dei viktigaste aspekta kring døvheit for mine informantar, men unge døve ser ut til å ha eit litt annleis forhold til grenser mellom døve og høyrande enn det som er vorte skildra i tidlegare forsking. Breivik diskuterer også dette og er ueinig med Kymlica. Han meiner Kymlica legg for mykje vekt på korleis døve isolerer seg og opplever Døve-verda som sjølvstendig og sjølvforsynt. Breivik er òg inne på korleis ein, særleg i USA, legg vekt på det biologiske ved døvheit i kampen for minoritetsrettar (Breivik 2006). Problemet med ei slik "essensialisering" er at mange Døve vil kunne falle utanfor denne definisjonen på kva det vil seie å vere Døv fordi den er så snever. Det er her at eit mangfoldsperspektiv kan hjelpe til med å oppdage diversitet i sosiale grupper. Problemet med eit perspektiv slik som ved Kymlicka og ved eit biologisk-deterministisk perspektiv, er at ein gjerne ikkje klarer å oppdage diversiteten i døvefellesskapet. Innad i døvekulturen ser ein gjerne døve-identiteten som ein kombinasjon av biologiske og kulturelle eigenskapar (Breivik 2006). Samtidig kan det òg skje ei polarisering mellom ulike perspektiv og identitetsbasar i døvekulturen, og mange døve kan oppleve å måtte skjule eventuelle blanda kjensler kring eigen identitet og tilhørsle overfor andre døve. Om ein ikkje har klare meininger kring temaet, eller ikkje har tatt eit standpunkt i identitetsspørsmålet kring biologi eller kultur, så kan døve ofte hamne i ein vanskeleg situasjon (Breivik 2006).

### **3.5. Gruppeidentitet, ungdom og døve i dag**

Internettforskaren James Slevin viser til Giddens som hevdar at individ i dag må ha eit meir aktivt forhold til eiga oppleving av kven ein er og kvar ein høyrer til, og til korleis ulike grupper menneske som kvinner, homofile, ungdom og ulike minoritetar lenge har kjempa for å gjere seg sjølv og sine standpunkt synlege i samfunnet (Slevin 2000: 25). Som vi har sett handlar det her om korleis ulike grupper vel å konstruere sin identitet og uttrykkje den for å bli godtatt som ei eiga gruppe. Identitet har her eit viktig politisk aspekt, og i døve sin kamp for betre rettar og vilkår i samfunnet har manifesteringa av Døvheit som ein eigen identitet, kollektivt og individuelt og døve som eit eige kulturelt fellesskap vore svært viktig. Manuel Castells kallar dette for å innta ein motstandsidentitet der ein konstruerer autonom meinings med materiale frå historisk erfaring for å stå imot sosial og kulturell dominans (Castells 1997). Dette omgrepet passar kanskje best til å skildre eldre døve, eller døv identitet slik den har vorte skildra fram til no, mens dagens unge døve ikkje i like stor grad treng å konstruere eller innta ein slik motstandsidentitet. Ei meir vanleg oppfatning blant unge døve i dag er at dei tar si kulturelle Døvheit for gitt (Breivik 2005). Dette fordi dei har oppnådd å bli meir godtekne i samfunnet og har fleire mogelegheiter og rettar enn før. Ungdomsfasen er og meir skild frå vaksenverda enn før (Weiner og Stilman 1979, Bjurstrøm 1980) og for ungdom generelt er omgang med jamaldrande vorte viktigare i identitetskonstruksjonen (Heggen et.al. 1993). Barn og ungdom sin sosialiseringssprosess er difor meir fristilt frå lokal kultur og tradisjon enn den var før. Som Prieur peikar på så ville nok Bourdieu her likevel framheva sosial reproduksjon og tradisjonar heller enn kulturell frisetjing, og han ville ha peika på korleis samfunnsstrukturar vedvarer (Prieur 2002). Døv ungdom er kanskje meir fri til å utforske andre sider ved seg sjølv enn før, og identifiseringane er truleg meir individualistiske. Samtidig skal ein ikkje undergrave den kulturelle Døvheita som del av unge døve sin identitet. Dette skal eg drøfte vidare i analysekapittelet.

### **3.6. Døve, identitet og translokalitet**

Eit aspekt ved det moderne eller seinmoderne samfunnet er at det skjer ei intensivering av distansert handling og interaksjon gjennom den nye teknologien. For mange menneske er handling og meinings med handlingane mindre knytt til tid og rom og det lokale enn det var før. Dette gjeld mogelegvis døve menneske i større grad og i følgje Breivik overgår døv identitetsformasjon territoriell stadsbestemhet (Breivik 2006). Det globale og det lokale går i følgje Giddens inn i eit dialektisk forhold med kvarandre, og gjer at det stadlege ikkje lenger betyr så mykje for å forstå handling som før (Giddens 1991). Ungdomsforskaren Thomas

Ziehe kallar denne prosessen for ei kulturell frisetjing som fører med seg nye mogelegheiter og meir utryggleik (Ziehe 1983).

Det som for Manuel Castells framstår som kjenneteikn på det moderne samfunnet er ei verd dominert av ein nettverksstruktur der heile samfunnet blir endra gjennom nye kommunikasjonsformer. "Community" og fellesskap basert på personlege nettverk er ikkje lenger geografisk plasserte. *Nettverksbasert individualisme* er eit omgrep Castells nyttar for å skildre det sosiale mønsteret der individ byggjer sine sosiale nettverk både på og utanfor internett på bakgrunn av interesser, verdiar, slektskap og prosjekt (Castells 2004). Det kan vere at Castells legg for mykje vekt på at samfunnet som eit heile blir endra, heller enn at det kan vere nokre grupper eller nokre sektorar i samfunnet som særskilt blir endra. Eit eksempel kan vere korleis internett har gjort det enklare for islamske diasporaer i vestlege land å halde kontakt, oppretthalde og styrke ein felles gruppeidentitet på tvers av geografiske avstandar (Mandaville 2003). På same måte kan internett hjelpe døv ungdom til å byggje eit sosialt nettverk av likesinna døve som er geografisk spreidde. Som nokre av informantane i dette prosjektet påpeikar, så kjenner dei fleste unge døve i Noreg kvarandre. Dette har med at talet på unge døve i Noreg ikkje er så stort. Dei translokale banda og det sosiale nettverket mellom døve blir oppretta og oppretthalde ved møte og kommunikasjon både fysisk og på nett. Dette gjer at døvemiljøet, og kanskje spesielt for unge, er såpass tett i Noreg. Vidare implikasjonar ved storleiken på, og tettleiken i døvemiljøet skal eg drøfte vidare i analysen.

Det translokale ved døvekulturen har bakgrunn i at døve ikkje blir fødde inn i eit territorielt definert døvefellesskap der fellesskapen er grunna i familie og geografisk lokalitet. Som Breivik nemner:

(...) the significant others of many deaf individuals are more often than not deaf fellows from outside of the places where they have been raised, which reinforces the translocal and travelouge nature of Deaf identification (Breivik 2001: 199).

Ein annan konsekvens av at ein er døv er at ein som ung ofte flytter frå heimen for å gå på skule med eit tilpassa læringsmiljø og eit døvemiljø. Stad er ein viktig del av menneske si fortolking av andre og eiga identitetsforankring. Kvar ein kjem ifrå er ofte noko av det fyrste ein spør om når ein møter nye menneske. For døve derimot, så har ikkje alltid stad den same koblinga til identitet. I staden for å spørje om kvar ein kjem frå, så spør døve ofte om kvar ein

har gått på skule (Breivik 2006). I døvemiljøet blir translokalitet og transnasjonalitet manifestert gjennom mange ulike arrangement, samlingar, idrettstemne og campar i innland og utland. Store internasjonale arrangement blir ofte halde der døve frå mange ulike land samlast for å delta i konkurransar, byggje relasjonar og leve ut si Døvheit. Fellesskapen som døve kjenner på slike arrangement går på tvers av lokale og nasjonale skilje. Under intervjuet med mine informantar kom òg det translokale og det transnasjonale aspektet ved døvekulturen godt fram. Alle hadde nære venner spreidd rundt om i Noreg, mange av dei hadde venner frå utlandet og dei fleste deltok på regionale, nasjonale eller internasjonale arrangement og samlingar. Det er derfor ikkje nok å sjå døve som ein subkultur og å sjå døv identitet i eit lokalt geografisk perspektiv. Det ein bør gjere er å sjå døve i forhold til eit translokalt og transnasjonalt rammeverk (Breivik 2005).

## **Kapittel 4**

### **Internett, samfunn og døv identitet**

#### **Innleiing**

Gjennom ulike teknologiar og kommunikasjonsformer kan internett sjåast på som eit sosialt miljø der menneske samhandlar, kommuniserer og byggjer relasjonar. I mitt prosjekt har det handla om å utforske og forstå praksisar og meininger som døv ungdom tillegg bruk av internett og korleis dette har innverknad på deira kvardagsliv, sosiale nettverk og identitet. Dette gjeld bruk av internett i kvardagen og korleis nettkontakt er knytt til andre former for kontakt. I denne delen av teoridrøftinga skal eg ta føre meg internett der eg ser på korleis ein skal gå fram for å forstå internett og innverknaden på individ og samfunn. Eg skal drøfte korleis internett kan spele inn på menneske sine sosiale nettverk og identitet, og korleis internett kan ha ein særskild funksjon for døve med tanke på stigmatisering og det synlege ved det å vere døv.

#### **4.1. Korleis forsker på internett?**

Dei fleste vil vere einige i at internett har ført til mange endringar i samfunnet i dag, men akkurat kva desse endringane er, er det mindre semje om. For å kunne forstå internett sin innverknad på moderne kultur må ein ifølgje James Slevin sjå på korleis symbolisk innhald og online-interaksjon er innvevd i ulike sosiale og historiske kontekstar. Eit omgrevsrammeverk kring internett må kunne gje oss verktøy for å kunne analysere måtane internettbruk fører til nye former for handling og interaksjon, og vise oss korleis internett er med på endre den romlege og temporære organiseringa av det sosiale liv. I mykje av internettforskinga er det sett på ”cyberspace” og virtuelle fellesskap og ein har avdekkja fleire interessante observasjonar av det indre liv på nettet. Relasjonen til kultur og verda elles er lite tematisert i slike perspektiv. Heller enn at det blir utvikla ein ny ”cyber-community”, så fungerer ofte internett som ein ny kanal for kommunikasjon for menneske som allereie er kobla saman (Galston 2004). Slevin meiner her at forskinga kring sosial teori og kring kommunikasjon endå ikkje har klart å studere utviklinga av internett og korleis det blandar seg med dei kulturelle endringane som blir assosiert med moderne samfunn (Slevin 2000: 4-7). Tore Slaata (2000) meiner det er behov for eit perspektiv som kan sjå virtualitet og røyndom, medieutvikling og samfunnsendring i lys av kvarandre og korleis internett kan påverke kommunikasjonen i samfunnet. Han hevdar vidare at internett ikkje kan forståast sosiologisk

på same måte som massemedia, som utgjer eit eige mediesystem. Internett derimot er i ferd med å bli ein basal ingrediens i alle sosiale system, og verkar inn på heilskapen (Slaata 2000).

På same tid som ein kan sjå verknader av internett på det sosiale systemet og på individ, så må ein ikkje overdrive effekten. Forskinga bør sjå internett i relasjon til andre prosessar i samfunnet. Som eg var inne på i kapittel 2 er forskinga kring internett ofte prega av enten ei naiv positiv innstilling eller ei overdriven pessimistisk haldning. Ofte finst det ikkje nokon mellomposisjon (Livingstone 2003). Det er viktig å kunne sjå både positive og negative utfall av internett og internettbruk og å kunne relatere det direkte til samfunn, institusjonar, menneske og deira kvardagsliv. I mitt prosjekt handlar det om internett i kvardagen til døve ungdommar, og som eg skal syne seinare så har internett viktige funksjonar, både positive og negative. I følgje Sonia Livingstone opplever dei fleste barn og unge internett som noko sjølvsagt (Endestad et.al. 2004), og dei nye interaksjonsmedia blir nytta like sjølvsagt som andre kommunikasjonskanalar. Type bruk varierer med alder og kontakt med venner skjer både ansikt-til-ansikt, på telefon, på sms, e-post og i chattekanalar. Mange meiner derfor at det ikkje alltid er like føremålstenleg å operere med eit klart skilje mellom online og off-line kommunikasjon, eller mediert og direkte kommunikasjon (Endestad et.al. 2004). I forhold til døve ungdomar er det nokre viktige skilje her når det gjeld bruken av ulike former for kommunikasjonsteknologiar, noko eg skal kome innom i analysen.

#### **4.2. Internett og personlege nettverk**

I likskap med Castells ser Burnet og Marshall på korleis sosiale nettverk mellom menneske kan bli endra på bakgrunn ny teknologi og internett, og hevdar at internett er ein kanal for geografisk spreiling av intimitet i interpersonlege nettverk (Burnet og Marshall 2003). Sosiale nettverk består av menneske som har ei form for tilknyting til kvarandre og dei sosiale banda mellom menneske kan vere ulike i grad av intimitet eller styrke. Menneske som ein er nær har ein *sterke sosiale band* til. Dette kan vere familie eller venner som ein har ei kjenslemessig, emosjonell eller forpliktande tilknyting til. *Svake sosiale band* blir gjerne assosiert med nabobar eller kjende (Brantzæg og Stav 2004). I følgje Mark Granovetter (1973) har desse banda òg fleire viktige funksjonar som dei sterke sosiale banda ikkje kan fylle i like stor grad. For eksempel vil spreiling av informasjon eller kunnskap kunne nå ei større mengd menneske over ein større sosial distanse når det skjer gjennom svake band heller enn sterke (Granovetter 1973). Gjennom kontakt på internett kan ein lett oppretthalde vennskapsband eller relasjonar med andre menneske på tvers av geografiske avstandar. Bruk av internett er òg ein vanleg

måte for unge menneske å oppretthalde kontakt med venner og familie, og for å styrke sosiale band til fellesskap som òg eksisterer utanfor internett (Johnson 2001). Dette kan skje gjennom ulike former for kommunikasjon som for eksempel e-post eller I.M. Det er også mogeleg å møte nye menneske og å skape nye venner gjennom internett. Eit viktig spørsmål her er i kor stor grad desse nettrelasjonane er intime eller om dei inneber ei kjenslemessig involvering. Frå rundt 1950 talet og framover, då dataknologien var under utvikling, meinte mange at kommunikasjon gjennom dataknologi ville vere ei kald form for kommunikasjon. Elimineringa av det visuelle, det verbale og den direkte interpersonlege korrespondansen gjorde datamaskiner til eit kaldt medium som menneske ikkje kunne skape kjenslemessige tilknytingar og relasjonar gjennom (Brantzæg og Stav 2004). Nyare forsking har vist mange ulike resultat som går imot desse påstandane, og mellom anna Don Tapscott har vist korleis unge menneske kan gje og få sosial støtte på internett og at internett kan hjelpe dei til å halde kontakt med både nye og gamle kjende (Tapscott 1998). Særleg chat kan ha eit potensial til å vere ein sosial møteplass for unge med felles interesser (Katz og Aspden 1997). Andre studiar viser òg at relasjonar over internett blir opplevd som meiningsfulle og berikande av unge (McKenna og Poole 1998) og ofte likeverdige i forhold til ansikt-til-ansikt relasjonar (Brantzæg og Stav 2004). ”At det finnes følelser i cyberspace, er det liten tvil om” (Brantzæg og Stav 2004: 29).

Som eg var inne på i innleiinga, så har forsking vist at menneske som er aktive på internett har eit større sosialt nettverk enn dei som ikkje nyttar internett (Boase et.al. 2006). Hlebec, Manfreda og Vehovar (2006) peikar her på at det berre er ein statistisk samvariasjon og ingen årsak-effekt relasjon mellom internettbruk og storleik på sosialt nettverk. Dei fann i sin studie ingen einsidig effekt av internett på sosiale relasjonar. På den eine sida så skaper internett meir varierte, men og mindre intense kontakter (Hlebec, Manfreda og Vehovar 2006). I følgje William Galston gjer internett det enklare å oppretthalde svake band mellom menneske og skaper nye sosialiseringsmønster basert på individualisme (Galston 2004). Det er også funne at chat blir brukt i større grad til kommunikasjon med svake band (Drotner 2001). På den andre sida så fostrar internett til kommunikasjon mellom menneske som allereie kommuniserer gjennom andre kommunikasjonsmiddel og som har sterkare band til kvarandre (Hlebec et.al. 2006). Sjølv om menneske som er aktive på internett kan ha større personleg nettverk, så treng ikkje dette bety at dei sosiale banda er sterke. Storleiken på eit nettverk er heller ikkje einstydane med sosial og personleg trivsel (Hlebec et.al. 2006). Tidlegare forsking har også vist

at internett spesielt kan gje grupper med minoritetsinteresser mogelegheit til å finne likesinna og fellesskap i nettsamfunn, som igjen kan gje viktig sosial støtte (DiMaggio 2001).

Ulike effektar frå internett og funn i ymse studiar kjem av at det blir brukt mange ulike metodar, perspektiv og målemetodar i forskinga kring internett (Hlebec et.al 2006). Samtidig er internett eit relativt nytt fenomen og det kan vere at internett har svært ulike effektar og sosiale betydninga i ulike kontekstar og grupper. Det finst og mange ulike måtar å kommunisere på gjennom internett og mange typar nettsamfunn, noko som gjer at ein må skilje mellom typer nettsamfunn og kommunikasjonsmåtar når ein forskar på internett, elles kan resultata ofte bli motstridande og forvirrande (DiMaggio 2001). Det er derfor viktig å kunne studere internett i konteksten av ulike grupper sin omgang med internett. Mitt utgangspunkt er ikkje direkte nettverksteoretisk, og eg utfører ingen nettverksanalyse, men gjennom tekstsamtale med døve ungdommar har eg fått innblikk i korleis dei nyttar internett og korleis dei opplever at dette verkar inn på deira omgang med og kontakt med andre menneske, både døve og høyrande.

#### **4.3. Internett og identitet**

Sharon Mazzarella hevdar at mykje av forskinga på internett og identitet går ut frå teorien om at interaksjon på internett fører til utvikling av distinkte online identitetar som kan vere identisk med eller heilt annleis frå den ”verkelege” identiteten til eit individ. Denne tilnærminga er grunnlagd i ei oppfatning av at menneske har ein fast kjerneidentitet (Mazzarella 2005). Som eg allereie har drøfta så kan ein sjå at identitet både har noko som er mindre foranderleg ved seg, men òg at identitet kan vere skiftande og kontekstavhengig. Mazzarella meiner at det å studere identitet innanfor datamediert kommunikasjon er eit unikt perspektiv for å studere den flytande identiteten i dagens samfunn (Mazzarella 2005). I tillegg er det mogeleg å sjå på i kva grad ”faste” kjenneteikn ved individet spelar inn på interaksjonen og kommunikasjonen gjennom internett og korleis internett igjen verkar tilbake på identiteten og individet sitt kvardagsliv og sosiale nettverk. Internett kan her bli brukt i den personlege identitetsforminga, ein prosess som har mykje med å leite etter informasjon og å møte likesinna personar og grupper. For døve betyr dette å kome i kontakt med andre døve med lik livserfaring og interesse. For å utvikle ein døv identitet så er samhandling og kommunikasjon med andre døve svært viktig, og grunna den geografiske spreiinga av døve så er internett ein svært viktig kanal for døve å kome i kontakt med kvarandre. I tillegg kan det å uttrykke seg som Døv og å vise fram sin Døveidentitet overfor ikkje-døve vere viktig i

identitetsarbeidet. Dette gjeld mellom anna i online interaksjon ved I.M og i presentasjon av seg sjølv i personlege profilar i ulike nettsamfunn.

#### **4.4. Visuell kommunikasjon på tvers av tid og rom**

Historisk har telefonen ekskludert døve menneske. Sjølv om Alexander Graham Bell i utgangspunktet ville lage ein teknologi som skulle hjelpe døve menneske til å snakke, så har ein av dei viktigaste kommunikative utviklingane det siste hundreåret utelukka døve menneske. Telefon-teknologien vart tilgjengeleg for døve på 1960-talet gjennom tekst-telefon, men endå utelukka denne teknologien bruk av teiknspråk (Keating og Mirus 2003). Video-telefon har seinare vore tilgjengeleg for døve, men det er først ved web-kamera at ein visuell kommunikasjon mellom døve, basert på teiknspråk er blitt lett tilgjengeleg. I forhold til telefonen så har internett i stor grad eit visuelt aspekt, både tekstleg og gjennom bilete, og video og er derfor eit kommunikasjonsmedium betre tilpassa døve. For første gong er slik teknologi tilgjengeleg for døve. Dei kan no kommunisere simultant på sitt fyrste-språk på tvers av tid og rom gjennom webkamera-samtalar. Ei mykje meir kompleks form for kommunikasjon og ein kontekst meir lik ansikt-til-ansikt kommunikasjon er no tilgjengeleg for døve, og spesielt unge døve ser ut til å bli sosialisert inn i bruken av dei nye kommunikasjonsteknologiane (Keating og Mirus 2003).

Stigmaet kring døvheit er nok ikkje like stort som ved andre funksjonshemmingar, men likevel vil døvheita vere synleg gjennom sosial interaksjon i dagleglivet. I det høyrande samfunn blir døvheit sett på som eit avvik, noko som skil seg frå det normale, men på internett stiller ting seg litt annleis. Det dominerande visuelle og tekstlege aspektet ved datamediert kommunikasjon gjer at døvheita ikkje vil vere like merkbar på internett som i dagleglivet. Det visuelle aspektet ved nettsosialisering og at den fysiske kroppen ikkje er direkte tilstades i den tekstlege og visuelle interaksjonen gjev døve eit høve til å kunne oppstre som ein "vanleg" person, der det fysiske aspektet kring hørsel er usynleg. Dette er tilfelle hovudsakleg ved I.M og i nettsamfunn. Stigmaet kring døvheit vil her ikkje vere like synleg som elles. Gerard Goggin og Christopher Newell diskuterer dette, og dei hevdar at datamediert kommunikasjon er ein av dei få stadene der stigmaet kring funksjonshemmning er usynleg og der personar med ei funksjonshemmning kan opptre først og fremst som ein person, og ikkje som ein person med funksjonshemmning (Goggin og Newell 2003: 131).

## **Oppsummering**

Så langt i del II har eg gått igjennom og drøfta det teoretiske og omgrepssmessige grunnlaget i dette prosjektet. I innleiinga gjekk eg først inn på korleis eg har tilnærma meg problemstillinga for dette prosjektet. I kapittel 3 tok eg føre meg identitetsomgrepet, kva identitet er og identitetsforming i moderne samfunn. Vidare diskuterte eg sosial konstruksjon av avvik og forholdet mellom biologi og kultur når det gjeld døvheit. Minoritetsomgrepet, funksjonshemming, medisinske inngrep og språk vart òg diskutert i forhold til døvheit. Til slutt i kapittelet diskuterte eg unge døve sin identitetskonstruksjon og korleis ny kommunikasjonsteknologi har innverknad identitet, fellesskap og døvheit. I kapittel 4 starta eg med å diskutere korleis ein bør forske på internett. Vidare såg eg på forholdet mellom internett og sosiale nettverk mellom menneske. I den siste delen drøfta eg i kva grad internett har innverknad på individ sin identitet og den personlege identitetskonstruksjonen. Dette vart så kobla opp mot internett sin innverknad på døve, døv identitet og identitetskonstruksjon. I det følgjande skal eg no gå igjennom og drøfte den metodiske framgangsmåten i dette prosjektet, samt etikk knytt til denne typen forsking og til samfunnsforskning generelt.

## **Kapittel 5**

### **Metode og etikk**

#### **Innleiing: Kvifor kvalitativ metode?**

Eit mål med dette prosjektet har vore å studere døv ungdom sin internettbruk, deira meningar og tankar kring bruken og korleis internett verkar inn i deira kvardagsliv. Eg har her vore ute etter fyrstehandserfaringar frå ungdom som sjølve er aktive på internett. Gjennom eit aktørperspektiv har eg prøvt å fange inn korleis dei opplever, forstår og knyter mening til aktiviteten. Å nytte intervju som metodisk innfallsvinkel fall her naturleg. Vidare har eg gjennom analysen prøvt å gå bakom deira eigne utsegner, å tolke deira meningar og opplevingar i eit breiare perspektiv. Det epistemologiske utgangspunktet er her i tråd med det fortolkande, konstruktivistiske eller abduktive perspektivet der ein ser samfunnsvitskapleg kunnskap som utleia frå omgrep og meningar i kvardagen (Blaikie 2005: 116). Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er kva vekt ein skal tillegge aktørane sine eigne fortolkingar, og i kva grad forskaren skal fortolke aktørane sine eigne fortolkingar. Gjennom heile dette prosjektet har spørsmålet om korleis eg skulle forholde meg til det innsamla intervjuumaterialet vore i tankane. Eit av måla var å oppnå nærleik til dei eg ville undersøke, å få fyrstehandserfaringar frå døve ungdomar. Problemet ved ein slik nærleik til dei ein undersøkjer kan vere at ein enten tar deira fortolkingar for gjeve utan å fortolke dei eller at ein endar opp i det Liv Syltevik kallar mistankes hermeneutikk, der verken aktøren eller forskaren sine fortolkingar er til å stole på. Syltevik meiner at det viktigaste er at ein heile tida reflekterer kring dette dilemmaet og at målet må vere å definere og skildre dei utforska sine perspektiv mest mogeleg realistisk. Ein må prøve å representere dei godt nok i det vitskaplege arbeidet (Syltevik 1993).

I følgje Alfred Schutz er all vitskapleg kunnskap om verda indirekte. Kunnskapen om den sosiale verda startar med menneske sine skildringar eller typifiseringar av si sosiale verd, sitt eige liv, meningar og handlingar (Schutz 1963a). Ved innhenting av slike skildringar er det viktig, i følgje David Silverman, å unngå å overta informantane sine forklaringar utan refleksjon (Silverman 2004). Det forskaren må gjere er å analysere desse skildringane eller 1.ordens konstruksjonane av den sosiale verda. Gjennom analysen utviklar forskaren 2. ordens konstruksjonar som er idealtypar av menneske og menneskeleg handling. Forskaren lagar modellar av den sosiale verda, typiske sosiale aktørar, motiv, handlingar og situasjonar

(Schutz 1963 a/b). Desse 2.ordens konstruksjonane til Schutz kan ein og relatere til Clifford Geertz sitt omgrep *thick descriptions*. Dette er altså noko meir enn berre rein observasjon og skildring av handlingar og meininger. Det handlar om å gjere fortolkingar av det ein ser, om å analysere og identifisere viktige strukturar og deira sosiale grunnlag og betydning (Geertz 2000: 6-9). I fyrste del av analysen gjev eg ei skildring av interessante aspekt som kom fram under intervjuet. I andre del av analysen har eg analysert materialet vidare og fortolka ved bruk av 2. ordens konstruksjonar, eller ”thick descriptions”. Samtidig er det sett i relasjon til tidlegare teori og forsking.

## **5.1. Kvalitativt intervju**

I ei drøfting av kvalitative intervju nemner David Silverman eit emosjonalistisk perspektiv på intervjudata. Gjennom eit slikt perspektiv vil kvalitative forskingsintervju kunne gje innsikt i subjekta si livsverd og deira opplevelingar. Han framhevar her opne intervju for å finne fram til levde erfaringar og ekte kjensler (Silverman 2004). I mitt prosjekt fann eg det mest fruktbart å ha ein viss struktur på intervjuet, samtidig som dei gav rom for digresjonar, nye tema og oppfølging av interessante aspekt. Det viktige er her å få tak i intervjupersonane sine eigne skildringar av verda gjennom individuelt tilpassa intervju (Silverman 2004). Intervjumetoden som er nytta i dette prosjektet kan til ei viss grad samanliknast med det Steinar Kvale kallar eit semistrukturert livsverdsintervju. Det er eit livsverdsintervju fordi eg gjennom nettsamtale med menneske ynskte å få innsikt i menneske si forståing av og måte å gje mening til sitt eige liv. Intervjumetoden gjev mogelegheit til å få utdjupa informasjon frå informantane og ein har fleksibilitet til å kunne bevege seg mellom ulike tema og delar av intervjuet og til å følgje opp interessante aspekt som kan dukke opp. Kvale ser på det halvstrukturerte livsverdsintervjuet som ein samtale eller ein konversasjon som har ein viss struktur og eit føremål. Styrken ved intervjuforma er at den kan fange opp variasjonar i intervjupersonar sine oppfatningar kring eit tema og kan derfor gje eit bilet av ei mangfoldig og kontroversiell menneskeleg verd (Kvale 1997). Eg vil no gå nærare inn på det spesifikke ved å intervju menneske gjennom Instant Messaging på internett.

## **5.2. Kvifor nytte I.M-Intervju?**

Med bakgrunn i ei forståing av internett som ein arena for sosial interaksjon ville eg nytte ein metode som gjer det mogeleg å studere internett som eit sosialt miljø med samhandling, kommunikasjon og relasjonsbygging. Det fall her naturleg å nytte den nye teknologien og dei nye kommunikasjonsformene for å få kontakt med og kommunisere med informantar.

Verktøyet som er nytta for å kommunisere med informantane er Instant Messaging og programmet msn-messenger. Dette er eit svært populært program i Noreg for synkron, tekstbasert kommunikasjon over internett, spesielt blant ungdom (Ensby og Sørum 2007<sup>8</sup>). Utifrå at det mest truleg ville vere ei kjend form for kommunikasjon for ungdomane eg intervju, ville dei kunne kjenne seg ”heime” i måten å kommunisere på. Under intervjuet var informantane også ”inne” i den sfæra eg ville undersøke og dei hadde konteksten for temaet i prosjektet framom seg. Denne forma for forskingsintervju gjennom I.M er relativt ny, men blir nytta meir og meir ettersom interessa for og forsking på feltet aukar. Metoden blir òg sett på som eit naturleg steg for å innhente informasjon kring menneske og sosiale aspekt ved internett (Mann og Stuart 2000).

Intervju gjennom tekstbasert kommunikasjon på internett er òg ein svært effektiv og ressurssparande metode med tanke på meg sjølv som høyrande intervjuar som ikkje kan teiknspråk og at informantane mine var døve. Utan denne intervjuforma ville det vore nødvendig med tolk, noko som ville gjort gjennomføringa av intervjuet meir tid-, og ressurskrevjande. Samtidig ville kommunikasjonen vorte noko indirekte gjennom tolk, mens eg ved I.M hadde direkte kontakt med ungdomane. Eit aspekt ved ulike intervjuformer er mediet for formidlinga av kommunikasjonen. I staden for å ha eit menneske som fortolka mine ord om til teiknspråk og formidla det vidare til informanten, så brukte eg ein kommunikasjonsteknologi som formidla mine skrivne ord direkte til informanten. Eit anna aspekt som talar for å nytte I.M som intervjuform er den geografiske spreiinga av informantane. Informantane i dette prosjektet er spreidde over heile Noreg, og utan I.M ville det nok vore svært vanskeleg å få gjennomført intervju med tanke på den reisinga, tida og dei ressursane som ville vore nødvendige. Eit tredje aspekt er at eg under arbeidet med dette prosjektet budde i USA og skulle intervjuer norske ungdommar. Utan internett og msn som verktøy hadde gjennomføringa av dette prosjektet vore umogeleg.

### **5.3. Om å intervju gjennom msn**

Det finst ulemper og fordeler med alle former for intervju. Samtidig som I.M intervju er tid og ressurssparande med tanke på reising, så vil det ta lenger tid å få like mykje informasjon eller intervjuemateriale som ved eit ansikt-til-ansekt intervju. Dette er fordi kommunikasjonen gjennom tekst på internett lett blir tynnare eller fattigare i og med at ein skal bruke tastaturet og skrive inn det ein vil seie. Tekstmengda etter eit intervju på rundt ein og ein halv time

---

<sup>8</sup> <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostlandssendingen/1.1598732>. 16.04.07

gjennom I.M tilsvrar om lag den transkriberte teksten frå eit tre kvarters intervju ansikt-til-ansikt. På bakgrunn av dette utførde eg fleire intervju enn det som er vanleg i eit masteroppgåve- prosjekt med kvalitativ tilnærming.

Ved I.M intervju manglar ein den fysiske konteksten og den ikkje-verbale kommunikasjonen som ein har ved intervju ansikt-til-ansikt. Dette gjer at ein gjerne har færre verkemiddel til å få informasjon ut av informantane. Den auka tidsbruken på å formidle innhaldet i kommunikasjonen gjer at ein del av impulsiviteten som ved ansikt-til-ansikt intervju fell vekk i I.M intervju. Informantar har meir tid til å tenkje igjennom det dei vil svare og korleis dei vil formidle det. Dette kan føre til ei høgare grad av sjølvsensurering. Informantar kan fyrst formulere eit svar, men etter å ha tenkt igjennom det, starte på nytt og endre svaret. Eg opplevde fleire gonger under intervjeta at varselet om at samtalepartnaren skrev ei melding gjekk av og på fleire gongar før eg fekk svar tilbake. Dette tyder på at dei hadde starta å skrive noko, sletta det og starta på nytt. Samtidig som faren for sjølvsensurering kan vere større under I.M intervju, så kan den meir upersonlege konteksten for intervjet, der ein sit framom ein datamaskin og ikkje ein person, gjere det lettare å snakke ærleg om tema som kan opplevast som kjenslevare. Dette er grunna i mangelen på ansikt-til-ansikt relasjonen (Mann og Stuart 2000, Voida et.al 2004). Under intervjeta fekk eg og erfare frå fleire av informantane at dei syntes det ofte kunne vere enklare å snakke med høyrande menneske gjennom I.M enn ansikt-til-ansikt.

Eit anna aspekt ved ei kvalitativ intervjuundersøking er transkribering av tale til tekst. Ved ansikt-til-ansikt intervju nyttar ein gjerne ein bandopptakar under intervjet og seinare transkriberer ein samtalen om til tekst. Munnleg tale er gjerne full av nøling, repetisjonar, gjenstartar etc, og ved transkribering til tekst ryddar ein gjerne litt opp i dette. Desse munnlege aspekta som kan bli sortert vekk i den transkriberte teksten treng ikkje vere utan betydning. Transkribering er derfor ikkje ein objektiv aktivitet utan fortolking og innverknad frå den som transkriberer. I denne samanhengen har personen som transkriberer ei fortolkande makt over intervjematerialet (Lemke 1998). Ved I.M intervju er ikkje intervjuteksten omforma frå tale til tekst, men ein kan få ei komplett utskrift av den originale interaksjonen, enten ved å lagre samtalen som tekstdokument eller å aktivere og nytte loggen over samtalen. Det siste alternativet er nok lurt å gjere uansett, i tilfelle noko skulle hende med tekstdokumenta. Samtidig som ein kan lagre samtalen, er intervjet òg tilgjengeleg i tekstleg form i msn-vinduet umiddelbart ettersom samtalen utviklar seg og umiddelbart klar for

analyse. Som Kvale påpeikar, så startar gjerne analysen av intervjuumaterialet under sjølve intervjuet (Kvale 1997).

Sidan intervjuteksten blir tilgjengeleg umiddelbart, kan intervjuaren lett gå tilbake i intervjuet og reflektere over det som er sagt, nyansere spørsmål, ta opp ting som manglar eller betre formulere oppfølgingsspørsmål. Dette opplevde eg som svært nyttig. Intervjuaren har også mogelegheit til å ha spørsmål og tema nedskrivne, og lime dei inn i samtaLEN når det skulle passe. Dette gjorde eg stort sett berre med introduksjonsspørsmåla, mens eg elles brukte penn og papir. Også informantane hadde mogelegheit til å gå tilbake i intervjuet og lese igjennom det. På slutten av kvart intervju spurde eg informantane om dei ville lese igjennom intervjuet for å sjå om det var noko dei ville kommentere, endre på eller om det var noko meir dei ville seie. Dette var det derimot få av informantane som ville. Dette har gjerne med at intervjuen tok såpass lang tid at informantane helst ikkje ville bruke meir tid på det.

Eit problem ved LM intervju kan vere informantens sitt fokus mot intervjuet. "Multitasking" blir ofte nytta som omgrep for å skildre korleis ein ofte gjer fleire ting samtidig når ein sit framfor datamaskina. Dette kan ha vore tilfellet for mine informantar under intervjuen ved at dei samtidig såg på nettsider eller snakka med andre gjennom msn. Dette hadde eg lite kontroll over og eg kan ikkje vite om det var tilfelle. Under nokre av intervjuene merka eg at det kunne ta svært lang tid før intervjupersonen svarte. Dette kan skuldast at intervjupersonen gjorde andre ting på datamaskina eller internett, snakka med andre eller at intervjupersonen forlét datamaskina for ei lita stund. Dette kan til ei viss grad unngåast ved å informere informanten om visse retningslinjer om korleis intervjuet bør gå føre seg.

#### **5.4. Korleis eg fann fram til informantane mine**

I dette prosjektet har føremålet vore å finne mange ulike aspekt ved eit avgrensa sosialt fenomen. Dette er ikkje ei statistisk representativ undersøking og eg har ikkje eit representativt utval, men eit handplukka utval etter visse kriterie (Kvale 1997, Silverman 2001). Sidan eg ville undersøke forholdet mellom døve ungdomar og bruk av internett, prøvde eg å få tak i døve ungdomar som brukte internett. Under utviklinga av dette prosjektet var eg innom fleire ulike nettsamfunn og nettstader som hadde fokus mot ungdom og unge menneske. Gjennom nettsamfunnet hallo.no fann eg fram til ei gruppe for støtte av teiknspråk

for døve.<sup>9</sup> Her tok eg kontakt med om lag 50 ungdomar i aldersgruppa 15-21 år gjennom det interne e-post systemet i hallo.no. Av desse fekk eg svar frå om lag halvparten. I alt enda eg opp med 17 intervju med ungdomar mellom 15 og 21 år, 12 jenter og 5 gutter. 2 av desse fekk eg kontakt med gjennom informantar eg hadde intervju. 11 av informantane definerte seg sjølve som døve, mens resten definerte seg som tunghørte, døvblitte<sup>10</sup> eller hørselshemma. Alle utanom to hadde teiknspråk som sitt fyrstespråk og nokre av dei snakka òg norsk. Før intervjuva sende eg ut eit informasjonsbrev kring prosjektet og eit skjema for informert samtykke som eg fekk att på e-post.<sup>11</sup> Ved intervju av ungdom over 15 er ikkje foreldre sitt samtykke eit krav.<sup>12</sup> Litt av bakrunnen for å setje nedre aldersgrense på 15 var at innsamling av foreldre sitt samtykke mogeleg kunne gjort rekrutteringsprosessen meir komplisert. I løpet av litt over ein månad fekk eg gjort alle intervjuva.

### 5.5. Gjennomføringa av intervjua

I følgje Kvale er det tre aspekt som er viktige i førearbeidet til eit forskingsprosjekt. Ein bør ha kjennskap til temaet ein skal undersøke, ein bør vite kva føremålet med studien skal vere og korleis ein skal gå fram for å få svar på det ein er ute etter (Kvale 1997). Etter å ha lese forskingslitteratur kring ungdom, døvheit og internett starta eg utviklinga av ein intervjuguide som skulle hjelpe meg til å gjennomføre intervjuva og til å få svar på det eg var ute etter. Intervjuguiden skulle fungere som ei grovskisse over dei tema og spørsmåla som skulle snakkast om under intervjuet. Samtidig som openheit og spontanitet er ein viktig del av det halvstrukturerte intervjuet, var det i mitt tilfelle viktig å ha formulert ein del konkrete spørsmål under kvart tema på førehand, sidan svara på kvart spørsmål truleg ikkje ville vere så lange. Samtidig var eg open for å følgje opp interessante tema, utsegner og svar som kunne kome fram under intervjuva. Eg utarbeidde to intervjuguidar. Den eine bestod av forskingsspørsmåla i prosjektet og den andre bestod av dei spørsmåla eg skulle stille under intervjuet.

Som Kvale nemner, kan ein skildre intervjemetoden som eit handverk. Fokus skal vere retta mot intervjupersonen og det ho/han seier for å kunne følgje opp interessante utsegner Dette er ein ferdighet som må lærast gjennom fyrstehandserfaring ved praksis (Kvale 1997). Før prosjektet hadde eg avgrensa erfaring med intervjuing samtidig som kommunikasjonsforma

<sup>9</sup> Nettstaden er anonymisert

<sup>10</sup> Personar som er blitt døve etter at talespråk er utvikla

<sup>11</sup> Som vedlegg i appendix

<sup>12</sup> Etter rådføring med NSD

var noko eg hadde lang erfaring med og var trygg på. Tidleg i prosjektfasen utførte eg eit par prøveintervju for å ein smakebit på korleis det ville bli. Før intervjugosessen tok til oppretta eg ein ny msn-konto, og etter kvart som eg fekk tilbake informert samtykke frå ungdomane, la eg dei til på msn-lista og eg starta å avtale tid for intervju.

På grunn av tidsforskjellen mellom USA og Noreg gjorde eg alle intervjuia mens det var morgen i USA og ettermiddag eller kveld i Noreg. Under intervjuia sat dei fleste av informantane heime, mens eit par av informantane sat på datarom på skulen dei gjekk på. Intervjuia starta gjerne med at eg, på avtalt intervjudispunkt, oppretta kontakt med informanten på msn og spurte om ho/han var klar for å bli intervjuet. Fyrst i intervjuia spurte eg om dei hadde lese igjennom informasjonen om prosjektet og eg oppfordra dei til å skrive utfyllande svar og påpeika at skrivefeil ikkje hadde noko å seie. Etter dette følgde eg stort sett det tematiske oppsettet i intervjuguiden, men hoppa gjerne over til eit anna tema om det passa i forhold til kva informantane svarte. Spørsmålsformuleringane og rekkefølgja på spørsmåla var unike for kvart intervju, men på kvar sin måte vart tema i intervjuguiden dekka inn. Etter dei fyrste intervjuia oppdaga eg eit par aspekt som eg ville gå nærmare inn på i resten av intervjuia. Fleksibilitet i intervjugosessen og i intervjuguiden er ein av fordelane med kvalitative intervju. Etter kvart som ein utfører intervju, kan det dukke opp nye interessante aspekt eller tema og som gjer at ein ynskjer å endre på, legge til, eller kutte ut spørsmål som ikkje fungerer (Kvale 1997).

Eit viktig aspekt ved ei intervju-undersøking er tillitsforholdet mellom intervjuar og informant. Alderen min, kjønnet mitt, og den presentasjonen eg gav av meg sjølv i kontakten med informantane hadde nok innverknad på utfallet av intervjuia. I den fyrste kontakten eg hadde med informantane på hallo.no fortalte eg kort om kven eg var og kva eg ville. På hallo.no hadde alle dei eg kontakta tilgang til å sjå på den personlege profilen som eg hadde oppretta der. Denne profilen inneheldt mykje av det same som andre profilar på hallo.no; kallenamn, litt personleg informasjon og nokre bilete av meg sjølv. Ut frå loggen på denne profilen kunne eg sjå at mange av dei eg hadde kontakta hadde vore inne og sett på profilen. Det at eg ikkje skilde meg ut på noko særleg måte, at eg var ein "halloar" som alle andre, kan ha vore med på å minske den eventuelle avstanden som alderen min og den sosiale posisjonen som eldre student kan ha skapt. Statusen min som ein høyrande person kan òg ha hatt innverknad på korleis dei forholdt seg til meg. Det at eg uttrykte interesse for dei og brydde meg om dei og ville høyre kva dei hadde å seie såg fleire på som svært positivt. Fleire uttrykte

dette eksplisitt og var glad for eg som høyrande var interessert i døve menneske. Dette var gjerne med på å styrkje informantane sin tillit til meg. Noko eg oppdaga tidleg i rekrutteringsprosessen var at det var fleire jenter enn gutter som sa seg villege til å bli intervjuet. At eg hadde kontakta fleire jenter enn gutter er med på å forklare dette, men det forklarer kanskje ikkje alt. Ein medverkande faktor kan vere at jenter generelt blir oppfatta å vere meir opne om kjensler og til å snakke om eigne liv og meningar enn gutter.

Som Kvale er inne på så finst ikkje den ideelle intervuperson (Kvale 1997:146). For å gjere det beste ut av intervjustituasjonen, så er intervjuaren sin kunnskap om emnet svært viktig. Det å vere merksam på menneske sine ulike bakgrunnar, kompetansar og behov, og det å kunne justere sin eigen kommunikasjon til kvar individuelle informant er òg ein viktig del av det å få gjennomført eit vellykka intervju. Det var få av intervjeta som gjekk heilt knirkefritt. Eit par av informantane hadde eit skriftspråk som var svært påverka av syntaksen i teiknspråket, noko som for meg var uvant og førte til nokre misforståingar. I utgangspunktet hadde eg planlagt å ha eit munnleg språk i intervjeta basert på munnleg nynorsk og dialektord, men etter dei fyrste utvekslingane i det fyrste intervjetet merka eg at det lett førte til misforståingar frå informanten. Av denne grunn prøvde eg å legge språket mitt om til eit bokmålsprega munnleg språk for å unngå misforståingar frå nokre av informantane.

Som eg var inne på over var kvart intervju ulikt frå dei andre. Nokre svarte kort, andre langt, nokre svarte slik eg hadde venta, andre svarte heilt annleis, nokre var ivrige, andre var litt motvillege. Under nokre av intervjeta ville informanten ta ein pause i intervjetet for enten å ete middag eller gå til ein avtale. Dette gjorde eigentleg ikkje så mykje sidan vi fort kom tilbake på same spor då intervjetet haldt fram eit par timer seinare. Grunnen til at eit par av informantane hadde avtalt noko med venner før intervjetet var over, var nok at intervjeta viste seg å ta mykje lenger tid enn det eg hadde forventa. I informasjonsbrevet skreiv eg at intervjetet ville ta om lag ein halvtime, mens dei fleste intervjeta varte mellom 1 og 1 ½ time. Dette skapte utspringmodigheit hos nokre av informantane mot slutten av intervjeta. Ei medverkande årsak til at intervjeta tok lang tid var at mange av informantane brukte lang tid på å svare, enten på å skrive inn svara, tenke igjennom kva dei skulle svare, eller ein kombinasjon. "Multitasking" kan òg ha vore ei medverkande årsak. Ved nokre intervju gav informanten såpass mykje informasjon at eg tidleg i intervjetet sa ifrå om at det truleg ville ta lenger tid enn planlagt.

Mot slutten av intervjugrosessen følte eg at eg hadde nådd eit slags metningspunkt for ny informasjon frå informantane, samtidig hadde eg intervjuet eit fleirtal av jenter og ville ha tak i fleire gutter å intervjuet sidan eg meinte det kunne vere nokre skilnader mellom gutter og jenter. Dei tre siste intervjuene ville eg difor gjere med gutter for å eventuelt få fram nokre aspekt som enno ikkje var kome fram. Då eg hadde 17 intervjuer, hadde eg ikkje fleire informantar som hadde sagt seg villege. Om eg hadde intervjuet fleire kunne eg kanskje ha fått fram endå fleire aspekt ved fenomenet, men dette er vanskeleg å seie. Under det siste intervjuet skjedde også eit teknisk uhell der eg mista loggen over halvparten av samtalen. Det eg gjorde då var, umiddelbart etter intervjuet, å gå gjennom intervjuguiden og alle spørsmåla og så godt som mogeleg skrive ned mitt inntrykk av kva informantane hadde svart på dei ulike spørsmåla. Å prøve å rekruttere endå fleire informantar på det punktet eg var i prosjektprosessen, meinte eg var for seint og ville ta for lang tid.

### **5.6. Praktisk analytisk framgangsmåte**

Analyse av kvalitativt datamateriale kan ofte framstå som ein ”svart boks”, der datamaterialet går inn i boksen og kjem ut att som ein ferdig analyse i tekstleg form. Problemet er ofte at ein ikkje får innsyn i dei prosedyrar og framgangsmåtar som er gjort. For at leseren av ei kvalitativ undersøking skal kunne vurdere truverdet til dei funna som er gjorde og tolke eller bruke resultata er det viktig at forfattaren forsyner leseren med nok informasjon om dei metodiske stega i undersøkinga (Kvale 1997). I analysen av datamaterialet har eg har fått innblikk i personar sine skildringar eller typifiseringar av si sosiale verd. Desse fortolkingane og skildringane har eg igjen fortolka. Samtidig som eg har sett på dei individuelle intervjuene har eg òg sett på datamaterialet under eitt, og sett etter mønster og ulikskapar. Denne metoden har, som eg har drøfta tidlegare, bakgrunn i omgrep og teori frå mellom andre Alfred Schutz og Clifford Geertz.

I kvalitativ samfunnsforskning er det ofte nødvendig å bryte med det ein kan kalle ein lineær forskingsprosess, og ofte kan forskingsprosessen få ei syklistisk form (Christensen et.al. 1998). Under utarbeidingsa av intervjuguiden og under intervjuet har ein gjerne nokre førehandsoppfatningar om korleis ting er og ein kan tidleg i intervjugrosessen sjå etter mønster og linjer i datamaterialet. Eg merka at eg tidleg i intervjugrosessen starta å danne meg ulike vase bilete av kva det var datamaterialet mitt viste. Etter eg var ferdig med kvart intervju skreiv eg ned nokre kommentarar om inntrykket eg sat att med. Eg las òg igjennom intervjuet etter eg var ferdig med kvar av dei. Etter kvart som eg nærma meg slutten på

intervjuprosessen starta eg å utvikle eit analytisk rammeverk for korleis eg skulle handtere datamaterialet. Det teoretiske bakteppet bak dei ulike praktiske grepene som eg utførte i analysearbeidet har eg gått gjennom i teorikapittelet. I denne overgangen mellom intervju og analyse opplevde eg det litt som å starte på nytt utan å ha klart føre meg kvar vegen skulle gå vidare. Sjølv om eg bevisst og ubevisst hadde starta analyseprosessen, så var eg likevel usikker på kva praktiske metodiske grep eg skulle gjere for å få fram mønstra og dei ulike aspekta ved datamaterialet. Steinar Kvale skildrar også problemet med korleis ein skal starte med handteringa av datamaterialet etter at det er samla inn. Kvale hevdar her at spørsmålet om korleis ein skal handtere datamaterialet kjem for seint, at ein alltid bør ha klart føre seg kva ein skal analysere og kvifor, før analysearbeidet tek til (Kvale 1997). Det eg skulle analysere var døve ungdomar sine utsegner kring tema og spørsmål om sosial omgangskrets, identitet og internett der føremålet var å kunne svare på problemstillingane for dette prosjektet. Sjølv om dette var klart, så følte eg det likevel som om eg hadde støtt på eit nytt trappesteg som måtte forserast. Korleis skulle eg gå fram reint praktisk for å finne desse mønstra og ulikskapane i materialet mitt?

Tematisk gjennomlesing og "cross-case analysis" er metodar der ein les gjennom intervjuaterialet, utviklar kategoriar og overskrifter, leitar etter mønster, likskap og ulikskap i materialet. Her er samanlikning og konstant komparasjon viktig, men ein bør ikkje berre sjå etter mønster, men òg det unike og det som skil seg ut i materialet (Patton 1990).<sup>13</sup> Eg starta med å lese igjennom alle intervjuua fleire gonger og prøvde å lese dei på ulike måtar og med ulike vinklingar. Etter kvart starta eg å utvikle kategoriar av kjenneteikn ved materialet der eg såg likskapar og ulikskapar i typar døve ungdomar, typar av meininger og haldningar, typar av aktivitetar og andre typar kjenneteikn tilknytt dei ulike informantane. For å hjelpe til med denne kategoriutviklinga prøvde eg mellom anna kort å skrive kvar informant si "historie" og å dra ut sitat frå intervjuua og samle dei under ulike tema og kategoriar. Etter kvart utvikla eg òg eit skjema med alle kategoriene og korleis kvar informant plasserte seg i forhold til desse. Dette var til stor hjelp for å kunne skildre datamaterialet på ein meir oversiktleg måte. Her er det viktig å hugse på at desse plasseringane ikkje er objektivt sanne, men er basert på mine tolkingar og inntrykk frå datamaterialet. Eit siste metodisk grep var å lage idealtypar av døve ungdomar utifrå datamaterialet. I del III skal eg vise resultata av analysearbeidet og relatere funna mine til relevant teori og til tidlegare funn.

---

<sup>13</sup> Jamfør kapittel 3.

## **5.7. Om truverdet til undersøkinga**

I dette prosjektet har eg ikkje hatt intensjonar om å nå fram til statistisk generaliserbar kunnskap om verda. Om eg skulle fått til dette måtte eg ha hatt eit statistisk representativt utval frå ein kjend populasjon. Utvalet av informantar i dette prosjektet er teoretisk basert på at eg ville undersøke ulike aspekt ved døve ungdomar som nytta internett (Silverman 2004). I siste instans er ungdomane eg snakka med valde ut med bakgrunn i at dei sa seg villege til å bli intervjuet. Det eg var interessert i var å nå fram til sosiale aktørar sine meininger og haldningars til si sosiale verd og ut av dette prøve å seie noko vidare om desse sosiale aktørane sin livssituasjon i forhold til ulike aspekt. Sjølv om dei ungdomane eg intervjuet ikkje er valde ut basert på tilfeldig trekking, så vil den kunnskapen og informasjonen som har kome ut av intervjuet kunne peike utover dei involverte informantane. I følgje Kvale er det mogeleg å kunne nytte kunnskap om ein situasjon og ein kontekst til å sjå om ting stemmer overeins i ein annan situasjon og kontekst ved hjelp av *analytisk generaliserbarhet* (Kvale 1997).

Spørsmålet om truverdet til empirisk materiale som er samla inn frå eller gjennom internett har vore diskutert ein god del i tidlegare forsking. Luciano Paccagnella har hevdat at det aldri vil vere riktig å godta data og informasjon om menneske sine liv som er samla inn på nettet utan å reflektere over at dette alltid vil være ein vågal og usikker framgangsmåte (Tingstad 2003). Han hevdar her at det er lett å bli lurt og at mediet minskar den etnografiske konteksten. Metoden aukar også risikoen for mistyding på grunn av ulike kommunikasjonskodar. Som eit svar på dette hevdar Vebjørg Tingstad at det å velje informantar off-line ikkje nødvendigvis vil auke det sanne og autentiske ved informasjonen som er gjeve off-line i forhold menneske sine liv. I eitkvarat forskingsprosjekt må informasjonen fortolkast (Tingstad 2003). Menneske kan like gjerne lyge og gje feil informasjon på nett som utanfor nettet. Sjølv om den ikkje-fysiske konteksten på internett kan gjere det lettare å lyge, så kan det og ofte vere lettare for menneske å vere oppriktige, spesielt ved kjenslevare tema når dei manglar den fysiske nærleiken til menneske dei er i kontakt med (Brantzæg og Stav 2004).

Eg kan aldri vere 100% sikker på at dei eg rekrutterte frå hallo.no og som eg snakka med oppgav korrekt informasjon om seg sjølve. Det er mogeleg å opprette falske profilar på hallo.no og ein kan velje å ikkje legge ut biletet av seg sjølv, eller legge ut biletet som ikkje viser rett person. Ein kan unnlata å legge inn informasjon eller skrive inn feilaktig informasjon om seg sjølv. Tiltak frå hallo.no si side er å krevje namn, alder, bustad, og

mobilnummer. Mobilnummer skal kunne verifiserast. Hallo.no fastslår at kvar brukar er ansvarleg for å legge inn korrekte opplysningar om seg sjølv. Hallo.no oppfordrar medlemmene til å melde ifrå om falske profilar eller profilar som ser falske ut.

Reliabiliteten til ei kvalitativ intervjuundersøking vil vere knytt til fleire delar av forskingsprosessen. Transkribering av tale om til tekst er ein av desse delane. Som eg har vore inne på over, så er ikkje dette ein objektiv aktivitet utan fortolking og innverknad frå den som transkriberer. Ved intervjuforma som er nytta i dette prosjektet vil reliabiliteten når det gjeld transkriberinga vere sikra ved at intervjamaterialet faktisk er ein kopi av den originale interaksjonen og kommunikasjonen som gjekk føre seg. Eit lite forbehold er her på sin plass i og med at eg har endra på det eg oppfattar som openberre skrivefeil utan vidare innhaldsmessig mening. Andre stader der noko av meiningsa kan ha vorte endra ved skrivefeil som eg har retta på, har eg sett den opphavlege skrivemåten i parentes. Nokre ord som eg oppfattar som overflødige har eg òg sett i parentes. I tillegg har eg sett inn ord i kursiv der eg meiner setningar manglar noko, for å lette lesinga.

Alt intervjamaterialet i prosjektet er behandla på same måte og eg har gjennom mange gjennomlesingar prøvd å nå fram til konklusjonar og tolkingar som er i tråd med det materialet seier. Dette har å gjere med validiteten til ei undersøking og som inneber i kva grad mine tolkingar og konklusjonar stemmer overeins med det empiriske materialet. Gjennom skildringa av forskingsprosessen og gjennom å nytte direkte sitat har eg prøvd å gjere analysearbeidet og empirien synleg, og gjennom dette prøvd å vise kva mine konklusjonar og tolkingar er basert på.

### **5.8. Etiske perspektiv i forsking kring unge døve**

Forskingsetikk bør inngå som ein viktig del av eitkvart forskingsarbeid. I forhold til mitt prosjekt er det særleg tre aspekt som bør drøftast opp mot etiske retningslinjer. Det fyrste handlar om at eg har undersøkt ei gruppe unge døve menneske, ei gruppe som mange òg vil kalle for ei svak gruppe. Det andre aspektet handlar om at eg har brukt ein relativt ny arena som åstad for forsking, nemleg internett. Dette vil eg drøfte under punkt 5.9.

Eit viktig aspekt ved forsking på menneske er omsynet til informert samtykke. Før innsamlinga av informasjon frå deltakarar tar til, skal dei ha fått tilstrekkeleg informasjon om prosjektet og eventuelle konsekvensar av å vere med, slik at dei kan avgjere om dei vil delta.

Deltakinga skal vere frivillig, og det skal informerast om at dei når som helst kan trekke seg utan at dette får vidare konsekvensar (NESH 2006). Krav om konfidensialitet og anonymitet er òg eit viktig aspekt i mykje av samfunnsforskinga (NESH 2006). I dette prosjektet er det berre eg som har tilgang til informantane sin identitet. Ikkje noko av informasjonen som blir oppgjeve skal kunne sporast tilbake til enkeltpersonar i den ferdige forskingsrapporten. I kvalitativ forsking er det vanleg å nytte sitat for å få fram poeng frå datamaterialet. Når ein forskar på små miljø, bør ein ikkje undervurdere kor lett det kan vere å kjenne att opphavspersonen til eit sitat, særleg om det er eit sitat som skal få fram eit særskilt aspekt eller poeng. Døvemiljøet i Noreg er lite, og døve har i stor grad kjennskap til kvarandre. Av denne grunn har det vore viktig å ivareta informantane sin anonymitet og dette er vurdert i samråd med ein ekstern ressursperson. Også utad mot samfunnet bør ein vere forsiktig med korleis ein presenterer resultata frå forskinga. Det er viktig at ein ikkje presenterer resultata på ein måte som kan virke stigmatiserande overfor døve. Som eg har vore inne på fleire gonger i løpet av denne oppgåva, kan det diskuterast i kva grad døve er ei svak gruppe. På fleire måtar kan døve sjåast på som ei sterk gruppe som har fått mykje offentleg og politisk merksemd og fått gjennomslag for mange av sine krav (Ohna 2001). I følgje NESH bør ein ta særskilt omsyn til svake grupper i samfunnet og ein tenker her gjerne på ulike minoritetar og funksjonshemma. Vitskapen kan ha ei viktig rolle i samfunnet når det gjeld korleis ein skal forstå ulike samfunnsgrupper. Om vitskapen sjølv er med på å betrakte døve som ei svak gruppe, så kan dette i seg sjølv vere stigmatiserande. Her er det viktig å reflektere over mogelege positive og negative konsekvensar forskinga kan få for dei involverte, og i stor grad ta med døve sine eigne meningar og innsikter i betraktninga.

I NESH sine retningslinjer blir det mellom anna tatt opp korleis forskaren sitt menneskesyn blir drege inn i forskinga. Dette kan i mange tilfelle verke berikande på forskinga. Det handlar her om å vere bevisst sine eigne haldningar og korleis desse kan verke inn i forskingsprosessen. Det ein særleg bør ta omsyn til når ein forskar på døve, er det avviket som eksisterer mellom det norske samfunnet sitt syn på døve og døve sitt eige syn på døvheit. Som eg har vore inne på i teorikapittelet finst det ulike måtar å sjå døvheit på. I samfunnet generelt blir det å ikkje kunne høyre sett på som eit avvik, og det naturlege er då å kompensere for dette hørselstapet for å hjelpe den døve personen til kunne fungere i samfunnet. For døve vil eit slikt perspektiv kunne opplevast som at samfunnet ikkje godtar den døve slik ho/han er og ser døve som mindreverdig. Det viktige her, med tanke på at eg er høyrande, er at eg er kritisk til dei oppfatningane kring døve som gjerne blir tatt for gitt i det høyrande samfunnet.

Samtidig som eg bør vere merksam på ulike forståingar av røyndomen og oppfatningar av kva døvheit er, så er det òg viktig at eg heller ikkje ser dei interne haldningane i døvemiljøet som sjølvsagde.

### **5.9. Etikk i internettforsking**

I følgje NESH er internettforsking verdifull både fordi det gjev innsikt i ein ny og viktig kommunikasjonskanal og fordi det gjev mogelegheit til å studere kjende fenomen på nye måtar. Denne type forsking er òg med på å gje kunnskap om kva rettsreglar som gjeld eller burde gjelde for internett (NESH 2003). I tillegg til at vanlege forskingsetiske retningslinjer gjeld for internettforsking er det og nokre aspekt som det bør takast særskilde omsyn til. Den vidare drøftinga her tar utgangspunkt i Association of Internet Researchers sitt skriv "Ethical decision-making and Internet Research" (Ess 2002). <sup>14</sup> Ei fyrste tilråding frå AoIR er at jo meir privat nettstaden blir oppfatta å vere, jo meir omsyn bør ein å ta til det individuelt private, konfidensialitet og rett til informert samtykke. I dette ligg det og ei vurdering av i kva grad menneske på internett skal bli betrakta som offentlege produsentar av mening og informasjon eller som private subjekt. Her må ein då spørje seg i kva grad ein skal sjå nettsamfunn og former for I.M som offentlege eller private arenaer. Nettsamfunnet hallo.no er eit stort nettsamfunn i Noreg, og har over 300.000 aktive medlemmer. Kvar profil og informasjon som medlemmene har lagt ut der er synleg for alle som er medlemmar av hallo.no og som er logga inn, men stengt for alle andre. Eg har i liten grad nytta meg av informasjon som er lagd ut av informantane mine på deira profilar, utanom alder og kjønn. Hallo.no kan i denne forstand sjåast på som delvis offentleg ved at såpass mange har tilgang til profilane, men ikkje heilt offentleg sidan profilane ikkje er tilgjengelege for ikkje-medlemmar av hallo.no. I kva grad alle medlemmene, særleg dei unge, verkeleg tenker igjennom at profilen er tilgjengeleg for svært mange menneske kan diskuterast. Dette er i alle fall eit aspekt som forskrarar bør ta omsyn til i sin bruk av informasjon frå slike personlege profilar. Informasjonen kring alder og kjønn vil eg i denne samanhengen ikkje sjå på som særleg sensitiv og skadeleg for informantane sidan eg uansett har anonymisert dei. Det er fullt mogeleg at informantane kan ha oppgjeve uriktig informasjon kring alder og kjønn. Alder er noko som ein til ei viss grad kan lyge like lett om utanfor internett, mens biologisk kjønn kanskje er det kjenneteiknet ved eit menneske som er mest vanskeleg å skjule i ansikt-til-

---

<sup>14</sup> [www.aoir.org/reports/ethics.pdf](http://www.aoir.org/reports/ethics.pdf) 02.05.06

ansikt relasjonar. På internett derimot kan det vere enklare. Om informantane mine har gjort dette kan eg ikkje vite for sikkert, men det er ingenting som tyder på det.

Msn har på den andre sida preg av å vere eit svært privat område der interaksjonen er lukka og oftast berre skjer mellom to eller eit avgrensa tal personar. I tenesteavtalen frå Microsoft kring msn-messenger blir det klargjort at dei ser bruken av tenesta som privat (Microsoft 2007).<sup>15</sup> Dette vil òg vere den vanlege oppfatninga frå brukarane. Mitt empiriske materiale er i all hovudsak henta frå slike private samtalar på msn-messenger. I informasjonsbrevet forklarte eg kven eg var, kva prosjektet mitt handla om, kva eg var ute etter og korleis eg skulle bruke informasjonen. I tillegg forklarte eg at det var frivillig å vere med, at dei kunne trekke seg når som helst utan grunngjeving, at all informasjon skulle behandlast konfidensielt og at dei skulle anonymiserast.<sup>16</sup> Ingen av intervjua vart gjennomførde før eg hadde forsikra meg om at dei hadde lese igjennom informasjonen og hadde fått tilbake samtykkeerklæring.

Det å hente inn informert samtykke gjennom elektronisk kommunikasjon kan vere problematisk. Ein bør bruke det mediet som best beskyttar informanten og hennar/hans interesser. Samanlikna med vanleg brevpapir, så er elektronisk post meir utsett for sletting og manipulering. I mitt prosjekt såg eg det likevel som føremålsteneleg å bruke e-post til å innhente informert samtykke. For å mogeleg auke sjansen for å få informantar til å takke ja, ville eg minimere den innsatsen dei måtte gjøre for å vere med i prosjektet. Å sende ein e-post blir gjerne opplevd som mykje enklare og raskare enn vanleg brevpost. I og med avstanden mellom USA og Noreg, så var denne metoden å føretrekke, særleg med tanke på tidsbruk. E-post korrespondansen mellom meg og informantane gjekk raskt, effektivt og utan store problem.

I vitskapleg forsking på menneske skal ein ta omsyn til menneske sin sårbarheit med tanke på offentleggjering av det innsamla materialet. Forskaren bør tenke igjennom kva risiko deltakinga i forskingsprosjektet utgjer for informantane, særleg i dei tilfella der informantar vil kunne gjenkjennast. I mitt tilfelle er det ingen av informantane som skal kunne gjenkjennast. Med tanke på anonymisering i internettforskning så gjeld dette både deira verkelege namn og dei kallenamna dei nyttar på internett. Deira online-identitet bør beskyttast i like stor grad som deira off-line identitet (Ess 2002). I dette prosjektet har eg valt å nytte

---

<sup>15</sup> <http://www.microsoft.com/norge/news/view.aspx?id=2570>. 16.02.07

<sup>16</sup> Informasjonsbrevet er lagd ved som vedlegg

vanlege norske namn i anonymiseringa. Med tanke på at døvemiljøet er såpass lite, så bør det takast særskilt omsyn til anonymisering og konfidensialitet fordi sjansen for gjenkjenning vil vere større. Det innsamla materialet i dette prosjektet blir nytt som bakgrunnsmateriale for analysen, og materialet blir i stor grad referert til gjennom direkte sitat.

## **Del III: ANALYSE**

### **Innleiring**

Denne delen av oppgåva skal omhandle analysen av det empiriske materialet. Dei tre analysekapitla er ei kobling mellom teori og empiri der eg skal prøve å dra ut poeng og ulike aspekt frå det empiriske materialet som er relevant for tema og problemstillinga i dette prosjektet. Vidare skal desse aspekta drøftast og fortolkast opp imot eksisterande forsking og teori på området. Det teoretiske grunnlaget har eg gått igjennom i kapittel 2, 3 og 4 og det vil bli drøfta opp mot det empiriske materialet i samband med analysen. I førre kapittel gjekk eg igjennom den metodiske delen av analysearbeidet, og med utgangspunkt i Alfred Schutz sine omgrep 1. og 2. ordens konstruksjonar og Clifford Geerz sitt omgrep ”thick-descriptions”, blir analysen av datamaterialet gjort på to tolkningsnivå.

Det første analysekapittelet skal vere ein introduksjon til det empiriske materialet og gje eit innblikk i nokre av dei aspekta som kom fram under intervjuet. Dette blir gjort gjennom enkle skildringar av det som kom fram og ved direkte sitat frå informantane. Dette første steget i analysen kan knytast til Schutz sine tankar kring 1.ordens konstruksjonar. Eg tar her utgangspunkt i informantane sine utsegner frå intervjuet og dei aspekta som eg meiner er betydningsfulle for dei overordna problemstillingane. Sitata er informantane sine fortolkingar av si livsverd på bakgrunn av spørsmåla under intervjuet. Dette blir ei erfaringsnær fortolking gjennom direkte sitat og er ei primærtolking eller ei råtolking av informantane sine utsegner.

I dei to neste kapitla vil eg gå nærmare inn på to hovudtema der eg vil gjere vidare fortolkingar av datamaterialet. Dette andre steget i analysen er ei vidare tolking av 1.ordens konstruksjonane der eg skal prøve å sette saman eit meir fullstendig bilet av dei ulike meiningsane og fortolkinga frå informantane i forhold til problemstillingane. Dei to kapitla vil på denne måten skildre ulike aspekt ved korleis forholdet er mellom døve ungdomar og problemstillingane i dette prosjektet. Dette er då det teoretiske og faglige tolkningsnivået der meininger og handlingar blir fortolka inn i ein meiningsgjevande kontekst som informanten blir ein del av. Dette inneber å løfte analysen opp på eit meir abstrakt nivå og prøve å setje dei empiriske funna opp mot teori og tidlegare funn.

I kapittel 7 skal eg drøfte temaet døv ungdom og identitet i dagens samfunn. Dette skal belyse den andre delen av problemstillinga. I kva grad ser unge døve på seg sjølve som del av eit

døvefellesskap, ein døvekultur eller ein etnisk minoritet, og kva er i så fall fellesskapen bygd på? Dette inneber ei drøfting av det empiriske materialet opp mot tema som fellesskap og individualitet, samhald og konflikter, grenser, fridom og fleksible identitetar i det seinmoderne samfunnet.

I kapittel 8 vil eg så ta føre meg hovudtemaet i dette prosjektet som handlar om korleis døv ungdom oppfattar internett som eit kommunikasjonsmedium og arena for sosialisering. Kva rolle spelar internett i døve ungdomar sin kvardag, i deira identitetskonstruksjon og for deira sosiale nettverk. Som vi skal sjå har internett fleire viktige funksjonar for døve, både mellom døve, og mellom døve og høyrande ungdom. Samtidig er mogelegheitene som internettkommunikasjon gjev avgrensa av ulike grunnar.

## Kapittel 6

### Primærtolking av datamaterialet

#### 6.1. Kommunikasjon og fellesskap mellom døve

Eit typisk trekk blant mine informantar var at dei hadde flest døve venner og var mest saman med døve venner. Dei som identifiserte seg mest som hørselshemma eller tunghørte hadde flest tunghørte venner og var mest saman med desse. Desse hadde og fleire høyrande venner enn dei som definerte seg sjølv som døve. Når det gjeld kva språk informantane hadde som sitt fyrstespråk, så svarte dei fleste at dette var teiknspråk; "For det er språket vårt" (Kjersti). Det var òg nokre som sa at dei brukte tale til høyrande og dette har gjerne samanheng med at dei hadde såpass hørselsrest at dei følte det gjekk greitt å bruke stemma. Også desse uttrykte at det kunne vere vanskeleg å vere saman med og kommunisere med høyrande, spesielt når dei var mange. For desse var det frigjerande og enklare å kunne bruke teiknspråk. Her utmerka Julie seg ved at ho brukte mest norsk tale og at ho ikkje snakka så mykje teiknspråk. Kommunikasjon med høyrande opplevde ho som vanskeleg, og ho måtte bruke munnavlesing for å få med seg kva som vart sagt. Henrik som også var tunghørt nytta og mest tale, men dette var ikkje alltid like enkelt. Han opplevde det enklare å kommunisere med døve/tunghørte enn høyrande fordi han då kunne bruke teikn i tillegg. Julie hadde og ei liknande oppfatning av det å kunne vere saman med andre døve, sidan ho då slapp å anstreng seg, alle var i same situasjon og det var ingen problem å gjenta ting viss ein ikkje fekk alt med seg.

Dei fleste påpeika at det er mykje enklare å vere saman med døve og å snakke gjennom teiknspråk.

for å være ærlig, så er d mye bedre å være m døve enn m hørende. For da bruker vi tegnspråk hele tiden. Lettere å prate. som sakt, æ r født døv så æ r fullstendig avhengig av tegnspråk - d r herli å være m døve å bare prate uten å må skrive (Cecilie)

ja...for da kan man slippe å tenke så mye på å bli forstått eller å forstå de hørende (... ) vi forstår hverandre, vi vet hva vi gjennomgår når de gjelder i samfunnet (hindrene vi får)<sup>17</sup>, vi snakker vårt eget språk felles  
de hørende kan ikke forstå åssen det å ikke liksom høre (Linda)

Når det gjeld minoritetsomgrepet, så var det ulike syn på samanhengen mellom det å vere døv og det å sjå på seg sjølv som del av ein minoritet. Nokre forstod ikkje omgrepet, mens andre var meir usikre eller ville ikkje definere døve som ein minoritet. Omtrent halvparten av dei intervjua såg ein samanheng mellom å vere døv og del av ein minoritet. Nokre meinte at dei følte seg som del av ein minoritet av og til og i visse situasjonar, og dette var relatert til eit eige språk.

## 6.2. Forhold mellom døve og høyrande

Kommunikasjon er også det punktet som gjer det vanskeleg å vere saman med høyrande, og spesielt fleire høyrande samtidig. Nesten alle informantane eg snakka med påpeika dette.

hvis jeg er på tomannshånd, er det ikke noe problem... har såpass hørselsrest til at jeg kan oppfatte folk hvis jeg munnavleser...men hvis det blir mange, så faller jeg utenfor, og det er jo selvfølgelig kjedelig... (Kari)

Nokre hadde litt mindre problem med kommunikasjon med høyrande enn andre, noko som kan knytast til grad av hørselstap, men det var og ein del som hadde fleire høyrande venner som kunne teiknspråk.

(...) Noen hørende venner er som (å være) døve for noen av dem er utrolig flink i tegnspråk. Så æ bare prater og prater som æ vil uten at dem sier "vent, ta d saktere"

*I: så du har fleire høyrande venner som kan teiknspråk?*

Jepp

spezz ei venninne, hun er som om hun er døv selv nesten  
hun henger ofte m meg og mine døve venner (Cecilie)

---

<sup>17</sup> Linda skrev sjølv inn dette

Eit typisk trekk var at det vart påpeika ein del ulikskapar mellom døve og høyrande. Samtidig uttrykte mange at det ikkje nødvendigvis var så stor avstand mellom dei to gruppene. Fleire av dei meinte at det ikkje var så stor skilnad på å vere saman med høyrande venner i forhold til døve venner og at ein stort sett kunne prate om dei same tinga. Kven ein kunne stole på, og såg på som nære venner hadde òg ofte med andre personlege kjenneteikn enn om ein var døv eller ikkje. Ofte gjekk dette på tillit og nærleik til venner. Samtidig som døvemiljøet vart opplevd som noko trygt og positivt, kom det og fram ein del negative ting som handla om storleiken på miljøet og tillit til andre.

...det er også veldig greit å ha hørende venner som står "utenfor" døve, pga det er forferdelig mye rykter blant døve, og folk som ødelegger for hverandre, vet ikke hvem kan stoles på, så, sånne intime samtaler er nok best med en hørende (Silje)

I det døve miljøet er det ofte rykter, sladder osv, fordi miljøet er lite! Mens det hørende er større, og ikke alle kjenner hverandre - mens ALLE døve vet hvem andre døve er... (Kjersti)

### **6.3. Kor viktig er internett for unge døve?**

Samtlige av mine informantar svarte at dei brukte msn til å halde kontakt med venner. Eit typisk trekk var at informantane mine hadde mest kontakt med døve gjennom internett, nokre hadde om lag like mykje kontakt med høyrande som døve, mens to av dei hadde mest kontakt med høyrande. Det var ingen klare koblingar mellom sjølvdefinert hørselsstatus og kven ein hadde kontakt med på nett, men det var ein tendens til at dei som identifiserte seg mest som Døve og som brukte mest teiknspråk, hadde mindre kontakt med høyrande gjennom internett. Under intervjuva var det særleg svara på eit av spørsmåla som peika på kor viktig internett og nettkommunikasjon kan vere for mange døve. Dei fleste uttrykte at det å vere utan internett ville vere problematisk, og for nokre ville det vere svært problematisk. Det vart her peika på at ein ville sakne venner og hatt færre venner, både døve og høyrande. Ein ville følt seg svært isolert, og fleire uttrykte ein avhengighet av internett som kontaktmedium. Nokre av dei sterkeste uttrykka for dette var at dei ville dø viss dei ikkje hadde internett. På dette punktet skilde Marianne og Tor-Arne seg ut. Marianne meinte at det kunne vere frustrerande å ikkje få sjekka e-post mellom anna, men elles var ikkje det så farleg. Tor-Arne ville sakne meir å vere utan mobiltelefon enn å vere utan internett. Han samanlikna sin eigen tidsbruk på

internett i forhold til andre og peika på at han ofte berre sat 3 timer framom datamaskinen, mens mange døve gjerne sat frå 5 om ettermiddagen til 2-3 om natta.

æ klarer meg bare ik uten, blir avhengig av å prate m de andre. Æ har ei bestevenninne fra Bergen, d r mye enkelere å snakke p msn enn å sende mld (Cecilie)

kan klare meg uten internett i noen dager, men det ville vært kriiise å ikke ha kontakt på en evighet... (Linda)

#### **6.4. Translokalitet, transnasjonalitet og internett**

Alle informantane mine deltok ofte eller hadde deltatt på ulike arrangement, samlingar eller idrettsturneringar for døve rundtom kring i Noreg. Nokre av dei var òg med på å arrangere slike samlingar og var aktive i arbeidet for å skape arrangement og stader der døve kan møtast. Om lag halvparten av informantane hadde også kontakt med døve utanfor Noreg og fleire hadde vore på døvesamlingar, leirar og idrettsarrangement for døve og på skulebesøk utanlands. Gjennom desse treffa dei døve frå utlandet og mange fekk god kontakt med døve dei møtte. På spørsmål om dei hadde kontakt med døve utanlands, svarte to av informantane mine dette:

Ja, og det skjedde faktisk for noen uker siden når det foregikk Europas mesterskap i fotball i Latvia, Riga, der land mot land spilte mot hverandre. der møtte jeg noen fra utlandet og holder kontakt med de via msn og mobil.

*I: har du blitt kjent med dei?*

Ja, og det skjedde via kroppspråk. det er en god fordel for døve og tunghørte fordi via tale så er det ikke alltid lett å kommunisere når et land kanskje ikke kan engelsk. men det går via tegnspråk fordi mye av det er likt og mange døve er flinke med kroppspråk også.

*I: forstår....har du ofte kontakt med dei?*

Ja har ofte kontakt med de, og det blir ofte brukt web cam, slik at vi kan kommunisere på tegnspråk, en god fordel for oss døve (Rikke)<sup>18</sup>

---

<sup>18</sup> Stad er anonymisert

ja, absolutt! min beste venninne er en døv, dansk jente...og da jeg var i tyrkia og tilfeldigvis traff en muslimsk døv jente, så var det kontakt med en gang... døvhets gir fellesskap og forståelse, reiser du til utlandet og treffer noen døve, så er det helt naturlig å komme i kontakt! på den vgs jeg gikk på ble det arrangert nordiske sammenkomster annenhvert år, og vi hadde utvekslingsarbeid med bla tsjekkiske døve

*I: ok...speler internett noken rolle i dette?*

absolutt! msn er kjempeviktig for å holde kontakten med utenlandske venner, og det går jo mye raskere å sende epost og filer enn å sende brev... (Kari) <sup>19</sup>

Det som og skjedde under desse treffene var at ein fekk kontaktinformasjon som e-postadresser og telefonnummer slik at kontakten kunne oppretthaldast. Chatting var her svært viktig for å kunne bli betre kjent og halde kontakten med kvarandre. Tor-Arne var ein som skilde seg ut her, han hadde mange venner i utlandet, men han brukte meir SMS og mobil enn internett for å halde kontakt med desse.

*I: har du likevel kontakt med vennene i utlandet, sjølv om du ikkje har kontakt gjennom internett?*

jepp...har kontakt med venner i utlandet uten internett...klarer meg fint...

*I:ok. korleis? Brev? Mobil?*

mobil...

eller tekstelefon...

eller bildetelefon... (Tor-Arne)

Når det gjeld nettsamfunn og translokal kontakt, så var fleire av informantane medlem på Dovas.se, som er eit nettsamfunn retta inn mot døve i heile Norden. Informantane hadde her kontakt med andre døve utanfor Noreg. Nokre hadde møtt kontaktene på Dovas.se, mens andre hadde dei på sin msn. Alt i alt fekk eg inntrykk av at sjølv om mange var medlem på denne sida og hadde potensiell mogelegheit til kontakt med døve utanfor Noreg, så var interessa for dette nettsamfunnet ikkje så stor.

---

<sup>19</sup> Stad er anonymisert

## 6.5. Nærleik til høyrande gjennom internett

Eit av forskingsspørsmåla i dette prosjektet har vore om ikkje internett kan betre kommunikasjon og kontakt mellom døve og høyrande. Ein sterk tendens frå intervjuet er at dette er tilfelle. Aspekt som kom fram var at det er lettare og tryggare å snakke med høyrande gjennom skrift, og enklare å oppnå kontakt med høyrande. Likevel hadde dei fleste meir kontakt med døve gjennom internett enn høyrande.

mange døve er ikke så sterke i norsk skriftlig, så de er det ofte lettere å prate med i "real life"...mens med hørende (som ikke kan tegn...)<sup>20</sup> føler jeg meg mest trygg gjennom nettet, for da er jeg sikker på at jeg forstår det som blir sagt, og ikke misforstår noe... (Kari)

Eit anna aspekt er det å kunne bevege seg fritt på internett og særleg i nettsamfunn som hallo.no. I slike nettsamfunn kan ein legge inn den informasjonen ein vil om seg sjølv og ein kan chatte med andre som har profil der. Her kan døve opptre og framstå akkurat som alle andre og velje sjølv om dei vil seie at dei er døve. Mange av informantane mine opplevde at det var enklare å snakke med høyrande gjennom internett enn elles, og nokre hadde også funne høyrande venner gjennom internett.

*I: trur du at internett kan vere med på å føre høyrande og døve nærmare?*

ja, d trur eg nok. E man hørende, tar man kanskje ikkje kontakt m døve og omvendt, men på internett e d ingen som "ser" at man e døv...

*I: forstår...er det då enklare å bevege seg på internett? Meir fritt?*

ja, d vil eg påstå

*I: at døve føler seg like alle andre?*

Ja, Eg gjør iallefall d

*I: er det noke du kan komme på som er ulikt for høyrande og døve på internett?*

Nææ...Ikkje som eg kjæm på i farta...

*I: forstår eg deg riktig viss eg seier at internett kan hjelpe døve til å få kontakt med både døve og høyrande?*

ja, d gjør du :)

*I: er det noken forskjellar her, som du kan komme på?*

---

<sup>20</sup> Kari skrev sjølv inn dette

Forskjella på ka?

*I: enklare å få kontakt med døve i forhold til høyrande, eller omvendt?*

Nei, døve e som sagt menneska dem og. Vi e akkurat som hørende. Når stemme kjemien med, andre ikkje. Heilt uavhengig om man høre eller ikkje (Julie)

Men å bevege seg fritt på internett og å ha kontakt med andre utan å avsløre at ein er døv kan også vere eit problem. Tor-Arne fortel her om kvifor det ofte er best å fortelje at ein er døv tidleg i relasjonar med høyrande på nett.

En del døve *sitter mye* på data på hverdagene fordi de prøver å bli kjent med hørende, fordi de syns at det er vanskelig å kommunisere med hørende når de er i byen, data er lett å snakke med og mange *hørende* de vet ikke at de er døve, typisk døve, til slutt innrømmer de at de er døve, mange hørende dropper de døve fordi *de* innrømmer så sent...typisk...altså jeg er meg, sier alltid først at jeg er døv og sånn... de blir interessert i samtalens ...*bedre* enn å innrømme sent. (Tor-Arne)

Hallo.no er eit stort nettsamfunn i Noreg og er ikkje retta inn mot noko spesiell gruppe. Her er det fritt for å ta kontakt med kven som helst. Det var likevel ein tendens til at informantane som nytta denne sida ofte, hadde mest kontakt med døve eller like mykje kontakt med døve og høyrande. Nokre hadde kontakt med ungdom dei ikkje kjende frå før, mens flesteparten hadde mest kontakt med venner som dei kjende. Det var også ein tendens til at dei eldre jentene som brukte eller hadde brukt hallo.no ikkje var så interesserte i det lenger, og at gutane var mindre interesserte i det enn jentene.

## Oppsummering

I dette kapitelet har eg prøvt å gje eit bilet på kva som kom fram under intervjuet eg gjorde med informantane mine. Nokre av aspekta som kom fram var at dei hadde flest døve venner og var mest saman med desse. På internett hadde dei også mest kontakt med andre døve, både nære venner og kjende rundt omkring i heile Noreg og utanfor Noreg. Kommunikasjonsforma og språket viste seg å vere det aspektet som i størst grad kjenneteikna fellesskapskjensla med andre døve. Dette var også det som utgjorde den største barrieren mellom døve og høyrande. I tillegg til internettkommunikasjon og effekten på døve sine sosiale nettverk, så fører døvesamlingar og arrangement rundt om i Noreg til at

døvefellesskapet får ein translokal karakter. I tillegg til mange positive aspekt ved døvemiljøet vart det òg peika på mykje rykte og sladder i døvemiljøet i Noreg. Alt i alt uttykte informantane eit syn på internett som ein viktig del av deira kvardag og ein nøkkelenkanal for kontakt og kommunikasjon med andre døve og til ein viss grad mellom døve og høyrande. I dei neste to kapitla skal eg ta føre meg nokre av aspekta som har kome fram i denne fyrste analysedelen og drøfte desse vidare. Eg skal også prøve å løfte diskusjonen opp på eit høgare abstraksjonsnivå ved å setje mine funn i relasjon med tidlegare funn og teori.

# Kapittel 7

## Døv ungdom og identitet

### Teiknspråket og døvelesskapet; knutepunkt og barriere

#### **Innleiing**

I dette kapittelet skal eg prøve å dra linjer mellom mitt empiriske materiale og tidlegare forsking og teori når det gjeld døvheit, identitet og fellesskap i dagens samfunn. Poenget er ikkje å prøve å nå fram til den eine endelege sanninga om døve ungdomar sitt forhold til desse tema, men å vise korleis ei gruppe døve ungdomar i Noreg på ulike måtar stiller seg til desse problemstillingane, og gjennom ei vidare tolking prøve å abstrahere desse livserfaringane og relatere dei til eksisterande forsking og teori.

#### **7.1. Sosial døvheit**

Som eg var inne på i innleiingskapittelet så har ikkje den eksakte graden av hørselsrest så mykje å seie i dette prosjektet, men ut frå det empiriske materialet er det mogeleg å sjå eit skilje mellom dei som er heilt døve og dei som har ein liten hørselsrest. For dei som har ein viss grad av hørsel, vil nok omgrepet sosial døvheit vere ei passande skildring (Østberg 1998: 23). Jonas var den einaste av informantane som brukte denne merkelappen på seg sjølv: "Jeg er sosialt døv, noe som innebærer at jeg ikke klarer helt å følge med når det er flere enn to eller tre som prater..." Denne måten å sjå døvheit på får fram det relasjonelle og situasjonsbestemte ved døvheit, der ein i nokre situasjonar kan fungere som høyrande, mens ein i andre situasjonar fungerer som døve. Rikke var ei av dei som kunne kommunisere med høyrande gjennom tale:

*I: bruker du teiknspråk?*

Ja, har brukt tegnspråk helt siden jeg begynte i en barnehage for døve når jeg var 4, men har også brukt en del tale gjennom oppveksten og gjør det forsatt idag.

*I: så du pleier å snakke og bruke stemma når du er saman med høyrande?*

ja, har gjort det gjennom hele livet, de fleste hørende kan ikke tegnspråk så det er lettere å kommunisere via tale enn tegnspråk.

*I: er det noke du opplever som vanskelig fordi du er hørselshemma?*

Ja, det er at jeg hører dårlig og oppfatter ikke alt som blir sagt når det er mye støy rundt meg. Det er også vanskelig på skolen fordi det er ikke alltid jeg får tolk og det er ikke lett å forstå lærerene hele tiden (...) (Rikke)

Ohna peikar på at den sosiale modellen er kritisert for å oversjå individet fordi den legg problemet over på samfunnet. Viss samfunnet blir endra, så forsvinn funksjonshemminger (Ohna 2000). Her meiner eg Ohna er uklar og eg vil i staden hevde at dette ikkje er så stort problem i seg sjølv, men at det peikar på korleis funksjonshemminger eller etnisitet er kategoriar som er sosialt konstruerte (Becker 1963, Lane 2005). Eit eventuelt problem ved det sosiale perspektivet på døvheit kan vere at ein overlet individet til omgjevnadene der det aktive og intensjonelle ved individet forsvinn og ein ser individet slik Bourdieu; som sosialt konstruert heilt i det inste (Bourdieu og Wacquant 1995). Sosial døvheit viser her både til det fysiske ved grad av hørselsrest og til korleis ytre omstende ved sosiale situasjoner verkar inn på menneske sine handlingsrom og identitet. Det var få av informantane mine som ikkje kunne høre ein einaste lyd, og fleire av dei høyrde mykje på musikk og kunne delta i munnlege samtalar om situasjonen tillèt det. Den sosiale døvheita gjorde seg gjeldande når det vart mange i ein interaksjonssituasjon, når venner snakka på same tid og når det vart for mykje støy. Sjølv om dette perspektivet ikkje fangar opp individet si eventuelle kulturelle tilknytning til ein Døv identitet, så er det likevel med på å skildre korleis mange unge døve opplever det å kunne bevege seg mellom identitetsposisjonar, mellom ei høyrande og ei døv verd, og korleis omstende ved sosiale situasjoner er med på å avgjere deira handlingsrom. Individuell identitet er ikkje fast eller sjølvforsynt, men er relasjonelt avhengig av det som er utanfor den (Laclau 1990). Sjølvet er ”contingent”, ikkje-determinert, men samtidig ikkje eit fritt val.

## **7.2. ”vi har samme språk og forstår hverandre”**

Når menneske identifiserer seg med ei folkegruppe, så kan dei gjere dette på mange måtar. Det å tilhøre ei gruppe kan vere mange ulike ting for ulike personar. Dei ulike tydningane kan igjen avspegle den enkelte sine spesifikke erfaringar, som igjen har samanheng med den enkelte sin posisjon (Prieur 2002). I teorikapittelet drøfta eg ulike innspel når det gjeld å sjå døve i eit minoritetsperspektiv. Som det empiriske materialet mitt viser, så er det ulike oppfatningar kring omgrepene, men få som direkte kan setjast i opposisjon mot eit slikt perspektiv. Det viktigaste aspektet er i alle fall teiknspråket som grunnlag for fellesskap mellom døve. Som mellom anna Haualand påpeikar så er eit felles språk den viktigaste

faktoren for å kunne sjå døve som ein eigen lingvistisk minoritet (Haualand et.al. 2003). Tendensen i materialet er at det først og fremst er teiknspråket og måten å kommunisere på som konstituerer dei som ei eiga gruppe og som gjer dei ulike frå andre ungdommar.

Når jeg er sammen med døve, altså "en av mine egne", så er det mye lettere å være meg selv, bruke mitt språk og liksom prate hele tiden. Når jeg er sammen med hørende blir jeg ofte definert som sjenert, men det er bare fordi jeg ikke snakker så mye - fordi jeg ikke får med meg det alle sier. F.eks på fest, så blir det ofte sånn. Men det spørst om de hørende kan tegnspråk eller ei. (Kjersti)

Språk og kommunikasjon blir på denne måten opplevd som ein styrke og kjelde til fellesskap. Med utgangspunkt i teiknspråket kan dei utveksle erfaringar, tankar, opplevingar og kunnskap omkring eigne liv. Heidi og Julie svarte dette på spørsmål om det er forskjell på ting ein kan snakke med døve og høyrande om: "ja, føler meg tryggere på døve enn på hørende" (Heidi)

Ja, absolutt. Erfaringer og sånne ting i forhold t d meste. Forhold, jobb, skole, hverdagslige ting.. Hørende har jo ikkje anelse

*I: gjer dette at det er enklare å snakke med døve?*

Om sånne ting, ja... Men ellers e d akkurat d samme. Har eg et problem som angår hørsel, så tar eg heller kontakt m mine døve venna, enn hørende venna (Julie)

Som nemnt i fyrste analysekapittel så var ikkje Julie så sterkt i teiknspråk. Det er altså ikkje berre kommunikasjonsforma men òg bakgrunnen for og innhaldet i kommunikasjonen som skaper fellesskap. Den felles eigenskapen ved det å vere døv gjer at ein har fleire like erfaringar, og dette blir opplevd som positivt og som ei kjelde til samhald, tryggleik og forståing. Andre aspekt som kom fram kring interaksjon og fellesskap med døve var at humoren var meir lik og at ein hadde det meir moro i døvemiljøet. "...hvis jeg vil ha det gøy, festlig, le masse og føle meg fri, så er det topp å være med døve..." (Kari).

*I: opplever du at det er noken forskjell på kva du kan prate med døve om, i forhold til høyrande?*

åssen vi opplever det å være døv, me de hørende så blir det litt mer overfladisk... de skjønner jo ikke åssen det er (Linda)

Ut frå mitt intervjemateriale kan ein knyte fleire utsegner og informasjon frå intervjuet opp mot dei fleste av Harlan Lane sine karakteristikkar på døve som ein eigen minoritet. *Språk* og *fellesskapskjensle* er dei som tydelegast kom fram blant mine informantar. Dette samsvarer òg med ein av Gerard Chailand sine karakteristikkar av døve som ein minoritet; gruppemedvit. Mange av dei andre karakteristikkane som Lane peikar på er såpass breie kategoriar at eg lett kan finne eksempel frå mitt intervjemateriale og knyte det opp imot karakteristikkane. I dette prosjektet derimot er poenget å få fram dei døve ungdomane sine opplevingar og synspunkt på fellesskapet mellom døve ungdomar og deira oppleving av eigen identitet i forhold til dette. Vidare karakteristikkar av heile døvekulturen i Noreg, som Lane sitt omgrepsskjema kunne passa betre til, har ikkje vore noko mål i dette prosjektet. Chailand sine to andre karakteristikkar; kollektive minne og kollektiv overlevingsvilje er mindre synleg i mitt materiale, men det er likevel nokre av informantane som peikar på dette<sup>21</sup>, noko eg skal kome inn på om litt. Det er altså nokre aspekt ved det å sjå på døve som ein språkleg, etnisk eller kulturell minoritet som mitt intervjemateriale støttar opp under. På same tid er det andre kjenneteikn ved slike minoritetar som ikkje passar med opplevingane mine informantar har av døve som gruppe og sin eigen identifikasjon med og kjensle av fellesskap med andre døve. Johans Sandvin fann i sin studie av menneske med funksjonshemminger at svært få av dei unge døve informantane nytta omgrepet ”oss/vi” om døve menneske (Sandvin 2003). Det var også få som refererte til andre former for kollektiv. Mitt materiale viser likevel at unge døve har ei fellesskapskjensle med andre døve. Eg skal no gå litt meir inn på informantane si oppleving av døve som ein minoritet.

### **7.3. Minoritet? ”ikke alltid, men noen ganger”**

Minoritetsomgrepet er i dette prosjektet fyrst og fremst eit teoretisk omgrep som skal vurderast opp imot unge døve si oppfatning av eigen identitet. I løpet av dei siste 25-30 år har minoritetsperspektivet utvikla seg og fått godt fotfeste i det etablerte døvemiljøet i Noreg og har lenge vore eit aktuelt tema kring døve og identitetspolitikk (Breivik 2001, Haualand et.al. 2003). Ved direkte spørsmål kring det å vere del av ein minoritet sa nokre av informantane at dei følte seg som del av ein minoritet av og til og i visse situasjonar, og dette var relatert til eige språk og eigne rettar. Elles var det fleire som ikkje forstod omgrepet og eg nytta då andre liknande omgrep. Alder kan ha spelt ei rolle ved at mange kanskje ikkje hadde høyrt omgrepet eller knytt det opp mot døve før. Alder er òg eit viktig aspekt med tanke på tidspunkt for

---

<sup>21</sup> Julie: ”egen kultur og historie ” og Tor-Arne om frykta for at døve ville bli uttrydda pga C.I

sosialisering inn i døvekulturen og forståinga av døve som gruppe. På grunn av den translokale naturen til døvheit kan det ta lenger tid før sosialiseringa inn i eit eventuelt døvefellesskap tar til. Dette kan vere noko av grunnen til at fleire av informantane mine ikkje hadde utvikla ei sterk kulturell tilknyting det å vere døv. Mogeliggvis kan dette forklare litt av variasjonen i korleis mine informantar såg på døve som ei minoritetsgruppe, men om informantane mine forstod omgrepene minoritet eller ikkje, har lite å bety for mine analysar.

I følgje Prieur blir gjerne etnisk bakgrunn viktigare for unge menneske gjennom tenåra. Gjennom intervju med unge menneske med innvandrarbakgrunn fann ho at mange ungdommar som vaks opp med norske leikekameratar utan å kjenne seg annleis, i løpet av tenåra utvikla ei stadig sterkare tilhørsle til foreldra si etniske gruppe, og i tjueåra nesten utelukkande hadde kontakt med andre med same etniske bakgrunn (Prieur 2002). Dette har òg Mette Andersson funne i si undersøking av ungdomar med minoritetsbakgrunn (Andersson 1999). I forhold til mine informantar kunne eg sjå ein liknande tendens hos nokre, der dei etter kvart som dei vart eldre, vart meir ein del av døvemiljøet og mindre i kontakt med høyrande. Lise var ein av desse:

av og til er det kjekt å være sammen med hørende, og av og til er det ikke kjekt.  
før var jeg mye sammen med hørende pga vi pleide å leke sammen. nå leker vi  
ikke lenger for vi er store. de begynner å prate om alt ting (som), og jeg kan ikke  
forstå dem (Lise)

Ein viktig forskjell mellom mine og Prieur sine informantar er at hennar sine vende seg innover mot foreldra si etniske gruppe og andre med utanlandsk bakgrunn, mens døve i slike tilfelle oftast må gå utanfor familien for å finne det etniske fellesskapet. Dette kan skje tidleg i barneåra gjennom å gå i døvebarnehage eller døveskule og der finne sine likesinna. For andre kan det skje relativt seint eller kanskje aldri. Julie hadde ein plan om å flytte og begynne på ein døveskule, og ho rekna med at ho då ville bli del av eit større døvefellesskap.

(...)...Hadde vel følt meg meir som døv om eg hadde vært meir med døve  
Har nåkka m miljøet å gjøre, trur eg  
*I: ja!:) savner du det?*  
Ja, av og tell gjør eg d  
(...)

*I: ok...trur du at du noken gang vil bli meir som ein del av døvemiljøet?*

Ja, d trur eg. T neste år skal eg gå på Ål folkehøgskole, som e en skole for døve og hørselshemmede, og man lære tegnspråk der. Etter d kommer eg nok sannsynligvis t å fløtte t trondheim der d e døvemiljø, og skal utdanne meg som døvelærer...så d blir nok mykkje av d i framtida (Julie)

Tor-Arne var ein av dei som ikkje nytta omgrepet minoritet, men var ein av dei som uttrykte seg sterkest kring døve som ei eiga gruppe basert på språk og samhald. Tor-Arne var og den som hadde sterkest meiningar mot C.I og var redd for at døve som gruppe i framtida kom til å forsvinne. Dette var knytt opp mot synet på C.I som eit åtak på døve som ei etnisk gruppe, der C.I eller andre inngrep i siste instans vil føre til uthyrding av døve som eiga gruppe, eit ethnocide, genocide eller linguicide (Frontrunners2 2006).<sup>22</sup> Eit anna interessant funn kring døve som ein etnisk minoritet var at Julie, som kanskje var den som hadde minst med andre døve å gjere og brukte minst teiknspråk, var den som uttrykte seg klarast kring døve som eiga minoritetsgruppe.

Absolutt. D e ei grupper m egne rettigheita, og egen kommunikasjonsmåte og egen kultur og historie (Julie)

Sidan ho budde meir isolert frå andre døve og var mest saman med høyrande i kvardagen kan det vere at ho i større grad måtte vere aktiv for å skape eller behalde ein identitet som døv. Ho måtte konstant forholde seg til høyrande og opplevde kommunikasjon som vanskeleg. Ho nemnde òg at lærarar på skulen hennar ofte tvilte på hørselstapet hennar fordi ho hadde gode karakterar. Det kan vere at ho i mindre grad kunne ta det for gitt at ho var døv fordi ho meir måtte kjempe for å bli høyrt og sett som døv<sup>23</sup>, i motsetning til unge døve som er del av eit lokalt døvemiljø og ser det som ein sjølvsagt og naturleg del av eigen identitet. Eit anna interessant aspekt ved Tor-Arne og Julie er at dei begge har ein ikkje-norsk etnisk bakgrunn, noko som kan ha hatt ein innverknad på korleis dei oppfattar seg sjølve og døve som gruppe. Personlege erfaringar med dette kan ha vore med å forma deira syn på døve og deira merksemd mot døve som ei minoritetsgruppe og seg sjølve som fleirkulturelle. Dette var likevel ikkje tema under intervjua.

---

<sup>22</sup> <http://www.frontrunners2.dk/visualmedia/genocide.html>. 02.10.2006

<sup>23</sup> Ho var sterkt tunghørt, men kjende seg best igjen med døve

Multikulturell er eit anna omgrep som kan vere med på skildre døv identitet i dag. Gjennom deltaking på fleire ulike arenaer i samfunnet kan døve på mange måtar sjåast på som multikulturelle med skiftande deltaking i ulike verder der dei nyttar ulike fortolkingsrammer i ulike kontekstar og er tvetydige når det gjeld eigen identitet (Haualand et.al. 2003). Mine funn viser mykje av det same som Haualand sine, der unge døve i dag på fleire måtar identifiserer seg som ein kulturell eller språkleg minoritet. Samtidig vil dei ikkje bli sett i bås eller at døve skal vere ein isolert minoritet. Haualand sine informantar opplevde både den høyrande verda og den døve verda som naturlege arenaer for deltaking. Dette fann eg hos nokre av mine informantar, men det var fleire som peika på det dei opplevde som hindringar for meir deltaking i den høyrande verda, på trass av eit ynske om og forsøk på deltaking. Kari som såg seg sjølv som ”en tospråklig døvblitt”, var engasjert og sterkt inne i døvmiljøet. Ho opplevde at det å vere avhengig av andre for å for eksempel ringe og bestille legetime, kunne vere vanskeleg sidan ho gjerne ville vere sjølvstendig, samtidig deltok ho lett i den høyrande verda. Her fortel ho kring skilnader mellom døve og høyrande og korleis ho føler ho kan ta del i begge verder:

det er veldig forskjellig humor...og døve og hørende har forskjellig syn på verden...ta bare ci-debatten for å sette det på spissen....hørende forstår ikke hvorfor noen døve ikke vil ha ci, og døve forstår ikke hvorfor hørende syns det er så viktig å kunne høre :P<sup>24</sup>

*I: føler du at du er i ein spesiell situasjon, at du kan sjå det fra begge sider?*

ja, absolutt...det kan hende jeg bare er enig med en av partene, men jeg har såpass innblikk i begge kulturer at jeg vil tro jeg har lett for å sette meg inn i den andres ståsted (Kari)

Kari kan her passe inn i det Haualand kallar ein ny generasjon av multikulturelle unge døve i Noreg. Ein generasjon av unge døve med fleire tilhørsle til ulike felt, miljø og menneske (Haualand et.al. 2003). Dette er gjerne ei gruppe som skil seg frå eldre døve som kanskje kan skildrast som å ha ein meir utprega ”motstandsidentitet” og sterkare grenser mellom den ”høyrande”-, og den ”døve”-verda. Sandvin sitt intervjuområde syner også at yngre skil seg frå eldre i måte å tenkje kring fridom i eige liv og identitetsforming. Dei yngre ville ikkje skilje seg ut, og såg ikkje seg sjølve som noko særleg annleis enn andre unge. Dei hadde sine

---

<sup>24</sup> Smileteikn

eigne personlege livs-prosjekt med referansar berre til eigen sjølv-identitet og eigne interesser (Sandvin 2003). Sandvin sine døve informantar meinte at døvemiljøet vart for kjedeleg og at dei eldre ikkje lenger forstod dei yngre. Når kommunikasjonen mellom høyrande og døve aukar, blir kanskje grensene meir diffuse i forhold til inkluderings- og ekskluderingsfunksjonane. Dette kan vere eit døme på eit grensearbeid der samhandlinga på tvers av grensene er med på å forme funksjonane, og at det er ein auka fridom når det gjeld identitetsforming i moderne samfunn, i alle fall for unge døve menneske i Noreg.

#### **7.4. Meir fridom i identitetskonstruksjon?**

Som eg har vore inne på tidlegare kan unge døve i dag ta døvheita si meir for gitt og det å vere døv er i mindre grad enn før grunnlag for identitet. Dette kan vere på same måte som at høyrande menneske i liten grad byggjer identitet på det å kunne høre fordi dette er noko ein tar for sjølvsagt. Mange av dagens unge døve har kanskje eit anna forhold til det å vere døv enn eldre døve. Dette kan relaterast til Giddens sine tankar kring individet sin identitetskonstruksjon i det seinmoderne samfunnet der det er meir opp til individet sjølv å aktivt ta del i sin eigen identitetskonstruksjon. Individet har her mange fleire mogelegheiter enn tidlegare til sjølv å velje dei gruppene eller dei interessene som ein vil identifisere seg med. Dette kan være med på å gje dei meir rom og fridom til å utforske og bruke andre identitetskategoriar enn berre Døvheita. Med omsyn til orientering mot venner påpeikte fleire av mine informantar at det ikkje nødvendigvis var dei store skilnadene mellom døve og høyrande venner, eller mellom døve og høyrande som personar.

men døve og hørende er ganske like også da

*I: så du meiner at døve og hørende er nære hverandre?*

ja (Karianne)

Ein kan tolke dette på den måten at dei ikkje berre vil bli sett på som eller ser på seg sjølve som berre Døve, men at dei heller opplever at dei har fleire identitetskategoriar og identitetsmarkørar enn berre det å vere døv. Breivik nemner i denne samanhengen omgrepet situasjonsavhengige identitetar for å skildre korleis døve sin identitet er i stadig omskifting med ulike referanse-, og relevanse-rammer og rørsler inn og ut av ulike sosiale kontekstar. Sosial døvheit er og eit perspektiv som skildrar dette. I likskap med Laclau, og Giddens sine kontekstavhengige subjektposisjonar, hevdar Breivik at identitet i dag er meir kjenneteikna av situasjonsavhengige aspekt og han siktar her særleg til døve (Breivik 2001: 102, Breivik 2006,

Giddens 1991, Laclau 1990). Det er på ulike arrangement for døve at Døve-identiteten verkeleg blir manifestert og hylla, mens ein i kvardagen elles kan bevege seg innom ulike identitetskategoriar og arenaer. Som eg nett har vore inne på kan dei oppleve å vere del av ein minoritet i visse situasjonar, samtidig var det nokre av informantane som brukte omgrep handikap og funksjonshemma i tilknyting til døve, i tillegg vil unge døve i dag og kunne sjå på seg sjølve som heilt vanlege ungdomar som lever vanlege liv (Haualand 2001, Sandvin 2003). Samtidig har døve fleire hindringar i kvardagen. Det vil for dei fleste døve vere vanskeleg å vere Døv heile tida, i og med at dei bur i eit høyrande samfunn og må tilpasse seg samfunnet dei lever i. Det seinmoderne samfunnet inneber kanskje visse endringar når det gjeld identitet og identitetskonstruksjon, samtidig tyder ting på at desse endringane ikkje er tilfeldige eller uavgrensa, særleg for døve. Som Bourdieu kunne sagt det vil endringane i habitus eller identitet skje på bakgrunn av det føregåande.

### **7.5. Døv som eit aktivt val?**

For dei unge døve som har ein viss grad av hørsel og som opplever å kunne delta i den høyrande verda, kan det å identifisere seg som kulturelt døv tolkast som å vere meir eit aktivt val. Som eg nemnde over så er det vanskeleg å vere døve heile tida, og det kan for fleire vere vanskeleg å bli godtatt som døv. Av denne grunn kan det vere at dei som ikkje tar del i eit døvemiljø og dei som i nokre tilfelle kan passere som høyrande (sosialt døve) meir må kjempe for eller aktivt handle for å bli godtatt som døve. Det sosiale stigmaet som samfunnet plasserer på dei på grunn av hørselen, er kanskje ikkje synleg nok for andre til at dei blir sett på som døve. Julie opplevde av og til at lærarar kunne behandle henne dårlig fordi hennar hørselsproblem kanskje var ”synleg” nok:

*I: føler du deg diskriminert?*

Ja, av og tell. Spesielt av læreran mine. Eg har gode karaktera, å dæm meine d  
ikkje går ann å ha sånne karaktera og samtidig høre så dårlig. Dæ'm bruke å sei at  
”ja, du høre d du vil høre” og sånne ting

å?

Ja.. :/<sup>25</sup>

*I: det var ikkje bra*

Nei, d e utrulin tungvint (Julie)

---

<sup>25</sup> Uttrykk for misfornøgd ansikt

På fleire måtar kan ein sjå korleis Julie gjer eit aktivt val om å ta del i døvekulturen og å ville ha kontakt med andre døve ungdomar. Det aktive ligg i at ho gjerne sjølv må engasjere seg for å få kontakt med andre døve for å kunne dele erfaringar. Det kan og ha vore opplevd meir som eit val under tvang for å få delt sine erfaringar med andre som kan forstå hennar situasjon. Det seinmoderne samfunnet krev gjerne meir aktiv refleksjon og identitetsarbeid hos unge menneske, og kanskje særleg når menneske ein kjenner fellesskap med ikkje finst i geografisk nærleik.

## 7.6. Språklege hinder

Ei felles kommunikasjonsform og evne til å kunne kommunisere med kvarandre er kanskje den viktigaste føresetnaden for menneske til å interagere og til å forme fellesskap. Språk og kommunikasjon utgjorde hovudforskjellen eller avstanden mellom høyrande og døve for mine informantar, og døve generelt er nok meir medvitne om den rolla språk og kommunikasjon har i kvardagen enn andre menneske. Kvar dag blir dei konfrontert med og må forholde seg aktivt til språklege hinder som må forserast. Dette såg vi mellom anna hos Kjersti, Cecilie og Linda som eg viste i førre kapittel. Dette er òg eit aspekt som kom fram under dei fleste intervjua. Endå finst det avgrensingar for i kor stor grad døve kan delta på "høyrande" arenaer på same måte som høyrande og i lag med høyrande. Det finst og indre skilje mellom døve for i kor stor grad dei kan delta på "høyrande" arenaer. Nokre aspekt som informantane mine nemnde var mellom anna mogelegheiter for jobb, snakke i vanleg telefon og generell forståing frå høyrande menneske. Heidi fortalte at ho tidlegare hadde deltatt i ein "vanleg" idrettsklubb, noko som hadde fungert bra. Men etterkvart vart det så mange deltakarar at det vart for vanskeleg kommunikasjonsmessig. Her ser vi korleis ein interaksjonssituasjon, der ho før hadde fungert tilstrekkeleg, etter kvart vart ein situasjon der ho vart sosialt døv. For døve vil det ofte vere vanskeleg å vere saman med høyrande og høyrande venner, spesielt viss det er fleire. Om ein går i ei høyrande klasse på skulen, kan det vere vanskeleg å få med seg det læraren seier, og det kan vere vanskeleg å utføre daglegdagse gjeremål.

Kommunikasjonen er jo et veldig stort problem når en døv og en hørende møtes, uten å bruke noen hjelpemiddel for å kommunisere - da blir det nærmest umulig...  
Det er utrolig vanskelig å møte hørende som ikke er villig til å lese på f.eks mobilen, når jeg skal kjøpe bussbillett. Det er vanskelig å kommunisere med mennesker som har problemer med holdning ovenfor døve. (Kjersti)

Utifrå dette vil det nok vere færre mogelegheiter for unge døve enn andre unge til å velje eigne miljø som dei identifiserer seg med og som dei aktivt kan delta i. Den språklege hindringa har betydning for unge døve si oppleving av handlingsalternativ og mogelegheiter i eigen kvardag. Grenser mellom døve-verda og omverda er verksame og går i hovudsak på kommunikasjonsmessige aspekt. I forhold til Harlan Lane og Will Kymlica som framhevar styrking av grenser som positivt, tyder materialet mitt på at språk og kommunikasjonsform er ei viktig kjelde for fellesskap, men også noko som er svært negativt og avgrensande for unge døve i kvardagslivet.

### **7.7. Indre spenningar i eit lite miljø**

Kommunikasjonsmåte verkar inn på om ein har flest døve eller høyrande venner. Om ein er så heldig at ein har høyrande venner som kan teiknspråk eller om ein har såpass hørselsrest at ein i tillegg til munnavlesing klarer å følgje med i ein munnleg samtale, har ein gjerne fleire høyrande venner. Om ein berre nyttar teiknspråk, er det avgrensa i kva grad ein kan oppnå kontakt med og bli venner med høyrande, og dette gjer at døvemiljøet kan bli opplevd som isolert. I tillegg er talet på unge døve i Noreg svært lite, og gjer at dei fleste kjenner til kvarandre. På grunn av dette er det ofte ein del rykte og sladder i omlaup. Dette er eit fenomen som ein ofte finn i små miljø og minoritetsgrupper (Andersson 1999). "Når døvemiljøet er så lite som det er, så blir det en del sladder og falske rykter" (Jonas).

...døvemiljøet er jo så lite...alle kjenner alle, liksom...så utad mot verden står døve sammen...mens innad i miljøet kan det være voldsomt mye driftslenging og uthengelser av andre... (Kari)

Dette gjer at miljøet kan bli opplevd som tett, lukka og avgrensande på døv ungdom sin handlefridom med færre mogelegheiter i val av venner og aktivitetar. Fleire døve opplever å kjenne seg fanga i eige miljø, der dei kanskje ikkje heilt tør å vere seg sjølve. Eit døme på dette kan vere korleis fleire påpeikar at dei helst snakkar om personlege ting med høyrande venner, sidan det er så mange rykte og baksnakking i døvemiljøet. Kari fortel vidare om korleis ho opplever dette:

en døv er jo ikke lik en annen døv...alle er jo individer, med forskjellige meninger...som hørende har man mye større frihet til å finne "sitt" miljø, mens som døv er man på en måte påtvunget hverandre...kanskje man egentlig ikke liker

hverandre engang, og da får man utløp for frustrasjon gjennom baksnakkeler...vet ikke jeg, bare en teori... :)<sup>26</sup> (Kari)

Kari gjev her eit godt uttrykk for korleis det blir opplevd å vere del av eit lite miljø. Som høyrande og del av majoriteten har ein større valfridom i forhold til dei fleste aspekt i det sosiale liv. På grunn av det fysiske og kommunikasjonsmessige aspektet ved det å vere døv er det færre mogelegheiter for døve i samfunnet både i den offentlege og private sfæra, i sosiale nettverk og ved utvikling av personleg og sosial identitet. Det treng nødvendigvis ikkje berre vere ytre strukturelle eller sosiale hindringar som påverker døve. Indre forhold i døvefellesskapet kan og verke inn. For ungdom kan det vere vanskeleg, spesielt om ein går på døveskular med eit sterkt døvemiljø, å vere saman med dei ein vil vere saman med og å vere noko anna enn Døv. På døveskular spesielt, er det gjerne visse normer for kva ein kan og ikkje kan gjere og kva ein bør og ikkje bør meine. Marianne uttrykte dette då vi snakka om å vere saman med venner:

For eksempel på skolen så foretrekker jeg egentlig å være med hørende, men på fritiden så er det enklere å være med døve, ellers blir det fort litt syting om at jeg undertrykker min egen døvekultur

*I: føler du det som eit press frå andre døve?*

På en måte så ja (Marianne)

Her ser vi korleis ein som medlem av eit lite miljø lett kan bli utsett for normpress. Breivik diskuterer òg slike kjenneteikn ved døvemiljøet i Noreg og viser korleis det er vanskeleg og kanskje umogeleg å vere anonym i det norske døvemiljøet. Miljøet blir òg skildra som konformt og samanlikna med ein kyrkjelyd (Breivik 2001). Breivik omtalar her døvemiljøet i Noreg generelt, men det er rimeleg å tru at det også gjeld for døve ungdomsmiljø og kanskje spesielt på døveskular, noko funn i mitt materiale viser til. For nokre kan det kanskje opplevast at dei ser mange nye og ulike former for sjølv-identifikasjon som samfunnet i dag krev og gjev mogelegheit til, men tilknytinga til og tettleiken i døvekulturen avgrensar dei faktiske identitetsposisjonane som det er mogeleg å innta. Indre normpress frå døvekulturen kan her stå sterkare enn ytre krav om valfridom og individualitet i identitetskonstruksjonen (Giddens 1991).

---

<sup>26</sup> Smileteikn

Dei fysiske aspekta ved menneskekroppen har endå innverknad på kva fridom og mogelegheiter individ i dagens samfunn har til å skape sin eigen identitet. Nokre aspekt ved kroppen er mindre synlege, andre meir, nokre har større konsekvensar og andre har mindre. For eksempel har ein person med innvandrarbakgrunn, som ser ut som ein etnisk nordmann større mogelegheiter til å opptre som ein ”vanleg” nordmann enn ein som er mørk i huda. På same måte vil det vere enklare for døve ungdomar som har ein viss hørselsrest og kjenner seg komfortable med å bruke stemma til å opptre som ein ”vanleg” norsk ungdom. For dei med minimal grad av hørsel og som er mest avhengige av teiknspråk kan døvheita bli sett på som eit stort hinder for deltaking i den høyrande verda. På same tid kan det å vere døv bli opplevd som ein meir naturleg og sjølvsagt del av identiteten for desse. Dette viser at kroppen sine teikn endå har sterke, sosiale betydninga i dagens samfunn, og desse betydningane er det vanskeleg for individet å frigjere seg frå. Sjølv om ny teknologi har gjort endringar i dagens samfunn, så har den ikkje gjort menneske og medvitet heilt fri for den fysiske kroppen med sine implikasjonar.


### **7.8. Ulike identitetsposisjonar for unge døve**

Det er mange og ulike aspekt ved korleis individ stiller seg til sin eigen identitet og kva kulturelle kategoriar ein identifiserer seg med. Det sosiale byr og på ulike avgrensingar. Prieur nemner her at det kan vere vanskeleg å sjå og å forstå den tette samanfiltreringa av det kroppslege og det sosiale og av det individuelle og det samfunnsmessige som verda faktisk byr på. Ut frå eit sosiologisk syn på forholdet mellom individ og samfunn er det feil å sjå dette forholdet som eit motsetningsforhold sidan det er samfunnet som gjer individet mogeleg (Prieur 2002).

Figuren som følgjer skal illustrere nokre av poenga i dette kapittelet kring unge døve sin identitet i dag. Det er fleire faktorar, både kroppslege og sosiale, individuelle og samfunnsmessige som verkar inn på unge døve si identitetsforming. I modellen har eg tatt med eit lite utval av mogelege faktorar. Det vil vere forskjellar på korleis individ stiller seg til kvar av faktorane. Nokre kan kanskje ha hørsel, men samtidig nyttar teiknspråk, har flest døve venner og er sterkt med i eit døvemiljø. Andre er kanskje utan hørsel og utan tilknyting til eit døvemiljø lokalt, men har kontakt med døve venner gjennom ulike kommunikasjonsteknologiar. Innverknaden dei ulike faktorane har på korleis individ stiller seg til eigen identitet er igjen avhengig av den indre kvaliteten på faktorane, som kor mykje

ein nyttar IKT, kor gammal ein er, om ein har flest døve eller høyrande venner eller om ein nyttar teiknspråk eller ikkje.

**Figur 1: Faktorar i identitettskonstruksjon**



Ut frå figuren og det empiriske materialet kan ein trekke ut nokre typiske døme på døve ungdomar for å illustrere dei analytiske funna. Ein kan kalle dette for empiriske abstraksjonar av korleis døve opplever si livsverd med tanke på forholdet mellom identitet, internett og sosiale nettverk. Denne framgangsmåten kan samanliknast konstruksjon av idealtypar. Dette er å utvikle idealtypar av typiske motiv, handlingar og meiningsmønster ut frå eit empirisk materiale og skal vere ein modell av den sosiale verda i kvardagen. Dette er eit steg på vegen mot utviklinga av eit omgrepssrammeverk og teori basert på kvardagsforståingar av det sosiale liv (Blaikie 2005: 114-118). I dette tilfellet er abstraksjonane meir knytt opp til empiri enn til teori, og eg vel då å kalle dei for empiriske abstraksjonar. Abstraksjonane er ikkje fastlåste kategoriar, men ei samling av ulike trekk som informantane i større eller mindre grad passar inn i.

Eit fyrste døme kan vere *"den integrerte døve"*. Ho er 15 år, bur i ein større by og er godt integrert i eit dovemiljø. Ho er med i ungdomsklubb for døve og går gjerne på døveskule eller i ein klasse med andre døve og tunghørte. Teiknspråket er hovudspråket, ho har flest døve

venner og er mest saman med døve. Den sosiale verda som ho opptrer i er svært prega av Døvheit. Internett, msn og sms er viktige kommunikasjonskanalar der ho har kontakt med vennene sine. Særleg msn og sms er viktig for å kunne halde kontakten med vennene og avtale møte og aktivitetar. Samtidig blir internett opplevd som ein måte å få tilgang til og å kikke inn den høyrande verda, men det kan vere vanskeleg å få varig kontakt og etablere vennskap med høyrande ungdomar. Dette gjeld både på og utanfor internett. Ho opplever sin eigen identitet og status som kulturelt døv som normalt, og det er lite som blir opplevd som problematisk i kvardagen, bortsett frå kommunikasjon med høyrande når det er nødvendig. Ho tar sin identitet og tilhørsle til eit døvefellesskap som ein heilt naturleg del av livet.

Ein kontrast til den typisk Døve er ”*den einsame døve*”. Han bur på ein liten stad utan noko etablert døvemiljø. Kommunikasjon og interaksjon i kvardagen blir opplevd å vere vanskeleg og utmattande sidan kommunikasjonen stort sett skjer munnleg og sidan han heile tida må lese på leppene til andre. Han har flest høyrande venner og er mest saman med desse i kvardagen. Det blir opplevd som vanskeleg å vere saman med fleire enn ein om gongen på grunn av kommunikasjonsproblema. På skulen har han behov for teikntolk, men det er ikkje alltid at forholda er lagt godt nok til rette for at han skal få ein god læringssituasjon. Internett er den einaste måten han har dagleg kontakt med andre døve og få snakke om ting som har med døvheit å gjere. Dette er gjerne venner som han har fått gjennom å ha deltatt på samlingar og treff for døve.

Ein tredje empirisk abstraksjon av døv ungdom er ”*den refleksive døve*”. Ho er 20 år, er tunghørt og C.I operert og kan kommunisere flytande både gjennom teiknspråk og tale. Ho har eit aktivt forhold til døvemiljøet og til Døvefellesskapet. Ho har verv i den lokale døveklubben og jobbar for å betre dei sosiale forholda for døve. På same tid opplever ho å ha eit naturleg forhold til høyrande og den høyrande verda. Ho opplever at døvemiljøet kan vere svært lukka og at det er veldig greitt å ha høyrande venner som ho kan snakke om sensitive ting med, utan at det blir ryktespreiing blant døve. Internett, msn og sms er ein viktig kommunikasjonskanal, men ho er ikkje avhengig av internett for å holde kontakt med vennene sine.

## **Kapittel 8**

### **Døve og internett**

#### **Innleiing**

Hovudspørsmålet i dette prosjektet har vore kva subjektive oppfatningar unge døve har av internettkommunikasjon og nettsosialisering, og kva innverknad internettkommunikasjon har på deira identitet og sosiale nettverk. I fyrste analysekapittel vart nokre aspekt ved dette introdusert og eg skal her drøfte dette vidare og setje det i relasjon til tidlegare forsking og teori på området. Fyrst skal eg sjå litt på korleis informantane oppfatta ulike kommunikasjonsmiddel.

#### **8.1. Ulike typar kommunikasjonsmedier**

Tidlegare studiar har vist at jo større sosialt nettverk ein har, jo fleire kommunikasjonsmiddel vil ein nytte (Wright 2000, Kavanaugh og Patterson 2001). Det blir òg nytta fleire typar kommunikasjonsmiddel når dei sosiale banda mellom menneske er sterke (Hlebec et.al. 2006), og unge menneske nyttar fleire kommunikasjonsmiddel om ein annan for å vedlikehalde sitt sosiale nettverk (Clark i Mazzarella 2005). For døve menneske vil det fysiske aspektet ved hørselen avgrense bruken av vanleg telefon, og sjølv om hovudfokus i dette prosjektet har vore på msn og internettsamfunn, vart fleire andre kommunikasjonsteknologiar nemnde under intervjua.

#### **SMS**

Sms vart samanlikna med msn i forhold til det å halde kontakt og kommunisere med venner. Som fleire av informantane påpeika kan msn både formidle meir innhald og er gratis i forhold til sms, samtidig var mobiltelefon og sms viktige verktøy for å halde kontakt med venner. Sms blir gjerne sett på som eit verktøy for mikrokoordinering av kvardagsliv og handlingar (Ling og Yttri 2007). Mens sms på mobiltelefon er mobilt, er I.M meir basert på å vere stasjonær framom ei datamaskin. For mine informantar handla I.M og meir om lengre og meir meiningsfylde samtalar enn sms. Nokre av informantane mine meinte at sms var meir direkte, og ein var meir sikker på å få kontakt og raskt svar. Hos nokre vart I.M og msn sett på som det primære kommunikasjonsmiddelet og sms som meir sekundært og noko ein ville nytta meir om ein ikkje hadde internett og msn.

*I: kan du beskrive for meg korleis det hadde vore for deg å vere uten internett?*

det har jeg prøvd :P pc'en konka ut, og var uten i en måned...la meg si det slik... kundeservice hos netcom hadde aldri før opplevd at noen hadde brukt opp de 2000 sms'ene man får gjennom smsmania og lurte på om det gikk an å fylle opp med smsmania kontantkort...hehe...det var veldig slitsomt, siden sms var eneste måten jeg fikk kontakt med andre på...tar lang tid, og man får ikke sagt så mye...(Kari)

### *E-post*

Tidlegare studiar kring internettbruk i Noreg og i USA har vist at e-post er ein svært viktig del av kommunikasjon på internett (Lenhart 2002, Torgersen 2004, Boase et.al. 2006). E-post har òg blitt sett på som den fremste kommunikasjonsforma for å skape lokale band og fellesskap mellom menneske, i staden for nettsamfunn og synkrone kommunikasjonsformer (Hampton i Castells 2004). Inntrykket eg fekk frå mine informantar derimot var at e-post vart lite eller ikkje nytta. Rikke forklarer at e-post blir brukt til viktige ting, "men ellers pleier jeg ikke å bruke e-post". Dei tidlegare studiane som er referert til her har sannsynlegvis ikkje fanga opp den siste utviklinga når det gjeld I.M, og i dei tidlegare studiane så har heller ikkje døv ungdom vore undersøkt særskilt. E-post var altså mindre viktig for mine informantar. Dette kan tyde på at e-post blir mindre brukt av unge døve og mogelegvis ungdom generelt og at I.M er viktigare som kommunikasjonsmedium.

### *Web-kamera*

Web-kamera var og eit tema under intervjuet. Web-kamera mogeleggjer kommunikasjon mellom døve på døve sitt eige språk, og kan på mange måtar gjere for døve det telefonen gjorde for høyrande for over 100 år sidan (Keating og Mirus 2003). Mine funn stiller seg litt tvetydig i forhold til det å sjå web-kamera som ein revolusjonerande teknologi i forhold til døve. Under halvparten av informantane mine brukte web-kamera, og nokre av desse brukte det til å snakke teiknspråk. Samtidig meinte fleire at det var mange døve som brukte web-kamera til nettopp dette. Andre hadde det gjerne på medan dei brukte msn og skrift. Eit problem som fleire påpeika kring web-kamera og teiknspråk var at kvaliteten på videooverføringa ofte var for dårlig, slik at det hakka og gjorde kommunikasjonen vanskeleg.

jeg har glemt å si at vi holder kontakt med døve via webcama. vi bruker tegnspråk via webcam

*I: ok...bruker du det?*

ja...av og til....

(...)

*I: opplever du at døve har eit spesielt forhold til internett?*

på en måte, ja...

*I: fortell gjerne meir, viss du vil :)*

som jeg har fortalt deg om tegnspråk via webcam. det er en del av det... ;)

*I: ok :)*

*I: eg har hørt om dette, men mange sier at deira webcamera er for dårlig!*

ja.. :S mange er ikke fornøyd med det, men noen bruker det likevel. jeg bruker det sjeldent pga *det er dårlig* :S<sup>27</sup> (Lise)

Mange opplevde at kvaliteten på videooverføringa var eit hinder for å nytte web-kamera til å snakke teiknspråk gjennom. Ei rimeleg tolking kan vere at utviklinga av raskare internett-tilkobling og kvalitet på web-kamera vil betre kvaliteten på videooverføringa, og at døve i mykje større grad vil nytte web-kamera og teiknspråk som følgje av dette. Ein av informantane nemnde eit svært negativt aspekt ved web-kamera, og det var at eldre menn ville at ho skulle stripe for dei på web-kamera. Dette vart opplevd som svært plagsamt. Ein annan informant nytta web-kameraet sitt under intervjuet og viste meg ulike teikn gjennom det.

### *3G-telefon*

Ei siste teknologisk utvikling som vart nemnt under nokre av intervjuua var 3G-mobiltelefon, som kan fungere på same måte som ein web-kamera samtale der ein ser samtalepartnaren og kan nytte teiknspråk. Ein openberr skilnad mellom I.M/web-kamera og 3G-telefon er at ein kan ta med seg telefonen overalt, mens ein er meir stasjonær ved bruk av datamaskin og web-kamera. Eg skal ikkje gå meir inn på bruk av 3G-mobiltelefon sidan hovudfokus i dette prosjektet er på bruk av internett. Eg vil no gå inn på dei sosiale aspekta i forholdet mellom døve og internett.

---

<sup>27</sup> Smileteikn

## **8.2. Døve sine sosiale nettverk; eit individuelt prosjekt?**

Tidlegare studiar har vist at det er ein positiv korrelasjon mellom det å ha mange relasjoner på nett og sosial deltaking (Wellman 2001). Ein er altså meir sosial når ein har kontakt med mange menneske gjennom internett. Utgangspunktet i slike studiar er gjerne å sjå nettkommunikasjon i forhold til fysisk sosial interaksjon hos ”vanlege” menneske. Her er nettkommunikasjonen eit viktig middel for å forsterke og utvide sosiale nettverk. Opplevinga av nærliek og tilhørsle til venner vil auke. Sterke band til jarnaldrande har òg vist seg å henge saman med ein betre sosial og psykologisk tilstand (Torgersen 2004). Ved kontakt med menneske ein ikkje kjenner kan dette hos nokre grupper vere eit alternativ for emosjonell støtte (Brantzæg og Stav 2004). Som eg var inne på i teorikapittelet blir gjerne ulike kommunikasjonsteknologiar brukt om ein annan, og barn og unge nyttar både off-line og online kommunikasjon til å vedlikehalde sine sosiale nettverk. Ut frå dette hevdar Endestad et.al. at mesteparten av interaksjon via medieteknologiar heller skjer mellom venner og familie i geografisk nærliek, heller enn globalt, over distanse og med ukjende (Endestad et.al. 2004). Som dette prosjektet og andre studiar viser, så er forholdet mellom døve og internett noko annleis. Når interaksjonen og fellesskapet mellom døve i mykje mindre grad er basert på fysisk nærliek, så har nok internett ein annleis og viktigare funksjon (Breivik 2001, Breivik, Solvang og Haualand 2002 , Breivik 2006).

Sjølv om kommunikasjonsteknologien generelt har endra menneske sitt forhold til rom og tid i dag, så gjeld dette meir for døve enn for mange andre. Intimitet og fellesskap blir spreidd geografisk, eller utan omsyn til geografi, ved hjelp av internett (Putnam 2000, Marshall 2003, Castells 2004), og dette gjeld særleg døve unge i dag. Dei byggjer her sosiale nettverk ut frå eigne ynske om å skape og oppretthalde kontakt med andre døve. På denne måten kan internett vere med på å knyte menneske meir saman (Putnam 2000). Karianne svarte at grunnen til at ho har kontakt med venner gjennom internett var ”avstand, istedenfor telefon” og at ho ville hatt få venner viss det ikkje hadde vore for internett.

I følgje Castells (1996) blir det moderne samfunnet meir nettverksbasert, og ved utviklinga og spreininga av internett og den nye teknologien såg han føre seg at ”community” eller fellesskap i aukande grad ville bli basert på ei meir privatisert form for sosiabilitet (Clark i Mazzarella 2005). *Nettverksbasert individualisme* kan her vere med på å skildre situasjonen for døve ungdomar, der dei på bakgrunn av sine eigne interesser og prosjekt opprettar og opprettheld kontakt med andre menneske, både døve og høyrande på og utanfor internett. Relasjonane

mellanom menneske i desse nettverka kan vere både sterke og svake. For døve ungdomar vil det ofte vere eit meir aktivt og individuelt prosjekt å knyte kontakt med likesinna, sidan døve ikkje så lett møter desse i nærmiljøet. Mazzarella (2005) knyter internett direkte opp mot dette, og ser internett som ein del av identitetsforminga. På denne måten er det å møte likesinna gjennom nettet med på å utvikle identiteten til døve. Castells (1996) sine tankar om ”community” eller fellesskap med utgangspunkt i personlege nettverk utan geografisk tilknyting illustrerer kanskje i endå større grad den rolla som internett, og dei personlege nettverka som internett legg til rette for, spelar for døve ungdomar si kontakt med og kjensle av fellesskap med andre døve spreidde over heile Noreg. Ein av konsekvensane av moderniteten er at individet sine erfaringar gjennom kommunikasjonsteknologiar aukar involveringa i distanserte erfaringsrammeverk (Giddens 1991). Desse erfaringane kan òg bli oppfatta å vere lettare tilgjengelege som ressursar for å skape eit heilskapleg sjølv enn dei erfaringane som er nære. Dette kan i særleg grad knytast opp mot døve som bur på stader utan eit døvefellesskap. Gjennom internett kan dei oppleve ei kollektiv kjensle der dei i større grad blir inkludert og kjenner seg som ein del av døvefellesskapet gjennom nettverket av døve jamnaldrande venner på internett. Internett er her eit verktøy for utvikling, vedlikehald og styrking av sosiale band til andre døve og er med på å knyte saman menneske med like interesser og opplevingar. Solidariteten eller fellesskapet mellom døve er i stor grad påverka av dei mogelegheitene for vedlikehald og styrking av sosiale band og den kommunikasjon og interaksjon som internett gjer mogeleg.

*I: tror du at det er annerledes med internett for døve enn for hørende?*

jeg tror det ja

fordi vi døve har en god del med venner spredt rundt i norge (Silje)

*I: kan du beskrive korleis det hadde vore for deg å vere uten internett?*

Vel, jeg er nerd. Så jeg hadde vel klikka maks. Om jeg ikke hadde nett, så hadde jeg jo mistet mer kontakten med andre venner, særleg venner som bor langt unna. Og det hadde jo vært veldig synd.

*I: tror du det hadde vært verre for døve enn for hørende?*

ja, det tror jeg. Fordi døve i Norge er så spredt, at det er vanskelig å holde kontakten iblant. (Kjersti)

### **8.3. Intimitet i sosiale nettrelasjonar?**

Intimitet blir altså spreidd og skaping og oppretthaldning av kontakt skjer i interpersonlege nettverk mellom døve ungdomar. Ein kan her stille spørsmål ved kor intime relasjonane, eller kor sterke dei sosiale banda mellom menneske og mellom døve verkeleg er gjennom internett, og om det er forskjellar mellom ulike typar nettkontakt. I den tidlege forskinga på datamediert kommunikasjon meinte ein at mangel på sosiale teikn og det tekstbaserte ville gjere det vanskeleg å forstå situasjonar og å kommunisere. Mangelen på fysisk sosial tilstadeverande og kontekstuelle teikn ville føre til aukande ukontrollert oppførsel og eit samanbrot i sosiale normer og roller (Brantzæg og Stav 2004). Seinare forsking har og vist at virtuelle relasjonar er mindre rike og sterke, mindre substansielle, varer kortare og er lette å bryte. På bakgrunn av dette blir det hevda at internett aldri vil kunne ta over for sosialt nettverksarbeid ansikt-til-ansikt (Hlebec et.al. 2006). Samtidig skal ein her hugse på at den sosiale betydninga og praksis kring internettbruk gjerne er forskjellige mellom ulike grupper av menneske og som dette prosjektet viser, har ei særskild betydning blant unge døve.

Ut ifrå mine intervju er det tydeleg at døve ungdomar ikkje har særlege problem med å kommunisere og å få fram og å forstå meningar i den tekstbaserte kommunikasjonen på internett. Det finst sjølv sagt nokre situasjonar der misforståingar kan oppstå. Linda, som var tunghørt og brukte dialekt når ho skreiv i msn, kunne av og til oppleve at det oppstod mistydingar når ho snakka med døve, mens med høyrande gjekk det bra. Anne meinte at det kunne vere litt vanskeleg å forstå dialekt når ho hadde kontakt med høyrande i nettsamfunn. Dei fleste informantane antyda at interaksjonen på internett ikkje var like rik som i det verkelege liv, sjølv om dette ikkje nødvendigvis gjorde kommunikasjonsforma mindre viktig for dei. Aspekt ved det tekstbaserte i kommunikasjonen kan òg tenkast å vere meir aktuelt for døve, sidan teiknspråk er eit visuelt språk.

msn er litt... stift og kjedelig, for vi bruker jo kropps-språk når vi prater sammen, så ofte kommunisere vi bedre når vi møtes enn via msn, og enkelte andre er det omvendt med, men det er sjeldent da, ofte er det full skravling når en e sammen *heller* enn på msn (Silje)

Likevel er ikkje denne kommunikasjonsforma heilt upersonleg eller utan kjensle og intimitet. Msn vart oppfatta som meir privat og ein kunne snakke om alt mogeleg som elles. Det kunne og vere enklare å snakke om visse tema ”skjerm-til-skjerm” heller enn ansikt-til-ansikt, som

for eksempel det å vere døv eller om kjærleik og sex, og det kunne vere enklare å vere ærleg og seie ting rett fram ved krangling og diskusjonar. Linda meinte at det var ”oftest følelser som er enklere å snakke om på msn enn i live”. Sherry Turkle hevdar at anonymiteten gjennom tekst gjer det mogeleg å utforske ei rekke tema, også tabubelagde tema (Turkle 1995). Manglande sosial kontroll på nett kan òg gjere det lettare å kommunisere kjensler på nett (Brantzæg og Stav 2004).

Det generelle inntrykket frå mine informantar er at msn i forhold til nettsamfunn, er meir privat og eit kommunikasjonsmedium som er lite basert på kontakt med mindre kjende og ukjende.

*I: har du kontakt kun med folk du kjenner godt, gjennom internett?*

på msn ja...men på *hallo.no* feks prater jeg jo med fremmede...er det noen jeg får spesielt god kontakt med, hender det jeg legger de til på msn... (Kari)

*I: ok, har du meir kontakt med døve enn høyrande på internett?*

nei, jeg har like mye kontakt med begge på internett.

*I: korleis opplever du å ha kontakt/snakke med andre på internett? msn/chatting*  
jeg opplever det som positivt å ha internett, for det styrker kontakten med andre.  
man tør ofte være mer ærlig og si meningene sine, når det ikke er ansikt til ansikt,  
men skjerm til skjerm. (Kjersti)

Nokre nettsamfunn vart oppfatta å vere ”varmere” enn andre, der dei andre medlemmene var meir interesserte i kven du var ”bak profilbildet” (Kari). Som Kari seier, så hender det òg at ein legg menneske ein har møtt på nett eller i nettsamfunn til msn-lista si. Dette var det òg fleire andre informantar som nemnde, men hovudinntrykket frå materialet er at det stort sett er venner ein har på msn. Akkurat korleis mine informantar definerte kva ein venn er med tanke på styrken på vennskapsbandet er usikkert. Inntrykket er at omgrepene ”venn” på msn både femner om nære og mindre nære venner, men sjeldan personar ein ikkje hadde treft før, sjølv om også dette var tilfelle hos nokre. Hovudtendensen var at informantane hadde mest kontakt med og flest døve venner på msn. Nokre hadde like mykje kontakt med høyrande på msn, medan to hadde mest kontakt med høyrande.

Ein skulle kanskje trur at internett og msn er mindre viktig for døv ungdom som bur på stader der det eksisterer eit døvemiljø, men materialet mitt viste ingen større tendensar til dette. Sidan dei fleste kjenner og har kontakt med andre døve rundt om i heile Noreg og utanfor Noreg, så er internett og msn viktig for desse òg. Ungdomane eg snakka med fortalte at ein ofte møtte nye døve frå andre stader gjennom venner og på ulike døvearrangement. For å oppretthalde kontakten med desse og utvikle vennskap, er internett og msn heilt essensielt. Silje forklarte at ho hadde kome i kontakt med sine døve venner gjennom andre venner og på idrettsarrangement for døve der ”alle” var. Kari forklarte at msn var kjempeviktig for å holde kontakt med sine utanlandske venner, fordi det var meir praktisk og billegare enn andre kommunikasjonsmiddel. Som Galston seier, så kan internett vere med på å oppretthalde svake band mellom menneske (Galston 2004). Chatting skjer òg ofte mellom menneske ein ikkje ser i det daglege, og derfor er det ei kommunikasjonsform som representerer sosial støtte mellom svake band (Brantzæg og Stav 2004). Brantzæg og Stav snakkar hovudsakleg om chatting, ei kommunikasjonsform der ein går inn i ulike ”praterom” på nettet og snakkar med folk. Mitt intervjuemateriale peikar i størst grad på bruk av I.M, men òg nettsamfunn som til ein viss grad kan samanliknast med chatting der ein snakkar med ukjende og menneske ein ikkje har møtt. Chatting i praterom vart òg nemnt av nokre informantar. På grunn av det translokale og transnasjonale aspektet skjer mykje av døve sin nettkommunikasjon med andre døve som ein ikkje ser i kvardagen, men dei sosiale banda treng ikkje nødvendigvis vere svake av den grunn. For unge døve er nok internett og msn også med på å oppretthalde sterke og intime relasjonar til andre døve, både dei som bur nært og dei som bur langt vekke. Sjølv om nettrelasjonar ikkje kan erstatte ansikt-til-ansikt relasjonar, så vil dei likevel være svært viktige for døve til å ha kontakt med andre døve. Tidlegare funn tilseier også at mange sosiale band og forhold som starta på nett flyttar seg off-line og omvendt (Hampton i Castells 2004). Djupe og nære relasjonar kan eksistere på nettet, men dei treng kanskje lengre tid på å bli utvikla (Brantzæg og Stav 2004), i tillegg er relasjonane mellom døve ofte forsterka eller oppretthaldne gjennom møte ansikt-til-ansikt på ulike arrangement eller døvetreff. På fleire måtar kan ein sjå nettkontakt, særleg msn, og ansikt-til-ansikt kontakt mellom døve som ulike men komplementære interaksjonsformer, ved at dei begge understøttar og byggjer på kvarandre.

#### **8.4. Å kome ut som døv**

For døve kan internett vere ein kanal for å kome ut som Døv (Breivik 2001) og å leve ut ein Døv identitet. Under intervjuet med dei døve ungdomane vart ordet isolert brukt i samband

med det å vere utan internett og to av dei nemnde at utan internett hadde døve vore meir isolerte frå andre døve. Internett har altså gjort døve mindre isolert frå kvarandre. Som eg var inne på i førre kapittel, utmerka Julie seg ved at ho budde på ein liten stad utan døvemiljø. For henne hadde internett ein særskild funksjon for å komme i kontakt med andre døve. Å vere utan internett ville vore vanskeleg for henne:

Da hadde eg nok ikkje hatt mange døve venna først å sei d sånn, å da hadde eg ikkje "vesst" at eg ikkje e den einaste i heile verden som høre dårlig eller ikkje høre i d heile tatt. Har stor betydning å ha nett (Julie)

Internett var for henne den einaste kanalen ho hadde kontakt med andre døve i kvardagen, og dette minska eller oppheva litt av den fysiske avstanden mellom henne og andre døve. Som vi såg i førre kapittel, var det mykje enklare for henne å snakke om ting som hadde med hørsel å gjere med andre døve, sidan hennar høyrande venner ikkje visste noko om dette. Dagen før intervjuet vart gjort hadde ho kome tilbake frå eit døvemanns arrangement ho hadde deltatt på for fyrste gong, noko ho syntest var "knallarti". Mange døve opplever det som svært frigjerande å komme inn i eit døvemiljø, og dermed sleppe å vere noko ein ikkje er, nemleg høyrande. Julie er eit eksempel på dette når eg spør korleis det er å vere saman med døve:

D va utrulig befriende. Man slæpp å anstreng seg for å høre, alle i samme situasjon, så vesst d e nåkka man ikkje får med seg, så går d heilt fint å gjenta.  
(Julie)

Sjølv om nettsamtalar og nettmøte ikkje er like innhaldsrike som ansikt-til-ansikt møte, så er dei likevel viktige. Nokre hevdar òg at internett og I.M er ein av dei få stadene der ungdom kjenner seg komfortable med å uttrykke sin "eigentlege" identitet (Tobin 1998). Internett og msn spesielt gjer det og enklare for døv ungdom å opprette og oppretthalde eit sosialt nettverk av døve i utlandet som ein har vorte kjend med gjennom ulike treff og samlingar. Rikke fortel her litt kring dette:

*I: kan du beskrive for meg korleis det hadde vore for deg å vere utan internett?*

Det hadde vært litt vanskelig fordi jeg trenger det for å kunne holde kontakt med andre døve rundt i Norge. Det er billigere å bruke internett enn å sende melding.

Internett har vært en viktig del av livet mitt i mange år og jeg er rett og slett avhengig av internett

*I: kva hadde du sakna mest?*

kontakten med andre døve fra Norge og utlandet.

*I: er det noke anna som hadde vore annleis?*

At alle døve hadde bodd i samme by.

*I: som effekt av at internett ikke fantes?*

Hadde vi ikke hatt internett så hadde vi ikke kjent så mange døve som vi gjør idag

*I: ok, på kva måtar vil du seie at internett har ein positiv funksjon i livet ditt?*

Det positive er at internett får oss til å holde kontakt med andre døve og samtidig bli kjent med flere døve (Rikke)

## 8.5. Å kome ut i verda

*I: (...) på kva måte trur du internett påvirkar livet til døve mennesker?*

æ tror de fleste døve får kontakt m flere hørende

*I: trur du dei bruker internett annleis og opplever ting annleis?*

vet ikk, kanskje d... for døve får se hørendes "verden" (Cecilie)

På same tid som det å kome ut som døv ved hjelp av internett er viktig for mange, og å få delta og bli ein del av eit døvelfellesskap, så er det å få meir tilgang til den høyrande verda gjennom internett også eit viktig punkt for mange døve ungdommar. Dette viser mitt intervjuemateriale og også andre studiar (Breivik 2001). Som eg var inne på over vart ordet isolert nytta i samband med at døve var isolert frå kvarandre. Under intervjuet med Kjersti vart ordet brukt i samband med at det å vere døv og å vere del av døvemiljøet kunne opplevast som å vere isolert. Internett kunne her vere ein veg ut av dette. Som eg viste i førre kapittel påpeika fleire av informantane rykte og baksnakking blant døve i tilknyting til at døvemiljøet vart opplevd å vere lukka og avgrensande. Ein av informantane, Tore, påpeika at msn var ein kanal der slik baksnakking og rykte lett kunne oppstå. I tilknytning til baksnakking i døvemiljøet var det fleire av informantane som meinte at det ofte kunne vere betre å snakke med høyrande om visse ting, sidan dei sto utanfor døvemiljøet. Også her vil internett og msn kunne vere til hjelp om døve skal snakke med høyrande. Som Brantzæg og Stav er inne på, så kan internett vere med på å redusere kjensla av å vere einsam og isolert (Brantzæg og Stav 2004), men for døve kan isolasjonen òg handle om å vere stengt inne i

døvemiljøet, og internett kan opplevast som å opne opp for kontakt med omverda. Som Breivik seier: "The sharp division between hearing people and deaf people is thus under attack, and the problem of boundaries and identity thus becomes messy" (Breivik 2001). Grensene mellom den høyrande og den døve verda blir meir diffuse, og døve kan oppleve å få tilgang til ei ny verd. Kjersti fortel litt om dette:

*I: på kva måte trur du internett har påvirka livet til døve?*

Døve er mindre isolert...Man kommer mer i kontakt med andre mennesker. Det var jo en gang i tiden da det ikke fantes mobiltelefon, bare fasttelefon...Da kunne hørende ringe, men døve kunne ikke det. Døve har kommet mer ut i verden nå...

*I: føler du at du har kome meir ut i verda?*

Jeg vet ikke hva jeg skal svare der. Jeg har vokst opp med hørende, og jeg kom ut i verden for lenge siden. Mens mange døve vokste opp UTEN hørende venner, de visste ingenting om hvordan det var. DISSE døve har kommet mer ut i verden.

(Kjersti)

Kjersti skildrar her si oppfatning av korleis døve som tidleg har vorte ein del av eit døvemiljø og hatt lite kontakt med høyrande, gjennom internett har fått opna ei ny verd, eller i alle fall fått mogelegheit til å få meir kontakt med høyrande menneske. Gjennom historia til ei av informantane til Breivik blir òg ei liknande oppleveling av internett skildra. Informanten opplevde å få eit større sosialt miljø gjennom internett og erfaringa med internett gjorde det lettare å utvikle relasjonar med høyrande menneske (Breivik 2001). Under intervjuet mine spurte eg informantane om dei trudde at internett kunne endre på forholdet mellom døve og høyrande:

ja, det tror jeg

*I: hvordan?*

hmm

vel,

(...)

så ikke de hørende blir skremt og stikker  
som de vanligvis gjør når de ser døve ute (Silje)

Silje opplevde det som vanskeleg å få kontakt med høyrande menneske i kvardagen. Ho nemnde at ho hadde nokre få høyrande venner, ”men de er ikke venner som jeg omgås ofte med”. Samtidig såg vi i fyrste analysekapittel korleis ho opplevde det som greitt å ha døve venner som ho kunne snakke med om intime ting. Nettkommunikasjon kan her vere ein kanal for emosjonell støtte frå høyrande som ein kanskje ikkje kommuniserer så godt med ansikt-til-ansikt. Om døve har flest døve venner, går på skule for døve, er med i døves idrettslag og er aktiv i døveklubben, så vil nok Døvheit vere ein svært stor del av livet og identiteten til den døve. Men når døve får meir tilgang til verda utanfor døvekulturen gjennom internett, så opnar det for kva ein kan identifisere seg med, og døve kan då på bakgrunn av eigne interesser i større grad knyte kontakt med menneske utanfor døvemiljø og utforske fleire identitetskategoriar. Om ein gjennom internett opprettar kontakt og skaper vennskap med nye menneske, kan dette gjere det enklare å identifisere seg med noko anna enn døve venner og døvekulturen.

Eit anna aspekt ved døve sitt forhold til internett kan vere kjensla av å meistre ein ny kommunikasjonsteknologi og korleis dei kan bli meir sjølvstendige i kvardagen. Dette gjeld både i kommunikasjon med andre, men òg gjennom ulike oppgåver som må utførast i kvardagslivet og som før ofte måtte gjerast over telefon. Kari fortel her om korleis ho opplever det å vere avhengig av andre.

*I: er det noko du synest er vanskelig på grunn av din hørselstilstand?*

jeg kan jo ikke snakke i vanlig telefon...og jeg har så lite bruk for teksttelefon at jeg ikke girder betale for fasttelefoni...så syns ofte det er vanskelig å være så avhengig av samboeren eller foreldrene mine når det gjelder å ringe, feks for å bestille legetime eller slikt...man vil jo gjerne være selvstendig :) det er egentlig det vanskeligste...man blir så avhengig av andre... avhengig av å få tolk og slikt.

(Kari)

Ein kan her spørje seg om det ikkje er fare for at internett kan bli ein ny avhengighetsskapande teknologi. Sjølv om internett på mange måtar har opna opp nye mogelegeheter for døve og gjort dei meir frie til å utforske individuelle interesser og prosjekt, kan det òg vere fare for at dei blir for avhengige av internett. Forskarar har tidlegare peika på at kommunikasjon i ”cyberspace” medfører kommunikativ avhengigkeit som unge kan ha vanskeleg for å takle (Ebeltoft 1998). Å alltid vere på nett eller tilgjengeleg for andre kan bli

opplevd som stressande og bortkasta. For nokre av informantane var dette noko dei reflekterte over, og dei kunne sjå at bruk av data og internett kunne ha nokre negative effektar her. Marianne var ein dei som arbeidde for å betre velferda for unge døve på heimplassen sin.

Er dessverre mange døve som kun omgås folk på skolen, og bare sitter hjemme foran pcen og spiller CS, WOW<sup>28</sup> osv på fritiden. Jeg føler at de skal kunne vite at de har muligheten til å møtes på fritiden og delta på aktiviteter med andre i samme situasjon

*I: ok...er dette eit "stort" problem? som gjeld berre døve, trur du?*

Nei, tror at det gjelder hørende ungdommer og

*I: ok*

Men det er færre døve enn hørende, og mange døve opplever det som vanskelig å ta kontakt med hørende på hjemstedet, slik at de isolerer seg inne på rommet med PCen, vi ønsker å gi dem et alternativt tilbud, slik at de kan møte andre ungdommer (Marianne)

## 8.6. Kor synleg er døvheita på nett

Kommunikasjonsproblem mellom høyrande og døve i kvardagen er tradisjonelt sett på som hovudsakleg å ligge hos den døve som ”eig” avviket, og som ikkje snakkar eit munnleg språk. Sidan internettkommunikasjon er mest basert på tekst har døve og høyrande gjerne eit betre utgangspunkt for kommunikasjon når den høyrande ikkje kan teiknspråk og den døve ikkje bruker stemma. Fordi sosial interaksjon på internett og i I.M i mindre grad er basert på lyd og meir på visuell kommunikasjon, så har døve meir like vilkår på internett enn ved andre kommunikasjonsteknologiar (Breivik et.al 2002). Likevel er det nokre forskjellar her. Eit poeng er at døve gjerne har litt andre føresetnadnar for å lære å lese og skrive norsk, noko som kan ha innverknad på den skriftlege kompetansen (Vonen 2006). Eg opplevde sjølv under intervjuet å ha problem med å forstå nokre av informantane der dei blanda syntaksen i teiknspråket inn i samtalen. Dette treng likevel ikkje å ha så mykje å bety i I.M. I msn-samtalar og andre I.M program har ikkje rettskriving så mykje å seie. Det viktigaste er at kommunikasjonen går raskt og at meiningsinhaldet blir forstått. Det er òg vanleg å skrive på dialekt, bruke slang eller skrive forkortingar. Skriftleg sett vil ikkje døve sin skrivekompetanse vere den største hindringa for kommunikasjon mellom døve og høyrande.

---

<sup>28</sup> Dataspel: CS=Counter Strike, WOW=World of Warcraft

Fleire peika òg på at døve kanskje kunne bli betre i skriftleg norsk gjennom prating på nett. Døve kan altså oppleve å vere meir som andre ungdomar på nett, der dei kan snakke med andre utan å ”opptre” som ein døv ungdom. Stigmaet er her ikkje like synleg som elles (Goggin og Newell 2003: 131).

*I: korleis kan internett føre døve og høyrande nærmare?*

Det at skriftspråket er felles, gjer at vi kan kommunisere ved å bruke det, enn at vi møtast irl<sup>29</sup> og ikkje forstår kvarandre (Jonas)

*I: trur du at internett kan vere med på å føre høyrande og døve nærmare?*

ja, d trur eg nok. E man hørende, tar man kanskje ikkje kontakt m døve og omvendt, men på internett e d ingen som "ser" at man e døv...

*I: forstår...er det då enklare å bevege seg på internett? Meir fritt?*

ja, d vil eg påstå

*I: at døve føler seg like alle andre?*

Ja, Eg gjør iallefall d (Julie)

Eit lite atterhald går på korleis ein beherskar skriftleg norsk, noko eg var inne på over. Vanlege skrivefeil er kanskje ikkje det som vil øydeleggje mest for kommunikasjonen på nett, men det kan tenkast at dei syntaktiske feila og feil i setningsoppbygginga, som er meir vanlege hos døve kan, vere med på å avdekke døvheita når dei er på nett, eller føre til at dei blir ”avslørt” som døve.

*I: ok, føler du at det er vanskeligare å snakke på internett enn ansikt til ansikt?*

Nei det er faktisk lettere. lettere å forstå hverandre og prate med hverandre

*I: kan du forklare kvifor?*

Fordi når jeg prater med hørende fjes til fjes så blir jeg ofte litt sånn sjenerert for å prate, tanken på at de kanskje ikke oppfatter meg og såne ting. Men på internett kan de ikke se tale feilene mine, bare skrivefeilene. (Rikke)

---

<sup>29</sup> In Real Life

*I: trur du døve føler seg mer like høyrande på internett enn ellers?*

ja, ihvertfall hvis man til en viss grad behersker norsk godt...hørselstapet er jo ikke merkbart på nettet...det er ingen hindringer på internett, så der er vi akkurat som alle andre

*I: ok, så på internett er alt likt for både høyrande og døve (viss dei beherskar norsk godt)?*

etter min oppfatning ja (Kari)

For å setje dette opp imot sosiologisk teori kan ein sjå på dette som ein leik med identitet; at døve opptrer som høyrande. Dette er ein innfallsinkel som kan passe med det Sherry Turkle kallar for ”skjerm-identitet”, der personar på internett kan veksle mellom fleire identitetar i interaksjon med andre på internett (Turkle 1995). Men leikar dei døve eigentleg med ein høyrande identitet? Det eg har forstått ut frå mitt empiriske materiale er at dei heller opptrer meir som annan ungdom. På same måte som høyrande ungdom ikkje tenkjer så mykje over at dei er høyrande i den sosiale interaksjonen på internett, så kan det vere slik at døve på internett heller ikkje tenkjer over sin hørselstatus, eller i alle fall i mykje mindre grad. Hørselsdimensjonen blir gjerne mindre viktig i den sosiale interaksjonen på internett enn elles.

### **8.7. Døv uansett, også på nett?**

Sjølv om ein lettare kan opptre som ein vanleg ungdom og ha meir fridom i den sosiale interaksjonen på nett, så er ein ikkje frigjort frå kroppen og dei sosiale merkelappane som kjenneteikn ved kroppen kan medføre. Nokre av informantane uttrykte seg klart som døve i presentasjonen av seg sjølv på hallo.no, og Kjersti var ikkje einig i tanken om at ein er meir som ein høyrande når ein er på internett:

*I: trur du at døve føler seg mer like høyrande på internett?*

Nei, er man døv så er man det. Det er bare lettere å kommunisere med andre hørende på nett. (Kjersti)

Som eg var inne på i fyrste analysekapittel nemnde Tor-Arne at det kunne vere vanskeleg for døve å halde på høyrande venner over nett når ein fortalte at ein var døv. Han meinte her at det var betre å fortelje med ein gong at ein var døv, slik at dei høyrande ikkje følte at dei vart lurte. Det kan altså vere eit problem for døve at døvheita er meir usynleg på nett om dei

utviklar ein varig relasjon til høyrande gjennom internett utan å medvite fortelje om døvheita. Det kan til slutt opplevast som vanskeleg å fortelje at ein er døv. Cecilie har her ein eigen strategi for korleis ho går fram når ho får kontakt med ukjende på internett.

*I: ok, føler du at når du er på internett så er alt likt for døve og høyrande?*

æ har ikk opplevd å bli utestengt pga æ r døv, såæ vetikk

æ vet ikk\*<sup>30</sup>

*I: du opplever ikkje nogen hindre fordi du er døv? på internett/msn*

avogtil p msn når ukjente legger til meg

d r vanskeli å fortelle at æ r døv, for å unngå å si d direkte ut så pleier æ alltid å spørre om dem har noe imot døve

*I: forstår, opplever du at det er mange du ikkje kan snakke med på msn fordi du er døv?*

Neida, men æ sier ik at æ r døv

*I: ok*

som æ sa ista, æ sier ik d direkte ut men dem får vite d ettr æ har spurt om dem har noe imot døve (Cecilie)

## 8.8. Internettverksbasert fellesskap og frigjering

For å skildre dei sosiale relasjonane mellom unge døve vil eg nytte omgrepet *internettverksbasert fellesskap*. Omgrepet er ei paring av omgropa internett og nettverk og skal på denne måten skildre internett sin innverknad på sosiale nettverk. At fellesskapen mellom døve er basert på andre ting enn internett og nettverk er openberrt, men eg vil framheve den rolla internett og translokale nettverk spelar for døve. Gjennom internettkommunikasjon kan lokale miljø eller nettverk av døve venner og enkeltindivid lettare opprette og oppretthalde kontakt og kommunikasjon på tvers av geografiske avstandar. Døve sin bruk av internettkommunikasjon aukar det translokale aspektet ved fellesskapet mellom døve og styrkjer det. For unge døve som ikkje er medlem av noko lokalt døvemiljø, som er utan eit nettverk av døve på sin lokale heimstad, kan internett vere eit godt verktøy til å kunne opprette og oppretthalde kontakt med andre døve andre stader. På denne måten kan internettkommunikasjon vere med på å integrere desse ungdomane i eit døvefellesskap. Ein kan kanskje seie at dei sosiale nettverka eller relasjonane mellom unge

---

<sup>30</sup> Uttrykk for gjentaking/ rettskriving av eit ord


døve i Noreg til ein viss grad er avhengig av, eller basert på dei kontakt-, og kommunikasjonsmogelegheitene som internett gjev. På den andre sida har vi òg sett korleis internett kan vere ein kontakt-, og kommunikasjonskanal utover døvemiljøet, der døve kan oppleve auka tilgang til den høyrande verda. Døve ungdomar kan på eigahand enklare delta på nye og ”høyrande” arenaer og få tilgang til menneske, informasjon og ressursar som dei spelar på i sin identitetsformingsprosess. Individet i dag har ein større moelegheit til å individuelt forme sine sosiale nettverk og kven ein identifiserer seg med.

Figur 2 på neste side skal illustrere dei analytiske poenga eg har kome med i dette masterprosjektet. Dei to aksane i figuren representerer to dimensjonar. Den vertikale går frå lite bruk av eller lite vekt på internett til mykje bruk eller vekt på internett. Den horisontale aksen representerer avstand eller skiljet mellom den høyrande og den døve verda. På dei to aksane vil det og vere ulike variablar som spelar inn på forskjellen mellom den høyrande og døve verda og bruken av internett. Hørsel og språk har vist seg å vere nokre av dei viktigaste forskjellane mellom døve og høyrande (Chailand 1989, Østberg 1998, Haualand et.al. 2003, Lane 2005, Breivik 2006). Utfrå mitt materiale vil eg òg hevde at hørselstatus og i kva grad ein nyttar teiknspråk kan ha innverknad på kor mykje ein nyttar eller kor viktig ein opplever at internett er. Unge døve ser ut til å ha eit svært nært forhold til internett og internettkommunikasjon der nokre opplever dette sterkare enn andre. Tid er òg eit viktig aspekt når det gjeld bruk av internett, og utbreiinga og bruken av internett har auka kraftig dei siste åra. Alder ser òg ut til å vere ein viktig faktor når det gjeld bruk, og unge menneske ser ut til å nytte internett meir enn eldre. Som funn i materialet mitt også indikerte, vil typen bruk av internett og kva meininger ein legg i bruken endre seg med alderen (Endestad et.al. 2004). Alt dette og meir har innverknad på dei unge døve sin identitet og identitetskonstruksjon.

Dei stipla pil-linjene skal illustrere den innverknaden bruk av, eller auka bruk av internettkommunikasjon har for døve ungdomar. Den viser då at bruk av internett som kommunikasjonsmiddel kan vere med på overgå grensa mellom den høyrande og den døve verda. Inn i denne figuren kan vi så plassere dei tre empiriske abstraksjonane frå kap 7. For ein døv utan eit lokalt døvemiljø på sin heimstad, ”*den einsame døve*”, kan internett vere ein måte å få tilgang til eit døvemiljø og knyte kontakter med andre døve andre stader. For ”*den integrerte døve*” vil internett kunne opplevast som eit verktøy til å knyte tettare saman nettverket av venner og kjende lokalt og translokalt. Samtidig kan internett òg opplevast som ein kanal ut i den høyrande verda, eller som ein arena der det betyr mindre å vere døv. ”*Den*

*refleksive døve*" er kanskje ikkje like oppslukt av internettkommunikasjon, men ser og nyttar dei mogelegheitene som kommunikasjonen legg til rette for. Den stipla delen av internettaksen i øvre del av figuren viser til korleis skiljet mellom den høyrande og døve verda blir opplevd som mindre for unge døve i dag. Dei kan lettare bevege seg på tvers av grenser på bakgrunn av mellom anna internett. Samtidig som ein kan plasserast i dette rommet på bakgrunn av bruk av internett, type språk eller hørselsstatus, om ein er med i eit lokalt døvemiljø eller ikkje, så kan unge døve i dag også lettare bevege seg mellom ulike identitetar i ulike kontekstar og arenaer i kvardagen. På same tid oppstår det nye hindringar og vanskar for unge døve eller gamle hindringar varer ved eller tar nye former. Grensene mellom døve og høyrande, eller mellom døververda og den høyrande verda blir endra, meir diffuse og blir reforhandla på nye måtar i moderne samfunn.

**Figur 2: Internettverksbasert fellesskap og frigjering**



## **Oppsummering og sluttcommentar**

I del III av denne oppgåva har eg analysert intervjuaterialet mitt ved å trekke ut sitat, utsegner og poeng informantane har kome med og sett dette i relasjon til eksisterande empiriske funn, omgrep og teoriar. Dette er gjort for å vise kva intervjuaterialet seier, både når det gjeld mønster og indre skilnader og vidare betydningars og implikasjonar av desse. Det første analysekapittelet handlar fyrst å fremst om å gje ein smakebit på dei funna eg gjorde i det empiriske materialet og å vise hovudtrekka. Dei neste to analysekapittla tek så føre seg ulike tema, kva intervjuaterialet sa og korleis dette kunne knytast opp mot og drøftast i forhold til teori, omgrep og tidlegare empiriske funn.

Mange av informantane mine kunne plasserast i kategorien sosialt døve, der det gjerne var aspekt ved konkrete sosiale situasjonar som avgjorde deira handlingsrom i kvardagen med tanke på kommunikasjon og interaksjon med andre menneske. Vidare var teiknspråket og mogelegheitene for å dele felles erfaringar dei viktigaste aspekta ved fellesskapet mellom unge døve. Samtidig som ein kan forstå unge døve som ei minoritetsgruppe, så er dei likevel ikkje ”låst” i ein slik kategori. Unge døve har i dag ein viss fridom i eigen identitetskonstruksjon, samtidig som grad av hørsel og kommunikasjonsform verkar inn på dette. Vi har òg sett at for døve som bur på stader utan eit døvemiljø, kan det å sjå seg sjølv som Døv og å få andre til å sjå ein som døv vere meir problematisk og noko ein må arbeide meir med. Språklege hindringar er nok den største barrieren for at døve skal kunne oppleve å ta del i den ”høyrande” verda og interagere med høyrande. På grunn av eit skilje mellom høyrande og døve ungdomar og eit lite døvemiljø kan dette bli opplevd som frustrerande og avgrensande med tanke på rykte og indre spenningar, og at ein er innestengt og isolert frå resten av verda.

Instant Messaging og sms var dei kommunikasjonsformene som var viktigast for informantane mine. E-post var mindre viktig, mens informantane ofte stilte seg litt tvetydig til web-kamera som kommunikasjonskanal. 3G-telefon vart og nemnt, men dette har ikkje vore i fokus i dette prosjektet. Kommunikasjonsmogelegheitene på internett gjer det mogeleg for unge døve å opprette, oppretthalde og utvide kontakt med andre døve på tvers av geografiske grenser, noko som er med på styrkje kjensla av å vere del av eit fellesskap av døve. På fleire måtar kan internett hjelpe døv ungdom ”å kome ut som døv” og å styrkje ein Døv identitet gjennom å få meir kontakt med ”likesinna”. På same tid er internett med på å auke kontakten døve ungdomar har med andre ”vanlege” ungdomar. Gjennom

internettkommunikasjon er det enklare for døve å ”kome ut i verda” og kjensla av å vere innestengd og isolert i døvemiljøet blir redusert. Døve kan i større grad bevege seg uhindra på nett i forhold til i kvardagen når det gjeld kommunikasjon og språk. Men også her kunne døvheita kome til syn ved at syntaksen i teiknspråket vart blanda inn i det skriftlege. Sjølv om dette ikkje er den største hindringa for kommunikasjon vil det likevel kunne ”avsløre” dei som døve i kontakt med høyrande. Fridomen som nettkommunikasjon kan tilføre med tanke på graden av det synlige ved stigmaet, kunne òg vere eit problem om ein etablerte kontakt med høyrande. Døvheita spelar endå ei rolle i kommunikasjonen på nett og i forholdet mellom døve og høyrande ungdomar.

Dette prosjektet, som eit av dei fyrste i sitt slag i Noreg med metoden eg har nytta kombinert med temaområdet eg har studert, er eit nybrottsarbeid når det gjeld utvikling av metode for innsamling av empirisk materiale og gjennomføring av ein sosiologisk studie. Gjennom prosjektet og dei erfaringane eg har gjort har eg tilført kunnskap om korleis ein kan forske på og gjennom internett. Vidare har eg vist korleis ein kan kombinere det med ulike temaområde og korleis ein praktisk kan gå fram med tanke på metode og etiske retningslinjer. Som ved andre forskingstrategiar finst det fordelar og ulemper ved metoden, men eg vil spesielt trekke fram det tidsparande aspektet ved denne form for studie. Denne måten å gjennomføre ein sosiologisk studie på, der ein tar føre seg ei særskild og nøye spesifisert gruppe i samfunnet, kan vere med på å etterprøve kunnskap om og innhaldet i generelle teoriar om samfunnet. På bakgrunn av fortolking av sosiale aktørar sin kvardag og kvardagsforståing kan ein utvikle kunnskap om den sosiale verda, som kan setjast opp mot eksisterande kunnskap og sosiologisk teori. Min studie kan sjåast på som eit ”case” i forhold til å skulle kommentere teoriar kring identitet, individualisering og moderne samfunn. Dette prosjektet har synt at identitet i dag kan vere komplisert og påvirka av dei nye kommunikasjonsteknologiane. Mine funn tyder på ei viss individualisering av sosiale nettverk og fellesskap mellom døve, noko som igjen peikar på auka fridom og fleksibilitet i identitetskonstruksjon gjennom ein romleg og kulturell frigjeringsprosess i det moderne samfunnet. Som eg òg har vist er ein likevel ikkje frigjorde frå sosiale strukturar og fysiske kjenneteikn. Dette gjeld døve i større grad enn andre unge. Stigma kring døvheit er òg verksamt på nett, men i mindre grad enn i kvardagen, sjølv om døvheita ikkje er like synleg som andre stigmatiserte kjenneteikn. I forhold til fridom og individualisme i moderne identitetskonstruksjon tyder mine funn klart på at visse kjenneteikn ved individ, fysiske og kulturelle har særskilde og viktige innverknader på identitetskonstruksjon i dag.

Samfunn slik som det norske i dag, er mangfaldig og komplekst, og internett som fenomen kan bety ulike ting for ulike typar menneske. Jamført med tidlegare funn viser dette prosjektet korleis internett er med på å auke ungdom sine mogelegheiter for deltaking på nye arenaer og etablering av relasjonar med andre som er like i verdiar og interesser, trass i hindringar skapt av geografisk avstand, alder, sosial posisjon, kultur og språk (Larson et.al. 2002). Dette gjev og støtte til argument for meir fleksibilitet i moderne identitetskonstruksjon og kulturell frisetjing (Bauman 1996, Ziehe 1983, 1993). Intervjumaterialet mitt viser òg, til liks med Haualand et.al. (2003), at unge døve er meir opne for å delta i fleire sfærar samtidig. Om vi frå eit standpunktteoretisk perspektiv ser unge døve i ein underordna posisjon i forhold til andre ungdomar, så har internett vore med på å betra situasjonen, i alle fall med tanke på kommunikasjonsmogelegheiter og sosial kontakt mellom døve og mellom døve og høyrande. Samtidig såg eg òg tendensar til avhengighet av internett, og bekymringar i forhold til dette i det empiriske materialet. Internett er ein viktig del av kvardagen til mange ungdomar i dag og kanskje særleg for døve. Om all aktivitet på internett er like sunn er eit viktig spørsmål og det finst mange uheldige verknadar av eit overbruk av internett og data, men nettkontakt kan i alle fall vere eit supplement til, eller erstatning for ansikt-til-ansikt kontakt når fysiske møte er vanskeleg. Sjølv om intimiteten ikkje er like stor i nettrelasjonar, så kan det eksistere kjensler på nett.

Ungdom skil seg frå vaksne på mange måtar, som for eksempel kva fokus ein har mot internett og kva meningar ein legg i bruken. Samtidig som ein legg av seg mykje av ungdomstida når ein blir eldre, vil ein ta med seg erfaringar frå denne livsfasen. Funn i dette prosjektet tyder på at vi kanskje ser ein ny type kulturell døvheit blant unge der identitet er meir situasjonsbetinga og fleksibel, og at internett og ny kommunikasjonsteknologi spelar ei større rolle i etablering og oppretthalding av fellesskap og identitet på tvers av geografiske grenser. Der vektlegging av forskjellar var viktig for tidlegare generasjonar av døve, er kanskje fokus på likskap, normalisering, fleksibilitet og individualitet viktigare i dag. Dette byggjer opp under tanken om korleis ungdomsfasen og tenåringstida er skild frå vaksenverda i dag. Felles historie og kultur er kanskje ikkje lenger så viktig for unge døve, samtidig kan ein ikkje utelukke at dette er noko som blir viktigare seinare i livet.

Gjennom eit mangfaldsperspektiv har eg vist at det er viktig å kunne finne og utforske forskjellar og kontrastar mellom og innad i sosiale grupper. I følgje Barth vil samhandlinga mellom ulike grupper menneske vere med på å forme inkluderings-, og

ekskluderingsfunksjonen til kulturelle grenser (Barth 1969). Når døve no i aukande grad kan kommunisere og samhandle med høyrande gjennom internett, kan dette ha innverknad på dei kulturelle grensene mellom døve og høyrande. Grensene vil kanskje ikkje forsvinne, men det vil kunne bli definert nye former for ekskluderings-, og inkluderingsformer i dei kulturelle gruppene. Fellesskap mellom døve kan få nytt innhald, og forskjellane mellom døve og høyrande kan bli definert på andre måtar.

## Litteraturliste

- Andersson, Mette (1999) *All Five Fingers are not the Same. Identity work among Ethnic Minority Youth in an Urban Norwegian Context.* Bergen: Doktorgradsavhandling i sosiologi. Det samfunnsvitskaplege fakultet. Universitetet i Bergen.
- Barth, Fredrik (red.) (1969) *Ethnic groups and boundaries: the social organization of culture difference.* Boston: Little, Brown and Company.
- Bauman, Zygmunt (1996) «Postmodernitet, identitet og moral i Vesten.» I Johan, Arne *Nærhetsetikk.* Oslo: AdNotam Gyldendal.
- Becker, Howard (1963) *Ousiders; studies in the sociology of Deviance.* Free Press of Glencoe, London.
- Berger, Peter L. og Thomas Luckmann (2000) *Den samfunnsskapte virkelighet.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Bjurstrøm, Erling (1982) *Generasjonsopprøret. Ungdomskulturer, ungdomsbevegelser og tenåringmarked fra 50- til 80-årene.* Universitetsforlaget.
- Blaikie, Norman (2005) *Designig social research.* Polity Press.
- Boase, Jeffrey, John B. Horrigan, Barry Wellman og Lee Rainie (2006) *The strength of internet ties.* Pew internet & American Life Project.
- Bourdieu, Pierre og Loïc J.D. Wacquant (1995) *Den kritiske ettertanke. Grunnlag for samfunnsanalyse.* Det Norske Samlaget.
- Brandtzæg, Petter Bae og Birgit Helene Stav (2004) «Barn og unges skravling på nettet, Sosial støtte i cyberspace?» *Tidsskrift for ungdomsforskning* 4:1: 27-47.
- Breivik, Jan-Kåre (2001) *Deaf Identities in the Making: Local Lives, Transnational Connections.* Oslo: Department of Social Anthropology, University of Oslo.
- Breivik, Jan-Kåre, Per Solvang og Hilde Haualand (2002) *Roma – En midlertidig døv by! Deaflympics 2001.* Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier. UiB. Notat 3-2002.
- Breivik, Jan-Kåre (2006) «Deaf identities: visible culture, Hidden Dilemmas and scattered Belonging.» I Sicakkan, Hakan G. og Yngve Litman (red.) *What Happens When the Society is Diverse. Exploring Multidimensional Identities.* The Edwin Mellen Press, New York.
- Brubaker, Rogers og Frederick Cooper (2000) «Beyond “identity”» *Theory and Society* 29:1-47.

- Burnett, Robert og David P. Marshall (2003) *Web theory: an introduction*. London; New York: Routledge.
- Castells, Manuel (1996) *The Rise of the Network Society*. Blackwell Publishing.
- Castells, Manuel (1997) *The power of identity*. Blackwell publishers international.
- Castells, Manuel (2001) *The internet galaxy, reflections on the Internet, Business, and society*. Oxford University Press.
- Castells, Manuel (red.) (2004) *The Network Society*. Edward Elgar Publishing Limited.
- Christensen, Karen, Else Jerdal, Atle Møen, Per Solvang og Liv Johanne Syltevik (1998) *Prosess og metode*. Universitetsforlaget.
- Demunter, Christophe (2001) *The digital divide in europe*. Eurostat. Statistics in Focus. [http://epp.eurostat.ec.europa.eu/cache/ITY\\_OFFPUB/KS-NP-05-038/EN/KS-NP-05-038-EN.PDF](http://epp.eurostat.ec.europa.eu/cache/ITY_OFFPUB/KS-NP-05-038/EN/KS-NP-05-038-EN.PDF). (Henta 04.05.07).
- DiMaggio, Paul, Eszter Hargittai, Russel W. Neumann, og John P. Robinson (2001) «Social Implications of the Internett». *Annual Review of Sociology* 27:307-336.
- Drotner, Kirsten (2001) *Medier for fremtiden børn, unge og det nye medielandskab*. København: Høst & Søn.
- Duster, Troy (1993) «The diversity of California at Berkeley: An emerging reformulation of 'competence' in an increasingly multicultural world.» I Thompson, Becky og Sangeeta Tyagi. (red.) *Beyond a dream deferred* (231-255). Minneapolis, University of Minnesota Press.
- Ebeltoft, Nini (1998) *Over alt og ingen steder*. Hovedoppgave ved institutt for pedagogikk ved Universitetet i Oslo.
- Endestad, Tor, Petter Bae Brantzæg, Jan Heim, Leila Torgersen og Birgit Kaare Hertzberg (2004) *En digital barndom? En spørreundersøkelse om barns bruk av medieteknologi*. NOVA Rapport 1/04.
- Ensby, Anne Linn og Sarah Sørheim (2007) *Velger nett før TV*. <http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/ostlandssendingen/1.1598732>. (Henta 16.04.07).
- Ess, Charles (2002) *Ethical decision-making and Internet research: Recommendations from the aoir ethics working committee*. AoIR ethics working committee: [www.aoir.org/reports/ethics.pdf](http://www.aoir.org/reports/ethics.pdf). (Henta 02.05.06).
- Fjord, Laura Lakshmi (1996) «Images of Difference: Deaf and Hearing in the United States». *Anthropology and Humanism* 21: 1.

- Frønes, Ivar (1998) *De likeverdige*, 2.utgave, Oslo: Universitetsforlaget.
- Frontrunners2 (2006) *Is the deaf community oppressed? Genocide/Linguicide/Ethnocide*.  
<http://www.frontrunners2.dk/visualmedia/genocide.html> (Henta 02.10.2006).
- Geertz, Clifford (2000) *The interpretation of cultures : selected essays*. Basic books.
- Galston, William A. (2004) «The Impact of the Internet on Civic Life: An Early Assesment.» I Gehring, Verna V. (red) *The Internet in public life*. Lanham, Md.: Rowman & Littlefield.
- Giddens, Anthony (1991) *Modernity and self-identity*. Stanford Univeristy Press.
- Goggin, Gerard og Christopher Newell (2003) *Digital disability: the social construction of disability in new media*. Lanham : Rowman & Littlefield.
- Granovetter, Mark. S. (1973). «The strength of weak ties». *American Journal of Sociology* 78: 1360–1380.
- Hammerlin, Yngve og Egil Larsen (1997) *Menneskesyn i teorier om mennesket*. Ad Notam Gyldendal.
- Hampton, Keith N. (2004) «Networked socialbility online, off-line.» I Castells, Manuel *The Network Society*. Edward Elgar Publishing Limited.
- Haualand, Hilde. Arne Grønningsæter og Inger Lise Skog Hansen (2003) *Uniting divided worlds. A study of deaf and hard of hearing youth*. Fafo-rapport 412. Centraltrykkeriet AS.
- Heggen, Kåre (1993) *Ungdom i lokalmiljø*. Oslo: Samlaget.
- Hlebec, Valentina, Katja Lozar Manfreda og Vasja Vehovar (2006) «The social support networks of internet users». *New Media and Society* 8:1: 9–32.
- Jankowski, Katherine A. (1997) *Deaf empowerment: emergence, struggle, and rhetoric*. Washington, D.C.: Gallaudet University Press.
- Johnson, Dan (2001) «The Cyber Children Have Arrived: The Wired Life Presents Opportunities and Threats for Children». *The Futurist* 35:5: 14–15.
- Katz, James E. og Phillip Aspden (1997) «A nation of strangers?» *Communications of the ACM* 40:81– 86.
- Krange, Olve og Tormod Øia (2005) *Den nye moderniteten. Ungdom, individualisering, identitet og mening*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag.
- Kavanaugh, Andrea L. og Scott J. Patterson (2001) «The impact of community computer networks on social capital and community involvement». *American Behavioral Scientist* 45: 496–509.

- Keating, Elizabeth og Gene Mirus (2003) «American Sign Language in virtual space: Interactions between deaf users of computer-mediated video communication and the impact of technology on language practices». *Language in Society* 32: 693–714.
- Kraut, Robert, Michael Patterson, Viki Lundmark, Sarah Kiesler, Tridas Mukhopadhyay, og William Scherlis (1998) «Internett paradox: A social technology that reduces social involvement and psychological well-being?» *American Psychologist* 53: 9: 1017-1032.
- Kraut, Robert, Sarah Kiesler, Boneva Bonka og Jonathon Cummings (2002) «Internet Paradox Revisited». *Journal of Social Issues* 58:1: 49-74.
- Kymlica, Will (1998) *Finding our way: Rethinking ethnocultural relations in Canada*. Toronto: Oxford University Press.
- Laclau, Ernesto (1990) *New reflections on the revolution of our time*. London; New York: Verso.
- Lane, Harlan (2005) «Ethnicity, Ethics and the deaf World». *Journal of deaf Studies and Deaf Education* 10:3.
- Larson, Reed W. Wilson, Suzanne. Mortimer, Jeylan T (2002) «Conclusion: Adolescents preparation for the future». *Journal of research on Adolescence* 12:1:159–166.
- Ling, Richard. og Birgitte Yttri (2002) «Hyper-coordination via mobile phones in Norway.» I Katz, James E og Mark A. Aakhus (red.) *Perpetual Contact. Mobile Communication, Private Talk, Public Performance*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Livingstone, Sonia (2003) «Children`s use of the internet: reflections on the emerging research agenda». *New media & society* 5: 2: 147-166.
- Lytle, Richard R., Kathryn E. Johnson og Yang Jun Hui (2005/2006) «Deaf Education in China: History, Current Issues, and Emerging Deaf Voices». *American Annals of the Deaf* 150: 5
- Mandaville, Peter (2003) «Communication and diasporic islam.» I Karim H. Karim (red.) *The media of diaspora*. London; New York: Routledge.
- Mann, Chris og Fiona Stewart (2000) *Internet communication and qualitative research : a handbook for researching online*. London : SAGE.
- Mazzarella, Sharon R. (red.) (2005) *Girls wide web*. Peter Lang publishing.
- McKenna, Robert B og Dan L. Poole (1998) «Data communications: Where regulators clash with reality». *IEEE Communications Magazine* 36:30–42.

- McMillian, Sally J. og Margeret Morrison (2006) «Coming of age with the internet: A qualitative exploration of how the internet has become an integral part of young people's lives». *New Media Society* 8:1: 73-95.
- Mead, Georg Herbert (1934) *Mind, self, and society from the standpoint of a social behaviorist*. University of Chicago Press.
- Merleau-Ponty, Maurice (1964) *The primacy of perception: and other essays on phenomenological psychology, the philosophy of art, history, and politics*. Northwestern University Press.
- Microsoft (2007) <http://www.microsoft.com/norge/news/view.aspx?id=2570> (Henta 16.04.07).
- Ohna, Stein Erik (1995) *Å være døv i en hørende verden*. Hovedoppgave i spesialpedagogikk, ISP, Universitetet i Oslo.
- Olsholt, Reidar og Eva-Signe Falkenberg (1988) *Kulturelt døves vilkår og funksjon i det norske samfunn. En medisinsk, språklig og sosial undersøkelse av 102 personer med betydelig hørselslapp*. Bergen. Døves Forlag.
- Orbe, Mark P (1998) *Constructing co-cultural theory, An explication of culture, power and communication*. Sage publications. Thousand oaks, London, New Dehli.
- Patton, Michael Quinn (1990) *Qualitative Research & Evaluation Methods*. London: Sage.
- Prieur, Annick (2002) «Frihet til å forme seg selv. En diskusjon av konstruktivistiske perspektiver på identitet, etnisitet og kjønn». *Kontur* 6: 4-12.
- Putnam, Robert D (2000) *Bowling alone*. New York: Simon & Shuster.
- Sandvin, Johans T (2003) «Loosening Bonds and Changing Identitites: Growing Up With Impairments in Post-War Norway». *Disability Studies Quarterly* 23: 2: 5-19.
- Schein, Jerome D. (1989) *At home among strangers*. Gallaudet University Press. Washington DC.
- Schutz, Alfred (1963a.) «Concept and theory formation in the social sciences.» I Natanson, Maurice (red.) *Philosophy of the social sciences*. New York: random House.
- Schutz, Alfred. (1963b.) «Common-sense and the scientific interpretation of human action.» I Natanson Maurice (red.) *Philosophy of the social sciences*. New York: Random House.
- Sicakkan, Hakan G. og Yngve Lithman (red.) (2006) *What Happens When a Diverse Society is Diverse: Exploring Multidimensional Identities*. Lewiston: The Edwin Mellen Press.
- Slevin, James (2000) *The Internet and society*. Cambridge, UK: Polity Press ; Malden, MA: Blackwell.

Syltevik, Liv Johanne (1993) «Å ta de utforskedes perspektiv...» *Sosiologisk tidsskrift* 1:1:51-68.

Tapscott, Don. (1998) *Growing up digital : the rise of the net generation*. McGraw-Hill. New York.

Tingstad, Vebjørg (2003) *Children`s Chat on the Net. A study of social encounters in two Norwegian chat rooms*. Doktorgradsavhandling. Pedagogisk institutt / Norsk senter for barneforskning. Fakultet for samfunnsvitskap og teknologileiing. NTNU.

Tobin, Joseph (1998) «An American Otaku (or, a Boy's Virtual Life on the Net).» I Sefton-Green, Julian (red.) *Digital Diversions: Youth Culture in the Age of Multimedia*. London: UCL Press.

Torgersen, Leila (2004) *Ungdoms digitale hverdag, Bruk av PC, Internett, TV-spill og mobiltelefon blant elever på ungdomsskolen og videregående skole*. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. NOVA Rapport 8/2004.

Turkle, Sherry (1995) *Life on the Screen: Identity in the Age of the Internet*. New York: Simon and Schuster.

Ve, Hildur (2006) «Identity and Sociology.» I Sicakkan, Hakan G og Yngve Litman (red.) *What Happens When the Society is Diverse. Exploring Multidimensional Identities*. The Edwin Mellen Press, New York.

Vonen, Arnfinn Muruvik (2006) «Leseopplæring for døve elever». *Logopeden* 03.2006, 52:1.

Weiner, Rex og Deanne Stilman (1979) *Woodstock census, The nationwide survey of the sixties generation*. Viking Press, New York.

Wellman, Barry (2001) «Computer networks as social networks». *Science* 293:2031–2034.

Wright, Kevin (2000) «Computer-mediated social support, older adults, and coping». *Journal of Communication* 50:3:100–118.

Ziehe, Thomas og Herbert Stubenrauch (1983) *Ny ungdom og usærdvanlige læreprocesser: Kulturell frisættelse og subjektivitet*. Politisk revy. København.

Ziehe, Thomas (1993) *Kulturanalyser. Ungdom utbildning, modernitet*. Stockholm/Stehag: Brutus Östlings Bokförlag Symposion.

Østberg, Tina (1998) «Døvhets og døve: belyst ved tre sosiologiske forståelsesmodeller». *Skådalen publication series. 5*.

## Vedlegg 1: Intervjuguide

### Innleiingsfase

- Korleis vil du definere din hørselsstatus?
- Kor lenge har det vore slik? Kva var grunnen?
- Korleis kommuniserer du med andre? Døve?/Høyrande? Teiknspråk/tale?

### Omgangskrets

- Kor mange venner har du som er høyrande?
- Korleis kommuniserer/snakkar du med desse?
- Korleis held du kontakt med dei?
- Korleis opplever du å vere ilag med høyrande?
- Betyr det noko for deg om vennene dine høyrer eller ikkje? Kva betyr det?
- Er det noko du synest er vanskeleg pga din hørselstilstand?
  
- Kor mange døve kjenner du?
- Kor mange av desse vil du seie er vennene dine?
- Er du mykje ilag med desse? Aktivitetar/Hobbyar?
  
- Viss du skulle beskrive litt om kven du er med nokre få ord, kva ord ville du brukt?
  
- Kan du seie litt om korleis du opplever å vere ilag med døve?
- Er det forskjell på kva du kan prate med døve om, i forhold til høyrande? Kva er ulikt?
- Opplever du eit fellesskap eller eit samhald med døve som er annleis enn med høyrande?
- Korleis opplever/kjenner du dette fellesskapet? Korleis vil du beskrive det?
- Er du med i ein organisasjon/eit lag? Kvifor/kvifor ikkje? Kva får du ut av det?
- Føler du at du er med i ein døvekultur/eit døvefellesskap? Korleis opplever du dette?
- Går det an å seie at det finst êin felles døvekultur? (eller er det fleire ulike)
- Har du kjæreste? Korleis kommuniserer/snakkar du med han/ho?

### Internett og kontakt med andre

- Kva oppleveling har du av internett? Positiv/negativ?
- På kva måte har internett ein positiv/negativ funksjon i livet ditt?

- Kan du beskrive for meg korleis det hadde det vore å vere utan internett?
- Kva hadde vore annleis? Betre/Verre? Kva hadde du sakna mest?
- Kva gjorde du sist du var på internett?
- Kan du fortelje meg litt om kva du bruker internett til til vanleg? (Halde kontakt, prate, surfe etter info, snakke med venner, avtale ting, koordinere ting?)
- Kven har du kontakt med gjennom internett? (Venner, familie, ukjende døve/høyrande?). Kven har du mest kontakt med?
- Korleis har du kontakt med dei? gjennom hallo.no?, msn?, e-post?, Web-kamera? andre?
- Kor mange døve har du kontakt med gjennom internett?
- Kan du fortelje meg litt om kva grunnen er til at du har kontakt med andre på internett?
- Når du snakkar med andre gjennom Hallo.no, msn eller e-post, kva pleier det å handle om? Snakkar du om andre ting, enn du gjer ansikt til ansikt?
- Kan du fortelje meg om kven du har mest kontakt med og kven du har minst kontakt med på internett?
  
- Kva oppleveling har du av internett? Positiv/negativ?
- På kva måte har internett ein positiv (negativ) funksjon i livet ditt?
- Kan du beskrive for meg korleis det hadde det vore å vere utan internett?
- Kva hadde vore annleis? Betre/Verre? Kva hadde du sakna mest?
  
- Trur du at internett og internettkommunikasjon kan vere med på å føre høyrande og døve nærmare saman? Korleis?
- Korleis opplever du å kommunisere gjennom internett i forhold til teiknspråk?
- Trur du internett er med på å endre korleis døve opplever å kommunisere med andre? Korleis?
- Trur du at døve på internett kjenner seg meir like høyrande eller nærmare, enn elles?
- Er alt likt for både døve og høyrande på internett?
- På kva måte trur du at kommunikasjon på internett kan påvirke døve sitt liv og bruken av teiknspråk? Negativt:mindre bruk av teiknspråk? Positivt: eit verktøy i kampen for teiknspråk?

## **Internettsamfunn/avrunding**

- Korleis kom du først i kontakt med Hallo.no? Kven introduserte deg til Hallo.no
- Kva får du ut av å vere på Hallo.no?
- Er du medlem av andre internettsamfunn? Kva slag? Spesielt innretta mot døve?

## **Avslutning**

Ok. Då har eg ikkje fleire spørsmål. Tusen takk for at du ville hjelpe meg med dette. Du har gitt meg mange gode svar. Er det noko du lurer på når det gjeld intervjuet, noko du vil spørje om? Viss du vil så kan du sjå gjennom svara dine, og sjå om det er noko du vil legge til eller noko anna du vil fortelje meg.

## **Vedlegg 2: Informasjonsbrev**

Mitt namn er Ivar Eimhjellen og eg er masterstudent i sosiologi ved Universitetet i Bergen. Eg er no i gang med den avsluttande masteroppgåva der eg skal skrive om døve sin bruk av internett. Eg vil prøve å finne ut kva rolle internett har i kvardagen til døv ungdom og korleis internett og internettkommunikasjon blir opplevd. Mål i prosjektet er å få fram døv ungdom sine eigne meningar og opplevingar kring det å kommunisere gjennom internett og korleis dette kan ha innverknad på kvardagen, det sosiale nettverket og eigen identitet. Av denne grunn vil eg gjerne intervjuer døv ungdom. Informasjon frå intervjuet vil så knytast opp mot relevant sosiologisk teori. Føremålet med prosjektet er å bringe fram ny kunnskap kring dette temaet.

Spørsmåla i intervjuet vil dreie seg om døv identitet og internettkommunikasjon, kontakt døve seg imellom og mellom døve og høyrande. Intervjuet vil gjennomførast på internett gjennom Instant Messaging (msn-messenger) og vil vare ca. ein halvtime.

Det er frivilleg å vere med og du kan trekke deg når som helst undervegs utan å måtte begrunne dette nærmere. Opplysningar om deg vil bli anonymisert og behandla konfidensielt. Eventuelle navn og kallenavn vil bli endra slik at du ikkje kan identifiserast i den ferdige teksten. Om du trekker deg, vil all innsamla informasjon om deg bli sletta. All informasjon blir sletta når oppgåva er ferdig, innan utgangen av 2007.

Om du har lyst å være med på intervjuet, så er det fint om du merker og kopierer den vedlagte samtykkeerklæringa, limer den inn i ein ny e-post, skriver namn, e-post og dato på, og sender den på e-post til [ivareimhjellen@hotmail.com](mailto:ivareimhjellen@hotmail.com). Om du samtykker vil eg om kort tid ta kontakt for å avtale tid for intervju.

Viss det er noko meir du lurer på, så send meg gjerne ein e-post. Du kan og kontakte min vøgleiar Mette Andersson ved Sosiologisk Institutt, Universitetet i Bergen  
[mette.andersson@rokkan.uib.no](mailto:mette.andersson@rokkan.uib.no)

Vennleg Helsing,

Ivar Eimhjellen

**Vedlegg 3: Samtykkeerklæring:**

Eg har mottatt informasjon om studien av døv ungdom og internett og vil stille opp til intervju.

Navn:

Hallo.no-navn:

E-post (msn):

Dato: